

# Er sær skriving ny norsk?

Ei samanlikning av allmennlærerstudentar si rettskriving i b e m lformer

**Irene Lohne Westad**

**Rettleiar**

Elin Gunleifsen

*Masteroppg ava er gjennomf ord som ledd i utdanninga ved Universitetet i Agder og er godkjent som del av denne utdanninga. Denne godkjenninga inneber ikkje at universitetet st r inne for dei metodar som er nytta og dei konklusjonar som er gjort.*

## FORORD

Denne masteravhandlinga er ein del av det toårige masterstudiet i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Agder. Arbeidet med avhandlinga har vore ein lang og lærerik prosess. Det har vore både spennande og krevjande. Det er mange som fortener ein takk for at arbeidet let seg gjennomføre, og for at dei har støtta meg og hjelpt meg gjennom heile prosessen.

Fyrst vil eg takke mine foreldre. Takk til *Mamma* - for at du frå fyrste stund har gjeve meg ei stor interesse for norskfaget. Du er mi personlege ordbok og store inspirasjon. Takk for god hjelp med "språkvasken" av oppgåva. Takk til *Pappa* - for at du i høgste grad deler min "nerdehumor" om språkfeil og rettskrivingsavvik. Du er alltid der når eg treng ei oppmuntring. Det er godt å kjenne støtte frå dykk bae kvar ein dag!

Den største takken fortener *Elin Gunleifsen* - min fantastiske rettleiar! Då du takka ja til å rettleie meg, fall alle brikkene på plass. Takk for inspirasjon, motivasjon og fagleg støtte. Takk for at du alltid fann tid til å treffe meg - når eg kom med kofferten på slep. Du har vist deg å vere ein rettleiar langt utanom det vanlege!

Takk til *Gudlaug Nedrelid* - for gode innspel etter gjennomlesing av avhandlinga før innlevering.

Alle dei positive *studentane* ved allmennlærerstudiet fortener òg ein takk - for at dei så villige let meg få tilgang til tekstene dei hadde skrive. Desse tekstene danna heile grunnlaget for avhandlinga mi.

Eg må òg rette ein stor takk til mitt fantastiske studiemiljø og den inspirerende kollokviegruppa mi - alt samla i ein og same person; *Maya Sandberg*.

Sist, men ikkje minst - takk til min kjære *Audun*. Du viser det gong på gong - du er verkeleg tålmodet sjølv! Eg hadde på *ingen måte* klart dette utan deg...

*Irene Lohne Westad*

Irene Lohne Westad,

Kristiansand, april 2011

## SAMANDRAG

Eg vart merksam ein plakat i gangen på universitetet som meldte at "ALLMENNE LÆRER BØKER SELGES", og han starta det som no er blitt til denne avhandlinga. Eg fatta interesse for allmennlærerstudentar og lurte på korleis det stod til med rettskrivinga hjå framtidige lærarar. Kan hende feilskrivninga i overskrifta på plakaten meldte kvifor bøkene skulle seljast?

Gjennom ein empirisk studie har eg freista å danne eit bilete av kor godt eit utval på 34 studentar frå to klassar på allmennlærerstudiet ved Universitetet i Agder meistrar rettskrivingsnormer i baa målformer. Eg har undersøkt 68 tekster, som desse studentane har skrive. Kvar student har skrive ei tekst på sitt tidlegare hovudmål og ei tekst på det som har vore sidemålet. I allmennlærerstudiet er det baa målformer som gjeld, utan nivåskilnad. Gjennom analyse av desse tekstene håpa eg å kunne svare på hovudproblemstillinga for avhandlinga, som er;

### **Kor godt meistrar eit utval allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder rettskrivingsnormer i baa målformer?**

I analysen av tekstene har eg retta fokus på to ulike feiltypar: *Særskrivning og samansetjing* (i baa målformer, feiltype 1) og *avvik i bøyingsmorfemet i substantiv* (i nynorsk, feiltype 2). Funna i tekstene er kvantifiserte og gjort om til talfesta storleikar. Desse vert drøfta og presenterte i tabellar i avhandlinga.

Avhandlinga er teoretisk plassert i ei forlenging av språkhistoria innan baa målformer. Det er dei fastsette språknormene i dag som er sentrale, og vona er at dei to feiltypane vil kunne gje eit bilete av om desse studentane har internalisert dei fastsette normene og kor godt dei meistrar dei. Vidare høyrer avhandlinga heime under det overordna omgrepet *språkstyring*. Under språkstyringa er det i denne samanhengen særleg *språknormering* og *språkrøkt* som er viktig. Interessene til lesaren er i fokus, og perspektivet til framtidige elevar vert òg sentralt.

Hovudfunna i avhandlinga er desse:

- Det er stor variasjon i kor godt dei 34 allmennlærerstudentane meistrar rettskrivingsnormene.
- Det er flest avvikande særskrivningar og samansetjingar i tekstene på hovudmålet til informantane.
- Det er få samansetjingsavvik i tekstene. Det er ingen klar samanheng mellom avvikande særskrivningar og avvikande samansetjingar.
- Det er mange fleire avvik i feiltype 2 (substantivbøyning) enn i feiltype 1 (særskrivning og samansetjing), men det er likevel ingen klar samanheng mellom mengda på avvik i feiltype 1 og feiltype 2 hjå dei enkelte informantane.
- Alle informantane hadde registrerte avvik innan substantivbøyinga på nynorsk.

## 0.0 INNHALD

### INNHALD

FORORD.....	1
SAMANDRAG .....	2
0.0 INNHALD.....	3
0.1 TABELLISTE .....	6
1.0 PRESENTASJON AV PROSJEKTET .....	8
1.1 TIDLEGARE FORSKING .....	8
1.2 VALFRIDOM .....	10
1.3 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR .....	11
1.4 MOTIVASJON FOR VINKLINGA .....	12
1.5 DISPOSISJON AV AVHANDLINGA .....	13
1.5.1 PLASSERING INNAFOR TEORI.....	13
1.5.2 METODE I AVHANDLINGA.....	13
1.5.3 FUNN AV AVVIK OG ANALYSE AV DEI .....	14
1.5.4 AVSLUTTING .....	14
2.0 SPRÅKSTYRING.....	15
2.1 HISTORIA TIL SPRÅKNORMALANE .....	15
2.1.1 ENDRINGANE I RETTSKRIVINGA OG SAMNORSKTANKEN.....	17
2.1.2 STILLINGA TIL MÅLFORMENE I DAG .....	18
2.2 SPRÅKSTYRING .....	19
2.2.1 SPRÅKPOLITIKK .....	20
2.2.2 SPRÅKPLANLEGGING .....	20
2.2.3 NORM.....	23
2.2.4 AVVIK FRÅ NORMA .....	24
2.2.5 SPRÅKFEIL .....	25
2.2.6 SPRÅKNORMERING .....	27
2.2.7 SPRÅKRØKT.....	27
3.0 METODE OG PRESENTASJON AV MATERIALE.....	29
3.1 INNLEIING.....	29
3.1.1 PROBLEMSTILLING OG OPERASJONALISERING .....	29
3.2 TYPE UNDERSØKING .....	30

3.2.1 HEILSKAPSANALYSE OG DELANALYSE .....	30
3.2.2 KVALITATIV OG KVANTITATIV METODE .....	31
3.3 MATERIALUTVAL .....	32
3.3.1 VAL AV INFORMANTAR .....	32
3.3.2 REPRESENTATIVITET .....	34
3.3.3 DATAMATERIALE .....	36
3.4 PÅLITELEGHEIT OG GYLDIGHEIT .....	37
3.5 GJENNOMFØRING .....	39
3.5.1 FRAMGANGSMÅTE .....	39
3.5.2 SAMTYKKESKJEMA .....	40
3.6 TILKORTKOMING I STUDIET .....	41
3.7 HANDSAMING AV MATERIALET .....	42
3.7.1 FEILTYPAR OG KATEGORISERING .....	42
3.7.2 TELJING OG RETTING .....	44
3.7.3 UTREKNINGAR .....	45
4.0 PRESENTASJON AV RESULTATA OG ANALYSE AV DEI .....	47
4.1 INNLEIING .....	47
4.1.1 GJENNOMFØRING .....	47
4.1.2 MATERIALE .....	48
4.1.3 FRAMSYNING .....	49
4.2 FEILTYPE 1: AVVIK I SÆRSKRIVING OG SAMANSETJING .....	49
4.2.1 KVA ER SÆRSKRIVING OG SAMANSETJING? .....	51
4.2.2 KATEGORISERING .....	52
4.2.3 SÆRSKRIVINGAR .....	55
4.2.4 OPPSUMMERING AV SÆRSKRIVINGAR .....	82
4.2.5 SAMANSETJINGAR .....	84
4.2.6 OPPSUMMERING AV SAMANSETJINGAR .....	91
4.2.7 SÆRSKRIVINGAR OG SAMANSETJINGAR .....	92
4.3 FEILTYPE 2: AVVIK I BØYINGSMORFEMET I SUBSTANTIV .....	95
4.3.1 INNLEIING .....	95
4.3.2 SUBSTANTIVBØYING PÅ NYNORSK .....	96
4.3.3 KATEGORISERING .....	98
4.3.4 AVVIK I BØYINGSMORFEMET .....	102

4.3.5 OPPSUMMERING AV SUBSTANTIVBØYINGA.....	122
4.4 TILHØVET MELLOM FEILTYPANE.....	125
4.5 TO UTVALDE CASE.....	129
4.5.1 TEKST XT1.....	129
4.5.2 TEKST YH2.....	131
5.0 AVSLUTTING.....	134
5.1 BAKGRUNN OG MÅLSETJING.....	134
5.2 PROBLEMSTILLINGANE.....	135
5.3 KVA HAR AVHANDLINGA MI VIST?.....	138
5.4 VEGEN VIDARE.....	138
6. LITTERATUR.....	141
7. VEDLEGGSLISTE.....	146

## 0.1 TABELLISTE

<i>Figur 1</i>	<i>Sentrale omgrep</i>	<i>Side 19</i>
<i>Tabell 1</i>	<i>Instansar i språkplanlegginga</i>	<i>Side 22</i>
<i>Figur 2</i>	<i>Relasjonsmodell</i>	<i>Side 23</i>
<i>Figur 3</i>	<i>Klyngjeutval</i>	<i>Side 34</i>
<i>Tabell 2</i>	<i>Oppgåveval som bakgrunn til tekstmaterialet</i>	<i>Side 36</i>
<i>Tabell 3</i>	<i>Fordeling av bruk av målform i oppgåvene</i>	<i>Side 37</i>
<i>Figur 4</i>	<i>Oversikt over kategorisering</i>	<i>Side 43</i>
<i>Tabell 4</i>	<i>Fordeling av særskrivingar i tekstene</i>	<i>Side 50</i>
<i>Tabell 5</i>	<i>Kategorisering av feiltype 1</i>	<i>Side 53</i>
<i>Tabell 6</i>	<i>Fordeling mellom kategoriane</i>	<i>Side 55</i>
<i>Tabell 7</i>	<i>Oversikt over særskrivingar og frekvensen vist i prosent</i>	<i>Side 56</i>
<i>Tabell 8</i>	<i>Fordeling i substantivsamansetjingar</i>	<i>Side 57</i>
<i>Tabell 9</i>	<i>Kategori A.1.1</i>	<i>Side 58</i>
<i>Tabell 10</i>	<i>Kategori A.1.2</i>	<i>Side 62</i>
<i>Tabell 11</i>	<i>Kategori A.1.3</i>	<i>Side 64</i>
<i>Tabell 12</i>	<i>Kategori A.1.4</i>	<i>Side 65</i>
<i>Tabell 13</i>	<i>Kategori A.1.5</i>	<i>Side 70</i>
<i>Tabell 14</i>	<i>Kategori A.2</i>	<i>Side 72</i>
<i>Tabell 15</i>	<i>Kategori A.3</i>	<i>Side 73</i>
<i>Tabell 16</i>	<i>Kategori B.1 og B.2</i>	<i>Side 75</i>
<i>Tabell 17</i>	<i>Kategori C.1</i>	<i>Side 77</i>
<i>Tabell 18</i>	<i>Kategori D.1</i>	<i>Side 78</i>
<i>Tabell 19</i>	<i>Kategori D.2</i>	<i>Side 79</i>
<i>Tabell 20</i>	<i>Kategori D.3</i>	<i>Side 80</i>
<i>Tabell 21</i>	<i>Kategori D.4</i>	<i>Side 81</i>
<i>Tabell 22</i>	<i>Kategori D.5</i>	<i>Side 81</i>
<i>Tabell 23</i>	<i>Oppsummering av særskrivingar</i>	<i>Side 82</i>
<i>Tabell 24</i>	<i>Tekster med ei særskriving</i>	<i>Side 83</i>
<i>Tabell 25</i>	<i>Fordeling på samansetjingar i tekstene</i>	<i>Side 84</i>
<i>Tabell 26</i>	<i>Kategori E.1</i>	<i>Side 85</i>
<i>Tabell 27</i>	<i>Kategori F.2.1</i>	<i>Side 88</i>
<i>Tabell 28</i>	<i>Kategori F.2.2</i>	<i>Side 88</i>
<i>Tabell 29</i>	<i>Kategori F.2.3</i>	<i>Side 89</i>
<i>Tabell 30</i>	<i>Kategori F.2.4</i>	<i>Side 90</i>
<i>Tabell 31</i>	<i>Kategori F.2.5</i>	<i>Side 91</i>
<i>Tabell 32</i>	<i>Oppsummering av samansetjingar</i>	<i>Side 91</i>
<i>Tabell 33</i>	<i>Hankjønnsbøying</i>	<i>Side 96</i>
<i>Tabell 34</i>	<i>Hokjønnsbøying</i>	<i>Side 97</i>
<i>Tabell 35</i>	<i>Inkjekjønnsbøying</i>	<i>Side 97</i>
<i>Tabell 36</i>	<i>Kategorisering i feiltype 2</i>	<i>Side 98</i>
<i>Tabell 37</i>	<i>Fordeling i hovudkategoriane</i>	<i>Side 99</i>
<i>Tabell 38</i>	<i>Oversikt over avvik i hovudkategoriane i tekstene</i>	<i>Side 100</i>

<i>Tabell 39</i>	<i>Fordeling på substantivavvik i tekstene</i>	<i>Side 101</i>
<i>Tabell 40</i>	<i>Kategori 1.1 og 1.2</i>	<i>Side 103</i>
<i>Tabell 41</i>	<i>Kategori 1.3</i>	<i>Side 104</i>
<i>Tabell 42</i>	<i>Kategori 1.5 og 1.6</i>	<i>Side 106</i>
<i>Tabell 43</i>	<i>Oppsummering hovudkategori 1</i>	<i>Side 107</i>
<i>Tabell 44</i>	<i>Kategori 2.1</i>	<i>Side 108</i>
<i>Tabell 45</i>	<i>Kategori 2.3 og 2.4</i>	<i>Side 109</i>
<i>Tabell 46</i>	<i>Oppsummering hovudkategori 2</i>	<i>Side 110</i>
<i>Tabell 47</i>	<i>Kategori 3.1 og 3.2</i>	<i>Side 111</i>
<i>Tabell 48</i>	<i>Kategori 3.3</i>	<i>Side 113</i>
<i>Tabell 49</i>	<i>Kategori 3.5 og 3.6</i>	<i>Side 114</i>
<i>Tabell 50</i>	<i>Kategori 3.7</i>	<i>Side 115</i>
<i>Tabell 51</i>	<i>Oversikt over hokjønn på -ing</i>	<i>Side 115</i>
<i>Tabell 52</i>	<i>Oppsummering hovudkategori 3</i>	<i>Side 116</i>
<i>Tabell 53</i>	<i>Kategori 4.1 og 4.2</i>	<i>Side 117</i>
<i>Tabell 54</i>	<i>Kategori 4.3 og 4.4</i>	<i>Side 118</i>
<i>Tabell 55</i>	<i>Kategori 4.5 og 4.6</i>	<i>Side 119</i>
<i>Tabell 56</i>	<i>Oppsummering hovudkategori 4</i>	<i>Side 120</i>
<i>Tabell 57</i>	<i>Oversikt over substantiv med to kjønn</i>	<i>Side 121</i>
<i>Tabell 58</i>	<i>Oppsummering av substantivavvik</i>	<i>Side 123</i>
<i>Tabell 59</i>	<i>Tilhøvet mellom feiltypane i tekstene</i>	<i>Side 126</i>
<i>Tabell 60</i>	<i>Totalt tal på avvik hjå kvar informant</i>	<i>Side 127</i>
<i>Tabell 61</i>	<i>Avvik i tekst XT1</i>	<i>Side 130</i>
<i>Tabell 62</i>	<i>Avvik i feiltype 1 i tekst YH2</i>	<i>Side 132</i>
<i>Tabell 63</i>	<i>Avvik i feiltype 2 i tekst YH2</i>	<i>Side 132</i>

## 1.0 PRESENTASJON AV PROSJEKTET

Den norske språksituasjonen er unik på den måten at me har to sidestilte målformer. Heilt sidan dei to målformene vart etablerte, har dei vore diskuterte. Dei har vorte normerte og endra fleire gonger, og dei mange endringane har ført til mykje forvirring og debatt. Med denne bakgrunnen kan ein forstå at det her er mykje å forske på, både når det gjeld målformene kvar for seg og båe sett under eitt. Mange spennande forskingsprosjekt har sett fokus nettopp på det. Dei har mellom anna undersøkt kor godt elevar på ulike klassetrinn meistrar dei kodifiserte normene, etter ulike revideringar.

Emnet for masteravhandlinga mi er avvik i rettskrivinga i båe målformer, og ei samanlikning av avvik mellom dei to målformene, hjå allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder.

### 1.1 TIDLEGARE FORSKING

Tidlegare forskning har vist at det førekjem mange språkfeil i studenttekster (jf. til dømes Vollan 2009). Det kan verke som at mange har reflektert lite over rettskriving, eller dei kjenner ikkje reglane godt nok. Fleirtalet av språkbrukarar i eit Noreg med to obligatoriske målformer, har nynorsk som sidemål. Mange forskarar, mellom anna Fiskerstrand (2008), fokuserer på om elevar på ulike klassetrinn meistrar den nynorske målforma godt nok. Ho ser om den norma eit utval nynorskelevar i den vidaregåande skulen sjølve har internalisert, heng nært saman med den kodifiserte nynorsknormalen. "Undersøkinga viser at elevane ikkje har særleg kjennskap verken til omfanget av valfridommen innan nynorskrettskrivinga, eller systemet med hovud- og sideformer" (Fiskerstrand 2008:118).

Eit anna spennande forskingsprosjekt finn me hjå Vollan (2009). Ho presenterer resultat frå ei forskning om særskriving og andre rettskrivingsavvik i 248 studenttekster, alle skrivne av allmennlærerstudentar. Tekstene er fagtekster, og målforma er bokmål i alle tekstene. Vollan si undersøking "viser at mange studenter særskriver i noen grad, enkelte i stor grad" (Vollan 2009:286). Det er i tillegg "en tydelig samvariasjon mellom særskriving og andre normavvik" (ibid.). Eit døme på dette kjem eg inn på i kategori A.1.4 (i kap.4.2.3), der informant XX2 i særskrivingskategorien med avvikande bruk av bindestrek òg syner

manglande samsvarsbøying. I tillegg vil casestudia i kap. 4.5 peike på at det er fleire andre rettskrivingsavvik i to tekster som har mange særskrivingar.

Rettskrivingsavvik i nynorsktekster kan vere av ein annan karakter enn i bokmålstekstene. Dette kan skuldast haldningar til nynorsk som målform, noko som det òg er forska mykje på. Slettemark (2006) peiker i si masteravhandling på kor viktig det er at opplæringa i nynorsk kjem tidleg i gang, og at det er særst viktig at lærarstudentar får betre opplæring i fagdidaktikk innafor nynorsk. Denne avhandlinga viser òg Fretland (2009) til. Negative haldningar til nynorsk kan byrje allereie hjå lærarane. Dette samstemmer med det Ragnhild Anderson (2007) fann ut. Undersøkinga hennar: "Nynorskkompetanse og haldingar til nynorsk hjå studentar i 'nynorskland'" slår fast at "det ikkje står spesielt oppløftande til med den formelle nynorskdugleiken hjå lærarstudentar i 'nynorskland'" (Anderson 2007:28). Vidare refererer ho frå hovudoppgåva til Nordal (1997), som hevdar at det er grunn til å tru at mange lærarar ikkje kan skrive nynorsk, og at somme til og med har motvilje mot den nynorske målforma. Lærarutdanninga omtalast som uklar, og krava til undervisninga er ikkje tydelege (Anderson 2007:29).

Resultat av desse forskingane kan knyttest saman med undersøkinga mi, men ho skil seg frå dei og har eit anna fokus. I dei andre forskingsarbeida er *ei av målformene* hovudfokus. Men eg vil i mi forsking sjå på *båe målformer* parallelt. Eg vil heller ikkje undersøke haldningar til den eine eller andre målforma, men dra nytte av resultatane til dei andre forskarane her. Mitt prosjekt både stør seg på og utfyller tidlegare forskning.

Eg vil sjå nærare på korleis allmennlærarstudentar i sitt fyrste studieår handsamar rettskrivingsreglane innafor båe målformer. Alle studentane som er med i undersøkinga, har hatt bokmål som hovudmål i grunn- og vidaregåande skule. Dette gjev eit godt grunnlag for ei truverdig samanlikning av rettskrivinga målformene imellom. Nynorsken vert ofte stempla som vanskeleg, mykje grunna den tevlinga målformene har med kvarandre. Særleg den siste revideringa av bokmål, i 2005, har gjeve det ein mykje enklare bygnad morfologisk sett og dermed gjort det mindre formrikt enn nynorsk (Vikør 2007:209, 212). No ventar me på den nye nynorsknormalen òg. For at dei nye revideringane skal verte implementerte hjå språkbrukarane, er det i fyrste omgang særst viktig at lærarar og lærarstudentar får implementert dei nye normalane, slik at dei kan vidareførast til elevane.

I avhandlinga mi vil eg samanlikne studenttekster skrivne på båe målformer, for å vurdere rettskrivinga og sjå korleis studentane meistrar språknormene som er fastsette. Eg kjem ikkje til å kommentere god og dårleg språkføring innafor nokon av målformene, men eg

vil kommentere rettskrivinga totalt sett. Eg vil sjå om dei same rettskrivingsfeila finst i b e m alformer, eller om det er heilt andre feiltypar som dominerer i ei av m alformene.

Studentane representerer framtidige l ararar. Dette gjev avhandlinga eit spennande perspektiv og knyter ho saman med liknande unders okingar, som til d omes Anderson (2007). Studentane f ar eit stort ansvar i   lære vidare spr aknormene til sine komande elevar. Eg knytar forskinga mi til denne studentgruppa og deira framtid som l ararar, og slik f ar avhandlinga ei didaktisk vinkling.

Avhandlinga er i teoretisk samanheng plassert under felte spr akplanlegging, spr aknormering og spr akr okt. Det er s arskilt spr akr okta som vil vere sentral. I kapittel 2.2.7 kjem eg n arare inn p  korleis spr akr okta legg ei einssidig vekt p  lesarane sine interesser. Den valde informantgruppa vil - i framtida - ha elevar som lesarar, og dei f ar eit stort ansvar i   f re spr aknormene vidare til elevane. Avvik vil skape st oy i kommunikasjonen, jf. ideal om "st oyfriheit", som vert omtalt i kap. 2.2.7, og vil verke inn p  vidaref oringa av spr aknormene innan b e m alformer. Om tekstmaterialet viser seg   innehalde mange avvik i rettskrivinga, vil spr akleg r adgjeving vere naudsynt, ein faktor som  g fell inn under spr akr okta. S jelve teorikapitlet, kapittel 2, byggjer p  spr aknormalane og dei normene ein forventar at allmennl ararstudentar skal kjenne til og ha internalisert.

## **1.2 VALFRIDOM**

Valfridomen i m alformene har f ort til b ade glede og forvirring. Revideringane er mange og hyppige. Det kan tyde p  at mange l ararar vert sitjande fast i gamle reglar og ikkje vert oppdaterte etter siste revidering. Dette er Omdal (2004b:31) sitt inntrykk (jf. kapittel 3.3.1). Valfridomen kan  g forvirre elevane. B ade Aanes (2009) og Fiskerstrand (2008) har unders okt om elevane kjenner til den valfridomen som s erleg den nynorske m alforma opnar for. Mykje tyder p  at dei ikkje har full oversikt. Kjenner ein til valfridomen, og r ar over den, st ar ein mykje friare i val av skriftnormal og kan knyte spr aket n arare sin eigen dialekt.

Fretland (2009) viser i sin artikkel i "Spr aknormering - i tide og utide?" til Askedal (2007). Askedal hevder at nynorsken, p  grunn av sin store valfridom, st oyter fr  seg den aller st orste gruppa av nynorskbrukarar som finst blant ungdom, nemleg dei som nyttar nynorsk som sidem al, sekund arbrukarane. Alle mine informantar har hatt nynorsk som sidem al tidlegare, og det blir interessant   sj a om valfridomen ser ut til   p averke dei slik Askedal (2007) hevder. I kap. 4.3.4 vil eg peike p  at fleire er utrygge p  valfridomen som gjeld dei substantiva som kan ha to kj onn p  nynorsk. D a nyttar mange informantar b ade hankj onns- og hokj onnsendingar for det same ordet i ei og same tekst. Avhandlinga mi har ikkje same fokus

i høve til valfridomen, som me finn hjå Aanes (2009) og Fiskerstrand (2008), men ho byggjer på resultatane frå desse forskingane.

### 1.3 FORMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Mi oppfatning samsvarar med forskingsresultata eg har omtalt, eit inntrykk som syner at både elev- og studenttekster inneheld mange rettskrivingsavvik. Avhandlinga mi har eit overordna mål om å samanlikne rettskrivinga i baa målformer. Eg ville undersøke dette, for å sjå om dei same avvika var å finne i baa målformer. Ut frå desse tankane, fekk eg ideen om å undersøke tekster skrivne på baa målformer av studentar på allmennlærerstudiet ved Universitetet i Agder. Eg ville nytte bokmålstekstene som sjekkgrunnlag for nynorsktekstene. Studentane har skrivne to tekster kvar, ei på bokmål og ei på nynorsk. Med desse som utgangspunkt ville eg sjå om dei same feiltypane kom fram i baa målformer, eller om nokre feiltypar skilde seg klart ut i nynorsktekstene.

Alle studentane i utvalet mitt har hatt nynorsk som sidemål, og dette gjev meg ein hypotese om at nynorsktekstane vil vere mykje dårlegare når det gjeld rettskriving. "Sidemål" er den målforma studentane hadde som sidemål på vidaregåande skule, og av praktiske årsaker brukar eg den termen her òg. Dei kan òg kallast sekundærbrukarar, jf. Askedal (2007). Studentar har ikkje hovud- og sidemål, sjølv om dei kan hende oppfattar det sånn. Men dei har ei målform dei primært brukar, og den andre målforma vert då sekundærmålforma. Hypotesen om at nynorsktekstene er dårlegare er mellom anna knytt til Sandøy (1998:165): "Vi må nok alltid finne oss i fleire morfologiske feil i nynorsken enn i bokmålet pga. at han har ein meir komplisert morfologi. Slik vil det vere sjølv den dagen nynorsken står sterkare i samfunnet". Dette viser Omdal (2004b:108) til. Denne hypotesen eg vil kome attende til i drøftinga i kapittel 4. Han har òg lege til grunn for det samanliknande perspektivet i problemstillingane.

Eg har valt å undersøkje to ulike feiltypar, ein feiltype som finst i tekster på baa målformer - og ein feiltype som meir inngåande kan vise kor trygge informantane er i sidemålet sitt. I kapittel 3.7.1, "Feiltypar og kategorisering", vil eg grunngje kva feiltypar eg har valt ut og lagt vekt på.

Mitt fokus for tekstanalysen måtte endrast undervegs. Etter å ha jobba meg gjennom studenttekstene, vart det klart for meg at eg ikkje kunne ha eit tilnærma einskilt fokus på nynorsktekstene, og berre nytte bokmålstekstene som sjekkgrunnlag og ei form for "fasit". Gjennomlesinga har vist at rettskrivinga i mange av bokmålstekstene er vel så dårleg som

nynorsktekstene. Eg vil difor sjå på kva for feil som er framtreddande i dei to målformene - og samanlikne dei. Gjennom avhandlinga mi freistar eg i hovudsak å svare på følgjande problemstilling;

### **H1 - Kor godt meistarar eit utval allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder rettskrivingsnormer i både målformer?**

Problemstillinga vert vidare konkretisert i tre underordna problemstillingar:

U1 - Meistarar informantane dei fastsette normene i høve til avvika særskriving og samansetjing (både målformer) og bøyning av substantiv (nynorsk)?

U2 - Har informantane merkbar fleire avvik i ei av målformene, og kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet?

U3 - Kva kan funna i feiltypane fortelje om denne studentgruppa?

## **1.4 MOTIVASJON FOR VINKLINGA**

Eg har stor interesse for den studentgruppa eg har henta informantar frå, sidan eg har eit mål om å undervise sjølv. Når eg har valt å sjå på kor godt grep desse allmennlærerstudentane har om språknormalane og normene for rettskriving i både målformer, er ikkje dette med eit mål om å kunne dra allmenne slutningar for alle allmennlærerstudentar. Eg ynskjer å gje eit korrekt bilete av kor godt dei valde informantane meistarar rettskrivinga i to konkrete tekster kvar, ei på kvar målform. Det finst fleire liknande undersøkingar, og eg vonar at avhandlinga mi kan vere eit supplement til desse. Men ho skil seg frå dei andre sidan både målformer er rekna med. Det er denne samanlikninga mellom målformene som skal liggje til grunn.

I likskap med informantane har eg òg hatt bokmål som hovudmålform. Men eg har "eit hjarte for" nynorsk òg, så eg vert stadig forundra over kor negative mange er til sidemålet sitt. Men denne avhandlinga handlar ikkje mest om haldningar til sidemålet eller sekundærmålet, for mange andre forskarar har hatt den vinklinga. Likevel trur eg at mange presterer dårlegare i sidemålet sitt, fordi dei har ei negativ innstilling til det (jf. skriv frå Noregs Mållag<sup>1</sup>). Eg vil òg freiste å finne ut korleis denne studentgruppa kan ha innverknad på språkkunnskapane hjå sine framtidige elevar. Difor ynskjer eg, som nemnt før, å undersøkje tekster skrivne av komande lærarar, på både målformer. Eg vonar at det stillbiletet eg gjev av studentane si

---

<sup>1</sup> Øvregård (08.07.2010) <http://www.nm.no/tekst.cfm?id=3139>

rettskriving i b e m alformer, kan seie noko om kva grep ein m a ta b ade i vidareg aande skule og allmennl ararstudiet for   sikre at framtidige l ararar f ar godt grep om dei spr aknormene dei skal undervise i. Funna mine kan i s  m ate peike p a forslag til vidare forskning, som avhandlinga mi kan opne for innan dette spennande emnet. Dette kjem eg attende til i kap. 5.4.

## **1.5 DISPOSISJON AV AVHANDLINGA**

### **1.5.1 PLASSERING INNAFOR TEORI**

Eg vil starte med   plassere avhandlinga i rett teoretisk samanheng. Her vil det overordna omgrepet *spr akstyring* vere sentralt, samt dei meir konkrete omgrepa *spr akpolitikk*, *spr akplanlegging*, *spr aknormering* og, s rleg sentralt, *spr akr okt*. Eg vil fyrst presentere historia til b e spr aknormalar, med eit blick p a dei mange rettskrivingsendingane historia omfattar. Dei mange revideringane av b ade bokm al og nynorsk har styrt normalane n rare kvarandre, ut fr a det overordna m alet om   sameine normalane til  in spr aknormal.

Alle revideringane har f ort til stor valfridom i b e normalar, ein valfridom som i dei seinaste revideringane er fors okt stramma inn. Valfridom kan ha klar innverknad p a rettskrivingsavvik. Eg vil ikkje berre dr fte rettskrivingsavvika ut fr a dei utfordringar som valfridomen og dei mange revideringane kan gje studentane, men  g ut fr a eit didaktisk perspektiv. D a tenkjer eg s rleg p a utfordringa som alle allmennl ararstudentar ein gong vil f a, n r dei skal undervise i b e m alformer. Med denne samansette teoribakgrunnen vil eg unders okje tekstene.

### **1.5.2 METODE I AVHANDLINGA**

Under dette kapitlet vil sj lve studenttekstane og granskinga av dei st a sentralt. Eg har valt   unders oke autentiske tekster, skrivne av allmennl ararstudentar. Eg vil g a n ye gjennom korleis eg har valt ut informantane og samla inn tekstene. Eg vil forklare kva type tekster det er og korleis dei vart til. Eg vil vise korleis eg har analysert dei, korleis eg har valt ut og kartlagt feiltypar. Eg fokuserer p a to hovudkategoriar av feiltypar: *s rskriving* og *samansetjing* i tekster p a b e m alformer og *b ying av substantiv* i nynorsktekstene.

I avhandlinga har eg valt   setje fullstendige internettadresser eg refererer til i laupande tekst i fotnotar. Dette vil fjerne un dig "st y" i den laupande teksta, men samstundes knyte riktige kjelder til sitata. Eg vil  g nytte tal i staden for bokstavar i omtalen og dr ftinga av avvika, sj lv der tala er l gare enn tretten. Dette vil gjere talet p a avvik tydelegare, der dei ulike tala er hovudfokus i presentasjon og dr fting.

### **1.5.3 FUNN AV AVVIK OG ANALYSE AV DEI**

Her vil eg presentere resultatane frå tekstanalysane og drøfte dei ut frå problemstillingane. Ved å ha fokus på to hovudkategoriar av feiltypar, vil eg få høve til å gå meir "i djupet". Eg vil plukke ut nokre funn for nærmare omtale og drøfting. Saman med presentasjon av funna i båd feiltypar vil eg freiste å trekkje faglege konklusjonar og sjå etter moglege årsaker til at studentane skriv dei feila som dei gjer. Eg vil freiste å finne mønster for avvika i båd kategoriar. Gjennom dette vil eg kunne svare på hovudspørsmåla i undersøkinga, på bakgrunn av den faghistoriske plasseringa.

### **1.5.4 AVSLUTTING**

Til slutt vil eg oppsummere båd drøftinga og funna frå analysen og setje dei opp mot spørsmåla eg har stilt som utgangspunkt for undersøkinga. Eg vil òg trekkje linene i oppgåva som heilskap og setje dei viktigaste funna og drøftinga av dei saman med teorigrunnlaget oppgåva er bygd på. Eg vil samstundes sjå kva i avhandlinga som kan danne grunnlag for vidare forskning og framtidige undersøkingar, med litt andre vinklingar.

Språkets elv renn utan opphald  
vidare; om straumen er roleg  
eller stri, betyr ingenting.  
*Ferdinand de Saussure*  
(Torp og Vikør 2006)

## 2.0 SPRÅKSTYRING

Oppgåva fell inn under omgrepet 'språkstyring' på fleire måtar. Dette er det overordna omgrepet, "som samlar alle nyansane i seg" (Omdal og Vikør 2002:17) og kan delast i svært forskjellige typar aktivitetar. Desse vil eg sjå nærare på etter ei gjennomgang av språkhistoria, der språkstyring har gjort seg utslag på ulike måtar.

## 2.1 HISTORIA TIL SPRÅKNORMALANE

Et selvstændigt norsk Kulturmaal er ikke opnaaet. Derimod har vi faaet to Sprog. Deraf er det ene norsk, men endnu intet udformet Kulturmaal, medens det andet vistnok er Kulturmaal, men endnu ikke "selvstændigt norsk".

(Arne Garborg 1897, i Haugen 1966:1–2)

Norsk språkhistorie er spesiell; våre to skriftnormalar er unge, og båe har gått gjennom fleire revideringar. For å kunne setje avhandlinga mi inn i rett samanheng vil eg sjå nærare på språkhistoria, den vitenskapen som handlar om endringane og utviklinga i språket og samfunnet (Torp og Vikør 2003:13). Sidan bokmål og nynorsk er to ulike utbyggingspråk, to skriftlege varietetar av det same språket, har normeringa av dei "lege til ei felles statsmakt, og vore driven i fellesskap, delvis kvar for seg" (Vikør 2007:58).

Ulikskapen mellom dei to målformene kjem av "uenighet om hvilken sosialt, sekundært geografisk, definerte språkbrukskultur som skulle/skal være normsettende" (Wiggen 2007:205). Bokmål og nynorsk har med andre ord kvar sitt problematiske opphav og eit minst like problematisk forhold til kvarandre og til talemålet. I følge Vikør (2007:69) er det bruken av språket som formar det. Gjennom bruken av dei har båe målformer utvikla seg til naturlege språk dei siste to hundreåra.

Heilt sidan dei to språknormalane i Noreg tok form, har det blitt gjennomført hyppige revideringar innafor dei båe. Bokmålet gjekk gjennom si siste revidering i 2005, og nynorsknormalen vert revidert i desse dagar, etter at Språkrådet i 2009 fekk klarsignal frå Kultur- og Kyrkjedepartementet om å setje i gang arbeidet. Den nye normalen skal tre i kraft i august 2012. Den største endringa etter siste bokmålsrevidering er fjerninga av det såkalla

tonivåsystemet som vart innført i 1938, med ein *læreboknormal* med berre hovudformer, og ei *rettskriving* med både hovud- og sideformer. Dette systemet skal no fjernast i nynorsk òg, og den nye normalen skal verte tydeleg, enkel og stram, utan sideformer (St.meld. nr. 35 (2007–2008) s. 36).

Det norske skriftspråket, generelt sett, er eit ungt språk. Landet vårt har ei lang historie utan sjølvstende, og fyrst på midten av 1800-talet kom dei fyrste forsøka på å lage eit norsk skriftspråk. Målet var å få eit eige språk i Noreg, som kunne erstatte dansk. Medan landsmålet vart "fødd" i 1853, med Aasen sine *Prøver af Landsmaalet*, kan ikkje bokmålet tidfestast på same måte. Bokmålet voks fram frå to røter, ei rot i det danske skriftspråket og ei rot i den norske talen (Lundeby, i *Språknytt* 1/1997).

"Landsmålet hadde sitt avgjerande *politiske* gjennombrøt i 1885, da det vart formelt jamstilt med dansken" (Torp og Vikør 2006:205). Ti år seinare var landsmålet eit vanleg bruksspråk i samfunnet. Det vart innført som skulemål, mest i "det nynorske kjerneområdet"; det vil seie landsbygda på Vestlandet, mange fjellbygder, deler av Agder og i Trøndelag. Utbreiinga til landsmålet kravde stor velvilje både frå Stortinget og dei "bygdeintellektuelle", då særskilt lærarane (ibid.).

Kamporganisasjonen *Noregs mållag* vart skipa i 1906, fire år etter at landsmål var blitt obligatorisk på lærarskulen, anten som hovudmål eller valt sidemål. I 1907 vart òg gymnaset pålagt å innføre landsmål på same vis. Dette ga håp om ei jamstilling målformene imellom. Ein kunne godt tru at det helst var skulekrinsane på Austlandet som kjempa aktivt mot ei slik jamstilling. Men i det Vestnorske kjerneområdet jobba dei minst like hardt for å få reine landsmålsskular. Dei vann fram nokre stader, og dei gymnasa der landsmålet dominerte fekk namnet *landsgymnasa* (Torp og Vikør 2006:206). Stortinget vedtok nemninga "nynorsk" i 1929, parallelt med nemninga "bokmål", og desse har sidan vore nemningane på målformene i landet vårt.

Alle statstilsette som var født etter 1905, fekk i Mållova av 1930 eit pålegg om å bruke baa målformer. Norsk rikskringkasting førte til eit løft for nynorsken etter skipinga i 1933. No fekk nynorsken sitt inntog i media. Det har sidan 1970 vore eit krav at NRK skal sende minst 25 % av sendingane sine på nynorsk, sjølv om dei framleis har problem med å oppfylle kravet.

Avstandane mellom dei ulike endringane av språknormene i Noreg er tidsmessig relativt korte. Sidan ynsket om eit eige norsk språk var så høgt, ser me i historia at det norske språksamfunnet i stor grad har godteke endringane. Dette er mellom anna eit resultat av den offisielle språkpolitikken, som eg kjem meir inn på seinare, om å nærme dei to målformene til

kvarandre. Grunna dei hyppige endringane, har me i Noreg eit lite fast og "satt" skriftspråk (Omdal 2004b:14). Haugen (1966:1) omtalar det slik:

I dag har det [red. Noreg] to konkurrerende språk, og ikke noe av dem er stabilt. Det ene gjør krav på å være mest kultivert, det andre mest nasjonalt. For den jevne nordmann har dette den forvirrende virkning at han ikke er helt sikker på om han, språklig sett, kan greie å være begge deler.

### 2.1.1 ENDRINGANE I RETTSKRIVINGA OG SAMNORSKTANKEN

Båe språknormalar har vorte reviderte fleire gonger. Rettskrivingsreforma i 1917 var ein av dei store, og ho omfatta båe målformer. "For første gong var tilnærming til bokmålet no ei av hovudmålsetjingane for ei rettskrivingsreform"<sup>2</sup>. Dette skulle vise seg å vere ei målsetjing som ville vare ved i mange tiår. Rettskrivinga var todelt. Grunnstamma var mange obligatoriske endringar, og dei vart gjennomført av alle. Ho opna i tillegg for ein stor valfridom, som særskilt førte normalen nærare dei radikale og bokmålsnære austlandsdialektane. Desse formene vart for det meste ikkje tatt i bruk i skrift.

Med 1938-reforma vart det innført eit system "med ein læreboknormal (med intern valfridom på enkeltpunkt) og ei rekkje klammereformer som skulle vera valfrie kvar for seg" (Språkrådet 2002:16). No ynskte ein å skjere ned på valfridomen frå 1917-normalen. Samstundes var hovudmålsetjinga den same, ein ynskte å tilnærme målformene til kvarandre. Rettskrivingsstrukturen frå 1938 har meir eller mindre stått ved lag til dei siste revideringane på 2000-talet.

Tilnærminga bremsa i etterkrigstida. Nynorsken fekk ein tilbakegang som skulespråk, og riksmålsrørsla prega striden i 50-åra. *Norsk språknemnd* vart skipa i 1952, med det føremål "å arbeida for tilnærming mellom målformene på norsk folkemåls grunn" (Språkrådet 2002:17). Språknemnda fekk i oppdrag å justere rettskrivinga frå 1938. I 1959 fekk me resultatet, ein ny læreboknormal. Ein meinte at læreboknormalen frå 1938 hadde for mange hovudformer, og no ville ein gjere mange av dei til sideformer, eller å ta dei ut av språket. Talet på jamstilte former vart innskrenka, og valfridomen vart kraftig utvida.

Saman med alle endringane av skriftnormalane har det vore mange språkstridar, kor ulike leirar har representert motstridande syn. I denne avhandlinga er det ikkje fruktbart å gå inn på dei alle. Men samnorskstriden er sentral, sidan den handlar om tilhøvet mellom målformene og kan forklare korleis språksituasjonen i Noreg har utvikla seg.

---

2 Vikør (1998) <http://sprakradet.no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Nynorskrettskrivinga-pa-1900-talet/>

Det var fyrst eit stort ynskje og mål om at Noreg skulle få *eit eige språk* som erstatning for det danske. Etter at dei to målformene voks fram, har det blant mange vore eit like stort ynskje at bokmål og nynorsk skulle sameinast til *eitt norsk språk*. Dette målet kan i stor grad oppsummere historikken. Vidare følgjer ei sterk forankring nasjonalt for både skriftnormalar, med ulike unionar og ulike reformer.

Tilnærming mellom målformene er ikkje noko mål lenger. Samnorskpolitikken har utan tvil vore ein intens strid i språkhistoria og prega rettskrivingsendingane gjennom heile 1900-talet. Mellom anna har han gjeve folkelege former større prestisje, sjølv om det er delte meiningar om dette er positivt eller ikkje (Torp og Vikør 2006). Om me ser denne politikken i samanheng med undervisninga i skulen, er det interessant at ein ikkje lenger arbeidar for å sameine målformene. I undervisninga kan ein då nytte andre metodar i nynorskopplæringa. I følgje Askeland og Falck-Ytter (2009:12) har det vore vanleg å rette fokus mot ordforrådet og grammatikken som skil målformene. Det har òg vore vanleg å nytte målføra som ein slags innfallsport for å lære nynorsk. Tillet ein seg å tenkje at målformene er ulike, opnar ein for å hente metodar frå til dømes undervisninga i framandspråk for å undervise i sidemålet.

Både Norsk språknemnd og Norsk språkråd var tufta på meir eller mindre den same offisielle politikken om tilnærming mellom målformene. Fyrst i 2005 avvikla Stortinget denne politikken. Samstundes vart Norsk språkråd omdanna til Språkrådet, eit nytt råd med nye oppgåver og ny struktur (Fretland 2009:133).

Oppsummert kan me saman med Vinje (2002:17) slå fast at språkhistoria heller ikkje gjev eit klart haldepunkt om kva som er korrekt språkbruk. For "det som ble avvist i går, kan være akseptabelt i dag" (ibid.). Utviklinga i både målformer skjer ved at "språkfeil", avvik frå norma, får større utbreiing, og ei ny norm vil oppstå. Grammatikken må rette seg etter bruken, ikkje motsett. I gjennomgangen av funna i kap. 4 vil me sjå nokre feilkategoriar i særskrivinga der mange gjer dei same feila. Stor oppslutting om same feiltype kan få ein til å undre seg om desse avvika vil verte den nye norma etter kvart, eller om det er mogleg å snu det som kan sjå ut som ein byrjande særskrivingstrend. Hoaas (2008:103) meiner at det rette spørsmålet å stille ikkje berre er kva som er årsaka til særskrivingstrenden, men kva me kan gjere for å stoppe han. I den samanhengen er kartlegging av avvika, som i denne avhandlinga, viktig. Då kan me " forsøke å se hva det kan si oss om manglende morfologiske og syntaktiske kunnskaper hos språkbrukerne" (ibid.).

### **2.1.2 STILLINGA TIL MÅLFORMENE I DAG**


Bokmål er i dag den mest nytta målforma. Omlag 85–90 prosent av nordmennene nyttar

bokmål i skrift, medan nynorsk vert nytta av dei resterande 10–15 prosentane, då mest på Vestlandet og i områda rundt. Undersøkingar viser at fleire enn desse 10–15 prosentane er positive til nynorsk, men den "nynorske lekkasjen" bidreg til at prosenttala er låge. Denne "lekkasjen" er forklaringa på at mange bytter frå nynorsk til bokmål på vidaregåande skule, og somme fyrst når dei startar på høgare utdanning (Askeland og Falck-Ytter 2009:12–14). Ein av informantane bak tekstmaterialet mitt har skrive som ekstra informasjon på samtykkeskjemaet at ho bytta hovudmålform frå nynorsk til bokmål ved starten av vidaregåande skule. (Dette var ikkje informasjon eg spurde etter, men det er sannsynleg at fleire av dei 34 informantane har gjort det same.)

I Stortingsmeldinga "Mål og meining" (St.meld. 35 (2007–2008)) vert nynorskens stilling i dag drøfta. Her vert mellom anna den "nynorske lekkasjen" nemnt. I dag er det rimeleg å anta at kvar tredje nynorskelev vil skifte målform før dei vert 20 år. Samstundes er det fleire som vel ikkje å skifte til bokmål, men som held fram å vere nynorskbrukarar. I "Mål og meining" presenterer Stortinget klare tal over "nynorskkommunar" og "bokmålskommunar" i Noreg, altså kommunar som har den eine eller andre målforma som rådande målform. Det er (i 2008) 114 nynorskkommunar i landet. I tillegg står 157 kommunar fram som språkleg nøytrale. Desse 271 kommunane "utgjer 63 prosent av alle kommunar i landet og har til saman nærare 60 prosent av folketalet" (St. meld. 35 (2007–2008):200–201).

Vidare vert det i stortingsmeldinga drøfta om det å rekne seg som språkleg nøytral kan vere eit uttrykk for språkleg respekt og toleranse. Både nynorsk og bokmål er offisielle skriftspråk i Noreg (saman med dei tre samiske språka), sidan dei er verna av lover. Nynorsk er formelt jamstilt med bokmål, men vert høveleg omtala som "eit mindre brukt språk" (eng. Lesser-Used Language) i "Mål og meining" (Askeland og Falck-Ytter 2009:17–19).

## 2.2 SPRÅKSTYRING



Figur 1: Sentrale omgrep (Omdal og Vikør 2002:16)

Språkhistoria gjev eit klart bilete av den språkpolitikken som lenge har vorte ført i Noreg. Eg tykkjer likevel at ei presisering vil vere naudsynt. Figur 1 syner tilhøvet mellom dei sentrale omgrepa som eg vil nytte for å omtale språksituasjonen i Noreg, med *språkstyring* som overordna og samlande omgrep.

### 2.2.1 SPRÅKPOLITIKK

Språkpolitikk handlar om kva for nokon organ og instansar som tek avgjerder om språkbruket til andre. Språkpolitikken vil til ulike tider fargast av dei verdiane, prinsippa og teoriane som ligg til grunn for avgjerdene, og dette kan vidare endrast gjennom historia (Vikør 2007:48). Sjølve omgrepet *språkpolitikk* kjem frå det engelske omgrepet *language status planning*. Ut frå dette vil språkpolitikk vere "politiske tiltak for å påverke språktilhøva ute i samfunnet, det sosiale forholdet mellom ulike språk og språkvarietetar" (Omdal og Vikør 2002:17).

Gjennom 1900-talet har departementale språkrådgivingsorgan fastsett språknormene våre. Omdal (2004b) omtalar språkklimaet i Noreg som ope. I prinsippet er det mogleg å styre språkutviklinga slik politikarane eller språkplanleggarane ynskjer. Alle vedtak frå politisk hald, som på ulike måtar freistar å styre språket, er døme på språkpolitikk. Me finn mange konkrete døme på at politikarane har gått aktivt inn i ulike språkspørsmål. Dei har freista å styre utviklinga i bestemte retningar. "Jamstillingsvedtaket" frå 1884 er eit godt døme på at politikarane gjekk inn for å styrkje rettane til den nynorske målforma (landsmål). Frå nyare tid står Stortingsmeldinga "Mål og meining - Ein heilskapeleg norsk språkpolitikk" i ei særstilling. Ho viser at politikarane framleis går inn for å styrke tilhøva til den nynorske målforma (Fiskerstrand 2008:13). Med andre ord er språkpolitikken i stor grad framleis knytt til sambandet mellom dei to målformene.

I dag er det *Språkrådet* som har tatt over for det språkpolitiske organet *Norsk språknemnd*. Dei språkpolitiske interessene som ligg til grunn for Språkrådet sitt arbeid, handlar i stor grad om utdanning og om språket som hovudreisepunkt, forutan haldnings- og informasjonsarbeid. "Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet" (Språkrådet 2010), og difor er det kulturministeren som utnemner styret i Språkrådet.

### 2.2.2 SPRÅKPLANLEGGING

Til høgre i Figur 1 finn me *språkplanlegging*, som er eit overordna punkt for både *språknormering* og *språkrøkt*. Språkplanlegging er eit stort og viktig emne, sjølv om "alle språk forandrar seg - uansett planlegging eller ikkje" (Vikør 2007:13). Språkplanlegging gjeld

enkeltspåk, eller i vår samanheng to enkeltspåk (Vikør 2007:54). Spåkplanlegginga i Noreg er internasjonalt kjend for å vere demokratisk og vellukka. Dei mange og hyppige endringane på 1900-talet har gjort dei norske spåknormene ferske og lite stabile, og mykje kan tyde på at skriftspåket ikkje heilt og fullt "har sett seg". Spåkplanlegginga har likevel medvite styrt utviklinga innan båe målformer (Omdal 2004b:14). Utfordringa i å veksle mellom to skriftspåksvariantar har gjeve norsk spåkplanlegging ei spesiell form, prega av dei sosiale og historiske tilhøva i landet.

Sjølve ordet *spåkplanlegging* er relativt nytt. Den norsk-amerikanske spåkforskaren Einar Haugen innførte omgrepet i USA på 1950-talet, og han nytta det til å framstille det norske spåkspørsmålet (Vikør 2007:13). I 70-åra utvikla *spåkplanlegging* seg til ein eigen fagdisiplin, som etter kvart har blitt meir sjølvstendig. I følgje Wiggen (2007:208) er det ikkje spåket i seg sjølv som er det mest sentrale i spåkplanlegginga. Spåket er til for *menneska* og skal brukast av dei, difor er *dei* det mest sentrale i planlegginga.

Haugen (1966:15–20) viser til viktige fasar i spåkplanlegginga. Den fyrste er å *velje ei norm* å byggje vidare på. Då kan ein anten velje ei heilt ny norm, eller gå inn for å modifisere ei som er gammal. I det siste tilfellet vil spåkplanleggjarane truleg fatte mange ubehagelege vedtak. Ved å velje ei spåkform i staden for ei anna, vil spåkplanleggjarane kunne bli skulda for "å favorisere" dei spåkbrukarane som allereie nyttar den valde spåkforma. I nokre tilfelle vil den beste løysinga heller vere å konstruere ei ny norm. Vidare må norma *kodifiserast*. Ein må fastsetje formelle rettskrivingsreglar og det tekniske apparatet, slik at norma kan brukast. Så må norma *byggjast ut*, for at ho skal dekke spåkbrukarane sine behov. Til slutt må norma få si *godkjenning frå språksamfunnet*, rett og slett ved at norma vert teken i bruk. Saman med dei momenta Haugen skisserer her, er det viktig at spåkbrukarane får høve til å evaluere vedtaka og endringane i spåknorma. I likskap med spåkpolitikken, vil måla for spåkplanlegging vise seg å vere særskilte ulike. Dei vert forma av interessene bak planlegginga. Ein kan vanskeleg tenkje seg ei verdinøytral spåkplanlegging (Vikør 2007:42).

All spåkplanlegging har ei grunnleggjande oppgåve og ei stor utfordring: Det handlar om å følgje med i utviklinga i spåket til kvar ei tid. Ein står fort i fare for å sitje "att med eit sterilt "korrekt" spåk som ingen faktisk bruker" (Omdal og Vikør 2002:57).

Spåkplanleggjarane ynskjer å styre og påverke spåkutviklinga slik at ho møter behova til spåkbrukarane på ein tilfredsstillande måte, så dei kan vere opne for å internalisere nye spåknormer. Då er det viktig å leggje eit samanhengande verdisyn, teori og mål for planlegginga til grunn, og vere i stand til å ta gode avgjerder, ved å vege dei ulike omsyna ein må ta, opp mot kvarandre. Med andre ord må all spåkplanlegging "basere seg på eit

grunnleggande språksyn og samfunnssyn - og på ei eller anna form for gruppetilhøgrheit" (Vikør 2007:43). Ei verdinøytral språkplanlegging er ikkje tenkeleg, og ulike verdisyn kan sporast att i debattane. For at språkbruken og språkhandlingane skal kunne endrast over tid, må det vere ein "klangbotn" for det i samfunnet. Endringane må finne støtte i ei mentalitetsendring i samfunnet og "vere på parti med utviklinga" (Torp og Vikør 2006:232–233).

I eit språksamfunn er det fleire instansar eller organ som driv med språkplanlegging. Peder Skyum-Nielsen sette i 1979 opp følgjande liste over dei instansane, ut frå dansk målestokk, som han meiner i ulik grad er normgivande. Skyum-Nielsen har sortert dei ulike instansane frå dei minst autoritative (øvt) til dei mest autoritative (nedst). Lista er henta frå Vikør (2007:125):


a. Lægmand
b. Arbejdspladsen (kontoret)
c. Tekstbehandling
d. Takt og tone-bøger
e. Sprogpolitiske interessegrupper
f. Skolen
g. Reklame, annonsering
h. Forlag
i. Journalister
j. Diverse freelance-konsulenter
k. Forskellige kommunikationskurser
l. Radioens Sprogudvalg
m. Statens Informationstjeneste
n. Sprogbrevkasser
o. Sprogbeskrivelsen (-videnskab)
p. Terminologigrupper
q. Dansk Sprognævn

Tabell 1: Instansar i språkplanlegginga

I likskap med Fiskerstrand (2008) vil eg understreke at den 30 år gamle lista ikkje kan verte overført direkte til norske tilhøve. Fleire av instansane på lista vil eg ikkje rekne som "språklege instansar" i det heile tatt. Truleg kan dei meine noko om godt og dårleg språkbruk og likeeins rettleie andre om det. Difor vil eg likevel rekne dei som "uformell språkrøkt". Alle har eit forhold til språket og gjer seg opp meiningar om det. Språket er ein viktig del av det store fellesskapet. Det bind oss saman. Så sjølv om daglegdagse råd om språkbruk ikkje er normgivande, så er dei uttrykk for internaliserte normer hjå språkbrukarane. Slike råd kan ein sjå som ei vekselverknad mellom den enkelte språkbrukar og språksamfunnet han er ein del av.

Dei instansane som er mest interessante, er dei som me finn nedst på lista. Det er dei som har normgivande makt. I Noreg er det Språkrådet som har den største makta. Som eg viste til under kap. 2.2.1, er Språkrådet statens fagorgan som arbeider med å styrke statusen til det norske språket. Oppgåvene er knytt til språknormering og språkrøkt, som eg omtalar nedafor.

For å kunne gje eit meir oversiktleg bilete av dei sentrale omgrepa, vil eg utvide figur 1. Eg vil prøve å vise relasjonen mellom enkeltdelane under *språkplanlegging*, nemleg *språknormering* og *språkrøkt*, tydelegare. Både språknormering og språkrøkt høyrer heime under språkplanlegginga, og dei har baa ei oppgåva i høve til implementeringa. Vidare ser me at språknormeringa verker inn på språkrøkta.



Figur 2: Relasjonsmodell (Vikør 2007:109)

Omgrepet *norm* er sentralt innafor både språkstyring og språkpolitikk. Valet av normgrunnlag knyter språkpolitikk saman med språkplanlegging på fleire måtar. Eg vil no definere normomgrepet, før den vidare drøftinga.

### 2.2.3 NORM

Vikør (2007:71) definerer ei norm som eit "mønster eller målestokk for kva som er akseptabelt resp. uakseptabelt". Omgrepet 'norm' møter me på fleire område, etisk, sosialt og moralsk. Men i språksamanheng er språknormer eit mønster eller ein målestokk nettopp for språkbruken - både vår eigen og den me ventar frå andre. I språksamanheng kan me skilje mellom *grammatiske* normer og *bruksnormer*. Dei grammatiske normene lærer oss kva som

er grammatisk feil og rett i språkssystemet vårt, medan bruksnormene handlar om normene i bruk i ulike kontekstar.

Det er vanleg å skilje mellom *internaliserte* og *fastsette* normer. Fyrstnemnde handlar om både dei grammatiske normene og bruksnormene som kvart enkelt menneske lærer og tek opp i seg heilt frå dei er små. Dette gjeld alle nivåa i språkbyggnaden: "fonologi, morfologi, syntaks, ordtilfang og semantikk" (Vikør 2007:72). Når eg i denne avhandlinga vil kartleggje den skriftspråklege dugleiken hjå eit utval allmennlærerstudentar, er språket i studenttekstene eit uttrykk for dei internaliserte språknormene hjå studentane. Tekstene byggjer på og syner dei normene og språkvanane kvar enkelt har tatt opp i seg og ser på som sine eigne, og dermed vil mykje av fokus vere retta mot individ si rolle. Skulen er ein sær viktig faktor i høve til den prosessen elevar og studentar går gjennom, når språkvanar og språknormer vert internaliserte.

Dei fastsette normene (òg kalla preskriptive og foreskrivne) viser seg annleis enn dei internaliserte. For at dei fastsette normene skal få ein formell status i samfunnet, i motsetnad til dei internaliserte, må det eit kompetent organ til for å fastsetje dei. Språkrådet er, som nemnt, det øvste organet i norsk samanheng. Språkrådet har makt til å fastsetje normer for både talemål og skriftspråk. Her er det sjølvsagt dei skriftlege normene som er mest sentrale. Dei kjem, gjennom sin formelle status, konkret til uttrykk i både grammatikk og lærebøker, samt ordlister og ordbøker, på båe målformer. Desse fastsette normene dannar grunnlag for undervisninga i skulen. For at ei fastsett norm skal fungere i samfunnet, må så mange som mogleg internalisere ho som si eiga, slik at ho vert ein naturleg del av språkbrukarane sitt språklege repertoar (Vikør 2007:75).

#### **2.2.4 AVVIK FRÅ NORMA**

Det er ulikt kor godt dei enkelte samfunnsmedlemmene rår over dei fastsette språknormene. Dette har innverknad på den formelle statusen deira. Det er viktig å meistre normene for å delta aktivt i samfunnet og vere ein del av fellesskapet med andre språkbrukarar. I sitt prosjekt om dølen Vinje, seier Staurseth (2010) noko om kva ein signaliserer gjennom ulike språklege val: "Dei språklege vala vi tek, plasserer oss på innsida eller utsida av ulike fellesskap. (...) Samtidig kan slike interne talemåtar markere ulikskap og distanse frå personar som ikkje er innvigde i fellesskapet" (Staurseth 2010:13). I mitt perspektiv kan dette sitatet understreke kor viktig det er å meistre skriftnormene. Ein får sin sosiale status i språksamfunnet gjennom korleis ein meistrar dei fastsette normene. Rettskriving er ein viktig del av den

kommunikative kompetansen. Gjennom det sosiale aspektet vert rettskrivingsevnene ein slags "sosial bestemmar", som påverkar den sosiale statusen.

Vinje (2002:13–14) meiner det er misvisande å berre tale om korrekt og ukorrekt, eller godt og dårleg, språk. Situasjonsavhengig språkbruk er det avgjerande. Det vil seie at språket fyller oppgåva si i den bestemte situasjonen. Det passar difor betre å kalle det hensiktsmessig og uhensiktsmessig språkbruk. "Hensiktsmessig er dermed den språkbruk som gir den ønskede virkning med minst mulig anstrengelse for den talende (skrivande) og den lyttende (lesende)" (ibid.). Vidare er uhensiktsmessig språkbruk den bruk "som på viktige punkter avviker fra det normale i den krets eller situasjon som en befinner seg i" (ibid.). Om ein ikkje meistrar språkreglane i samfunnet eller den aktuelle situasjonen, vil avvik frå språknorma leie merksemda bort frå innhaldet og over på forma.

Dei fleste er samde i at det er praktiske fordelar ved ei oppstilt, fast norm for kva som er korrekt og ukorrekt. Når det gjeld ortografi og tekniske skrivereglar, er reglane klart definerte i til dømes ordlister, og det er lett å finne dei. Det er slike normer denne avhandlinga vil dreie seg om vidare. Normer om språkføring og ordval vil ikkje vere sentrale. I skulen er det lærarane si oppgåve å gjere elevane merksame på slike grammatiske avvik frå dei fastsette normene (jf. Tislevoll 1998:5). Dette er eit moment som vert aktuelt gjennom at informantane er framtidige lærarar.

## 2.2.5 SPRÅKFEIL

Det skrevne språkets ortografi og morfologi har klar tilknytning til den enkeltes internaliserte språknormer, de som styrer vedkommendes talte språkbruk, som dermed er integrert i hans/hennes personlighet og identitet(er), og som historisk (i Norge) har gjort det påkrevd for våre nære aner å etablere noen norske riktighetsregler for skrevet språk som kunne gjøre det lettere for folk flest å lese og skrive rett, enten strategien for å få det til var den nynorske eller den bokmålske. (Wiggen 2007:205)

Det er særst viktig i eit språksamfunn å ha klare rettskrivingsreglar som er lette å lære og meistre. Det gjer kommunikasjonen mellom språkbrukarane enklare. Avvik frå reglane eller norma kan i prinsippet dreie seg om alle nivåa i språket. Hovudkategoriane er ortografi, morfologi og uttale. Normene vert vurderte ut frå kategoriane i målestokken rett - feil. For dei fastsette normene er det ingen glideskala mellom rett og feil. Men innafor dei internaliserte normene kan det vere meir flytande. Individuelle vurderingar kan ha innverknad på "kor feil" eit avvik er. Det kjem an på om ein vil tillate å ta til dømes former frå ein språkvarietet med

inn i ein annan, og så å drøfte kor "feil" eller "rett" den brukte forma er i den gjevne konteksten (Vikør 2007:74).

"Rettskriving er en viktig side ved skriveprosessen" (Høien og Lundberg 2000:78). Sterk vektlegging av rettskriving har som mål at skriftbiletet skal vere tydeleg og korrekt. Difor vert rettskrivingsavvik negativt lada hjå vaksne språkbrukarar (ibid.), og dei kan plassere språkbrukarane utafør eit fellesskap og skape distanse til dei språkbrukarane som er innvigde i fellesskapet, jf. Staurseth (2010). Dårleg rettskriving kan i mange situasjonar føre til dårleg, eller svekka, kommunikasjon mellom skrivar og lesar. Vidare skil Høien og Lundberg mellom 'kunnskapsfeil' og 'utføringsfeil' (Høien og Lundberg 2000:82f), eit skilje eg vil kommentere nærare i presentasjon og drøfting av funna i kap. 4. Dersom skrivaren ikkje veit korleis han skal stave eit ord, skuldast det mangel på kunnskap. Men feil i språkføringa er skrivefeil, trass i at ein eigentleg kjenner skrivemåten det einskilte ordet skal ha. På engelsk kallar ein dette "slips of the pen". For å kunne trekke dei rette slutningane om avvik i rettskriving, må ein ikkje berre fokusere på enkeltord. Ein lyt sjå etter dei feilmønstra som gjentek seg fleire gonger i same tekst. Det vil eg gjere i analysen min av studenttekstene. Alle desse tekstene er skrivne heime, på datamaskin, og det er rimeleg å forvente få (eller helst ingen) utføringsfeil, sidan studentane har hatt både tid og hjelpemiddel til å rette opp i eventuelle "slips of the pens".

Masteravhandlinga til Tislevoll (1998) handlar òg om språkfeil, om ulike avvik frå den formelle språknorma. Han hevdar at språkfeil kan forståast som reine regelbrot som skuldast feil i sjølve utføringa og ikkje i systemet. I beskrivande, *deskriptiv*, grammatikk vil ein skildre korleis menneske bruker språkssystema, utan å dømme eller stemple noko som språkfeil. Men i *normativ* språkskildring kallar ein gjerne avvik frå den oppgjevne norma for *feil* (Tislevoll 1998:6).

I følge Wiggen (2007) viser talrike studiar av rettskriving nettopp avvik frå den etablerte norma: "på ethvert steg i ferdighetsutviklinga gjennom skolegangen utgjør minst halvparten av alle avvik som produseres, og dertil en stadig større relativ del av dem etter hvert som ferdighetsnivået øker" (Wiggen 2007:205). Han meiner at ein ikkje kan vente at dei generelle ferdigheitene innan rettskriving vil nå eit så høgt nivå at talenormene til den enkelte språkbrukar ikkje vil spele inn. Nettopp dei ulike talenormene vil på ulike punkt føre til avvik frå den etablerte norma, og døme på dette kjem eg inn på i drøftinga i kapittel 4. Dette kan òg vere medvitne val hjå språkbrukaren, der han eller ho ynskjer å farge språket og nytte former frå talespråket sitt.

## 2.2.6 SPRÅKNORMERING

"I norsk har en hatt en langvarig og sterk aktivitet på normeringsfronten, blant anna med et særlig fokus på morfologien, spesielt endingene av orda" (Omdal og Røsstad 2009:9).

*Normering* kan ha ulike tydingar, men her er det tydinga å *fastsetje ei norm* (standardisere og kodifisere) som passar best. Normeringa går dermed ut på å fastsetje normene, det tekniske apparatet, på alle nivå i språkbyggnaden (sjå kap. 2.2.3). Ein fastsett reglar for rett og gale, for den formelle norma som ein ynskjer språkbrukarane skal internalisere. Dette gjer ein både ved å lage nye normer, eller ved å endre dei allereie gjeldande normene (Vikør 2007:117).

Normeringa kan gjelde både for skrift- og talespråk.

I den nynorske skriftnormalen har normeringa vore så komplisert at, i følge Fiskerstrand (2008), mange elevar "for sikkerheits skuld" vil unngå ord på til dømes *-heit*. Dette er eit uttrykk for at språknormerarane ikkje har oppnådd det dei ynskte. Me får håpe at resultatet av den pågåande revideringa av normalen no vil gjere den mindre komplisert.

Dersom skillet mellom de som behersker reglene for korrekt språk, og de andre som ikke behersker dem, er medvirkende til at store deler av befolkninga føler seg som usikre språkbrukere, bør en i det minste diskutere om normeringstrangen har gitt seg for sterke utslag. (Omdal og Røsstad 2009:11)

Normering er ei planstyring og standardisering av språket og kan gjelde både talt og/eller skrive språk. Wiggen (2007:195) forklarer òg normering som "den aktiviteten som gir eller er ment å gi visse språkbruksregler normkraft, dvs. virke atferdsstyrande for noen". Slik kan språket konstituere oss, og me vert styrt av dei rammevilkåra som er gjevne, og nettopp dette kan føre til den nemnde utryggleiken.

## 2.2.7 SPRÅKRØKT

Språknormering og språkrøkt kan gli litt over i kvarandre og vere vanskelege å skilje. For denne avhandlinga er språkrøkt endå viktigare enn språkplanlegging. Det som i hovudsak skil språknormering og språkrøkt frå kvarandre, er kven sine interesser dei legg vekt på. For medan prinsippa bak språknormeringa legg vekt på interessene til skrivaren, har språkrøkta einssidig vekt på lesarane sine interesser (Omdal og Vikør 2002:54). Språkrøkta har i tidlegare tider freista å halde på og spreie dei tradisjonelle normene for det språket og den stilen som er "korrekt". Den folkelege språkrøkta skulle gjere det mogleg for alle å vere aktive i samfunnslivet.

Vikør (2007:121) definerer språkrøkt i vår samanheng som "den stadige forbetringa og utviklinga av eit skriftspråk (og sekundært talemål) for at det skal stette alle dei behova og krava som til kvar tid blir stilt til det." På den måten er språkrøkta både fornyande og konserverande: "språkleg rådgjeving, retting og undervisning med sikte på å fremme dei rådande ideala for "godt språk" på alle nivå i praksis" (ibid.).

All språkrøkt må ha eit dobbelt grunnlag å byggje på. På den eine sida treng ein kunnskap om faktisk språkbruk av ny dato, som til dømes tekstgrunnlaget for avhandlinga mi. På den andre sida ligg det eit verdisyn til grunn for argumentasjonen i språkrøkta. Særs sentralt er omsynet til kommunikasjon mellom skribar (sendar) og lesar (mottakar). Her står eit ideal om "støyfriheit" sentralt: "Lesaren bør ikkje distraherast av uvanleg eller påfallande språkbruk, sjølv om det ikkje går ut over forståinga" (Omdal og Vikør 2002:53).

Ein annan viktig del av språkrøkta er språkleg rådgjeving. Dette høyrer kanskje mest heime i implementeringa, altså når fastsette normer skal formidlast til språkbrukarane. Dei må bli opplyst om reglar og normer for eit "rett" og "godt" språk, for så å kunne implementere dei i sin eigen språkbruk (Vikør 2007:123). Ut frå dette vil språkrøkta vere sentral i drøftinga av problemstilling U3 i avhandlinga mi. Informantane er framtidige lærarar, og språkrøkta legg vekt på interessene til dei elevane som er mottakarar av skriftleg kommunikasjon frå lærarane og undervisning om språknormene. Omsynet til framtidige elevar er i denne samanheng det sentrale i språkrøkta.

På grunnlag av dette teoretiske bakteppet vil eg undersøkje rettskrivinga i dei innsamla tekstene og sjå korleis informantane meistrar dei gjeldande skriftnormene. Tekstene er skrivne i ei tid med mykje utryggleik og ustabilitet, med tanke på nye og pågåande revideringar av både målformer. Språkrøkta er særs sentral, der ein tenkjer på lesarane sine interesser. Som nemnt vil informantane i framtida verte lærarar, og lesarane ein då tenkjer på, er elevar som vert mottakarar av det desse lærarane både skal produsere skriftleg og undervise i.

Eg vil fyrst presentere dei metodiske vala undersøkinga byggjer på (kapittel 3). Dei funna eg satt att med etter gjennomlesing og teljing i datamaterialet, vil vere det sentrale i presentasjonen og drøftinga av problemstillingane i kapittel 4. I avsluttinga i kapittel 5, vil eg summere opp funna i eit svar på problemstillingane.

## 3.0 METODE OG PRESENTASJON AV MATERIALE

### 3.1 INNLEIING

I læreryrket er det nærmast forventa at ein meistarar reglane for rettskriving innafor både målformer. Det er forventa at lærarar har så godt grep om dei fastsette normene at dei kan føre dei vidare til elevar på alle klassetrinn, i tråd med retningslinene i Kunnskapsløftet og læreplanane<sup>3</sup>.

Formålet med undersøkinga mi er å kartleggje kor godt allmennlærerstudentar allereie i det fyrste studieåret sitt meistarar rettskrivingsreglane. Her vil ei samanlikning av dei to målformene vere sentral, slik som det vert formulert i problemstillingane nedafor.

#### 3.1.1 PROBLEMSTILLING OG OPERASJONALISERING

For å svare på problemstillinga for undersøkinga mi, har eg samla inn tekster skrivne av allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder våren 2010. Problemstillinga legg premissane for undersøkinga, og eg kan berre svare på ho ut frå det gjevne tidsrommet tekstene er produserte og samla inn. "Hvilke data vi skal samle inn, bestemmes av problemstillingen vår, og av den alene" (Holme og Solvang 2003:170). Eg har formulert ei overordna problemstilling (H1). Ho vert konkretisert i tre underordna problemstillingar (U1, U2 og U3), som nemnt i kap. 1.3:

H1 - Kor godt meistarar eit utval allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder rettskrivingsnormer i både målformer?

U1 - Meistarar informantane dei fastsette normene i høve til avvika særskriving og samansetjing (både målformer) og bøying av substantiv (nynorsk)?

U2 - Har informantane merkbar fleire avvik i ei av målformene, og kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet?

U3 - Kva kan funna i feiltypane fortelje om denne studentgruppa?

---

3 <http://www.udir.no/Tema/Lareplaner/>

For å kunne svare på problemstillingane best mogleg, må dei knyttest saman med teorien, presentert i kap. 2. Ein må ha kjennskap til språknormalane sine historier og den statusen dei har i dag for å kunne definere avvik frå dei fastsette normene. Med utgangspunkt i teorien, må eg òg sørge for at dataa for å kunne svare på problemstillinga vert operasjonaliserte. Dette vil seie å føre ho over til ei bestemt form, ei form som let seg handsame og måle etter bestemte metodar i forskinga (Holme og Solvang 2003:149). I denne samanhengen vil det seie å gjere datamaterialet om til talfesta storleikar.

## **3.2 TYPE UNDERSØKING**

### **3.2.1 HEILSKAPSANALYSE OG DELANALYSE**

Avhandlinga mi byggjer på tekstanalysar av 68 autentiske studenttekster. I følgje Holme & Solvang (2003:133ff) er det to hovudtypar tekstanalysar, og avhandlinga mi har element frå dei båe. Den fyrste er heilskapsanalyse, som "innebærer at en ser på helheten i de innsamlede data" (Holme & Solvang 2003:133). Dette gjer eg ved å rette fokus mot makronivået til tekstene, den skrivesituasjonen dei er blitt til i, kva type tekster dei er og målforma dei er skrivne på. Dette dannar den kontekstuelle ramma til tekstene. I ein heilskapsanalyse vel ein fyrst ut eit tema, formulerer så ei eller fleire problemstillingar, før ein til slutt analyserer dei ulike dataa systematisk.

Analysen av data bringar oppgåva over i den andre tekstanalysen, nemleg delanalyse. "Utgangspunktet for delanalysene er at data er en tekst som inneholder utsagn om en rekke fenomen. (...) Utsagnene kan så kategoriseres og telles opp" (ibid.). Ord eller utsegner i tekstene vil vere fokus for delanalysen, og føresetnaden er at det er mogleg å dele dei ulike dataa opp i utsegner. Desse må kategoriserast og teljast isolert, utan å tenkje på den samanhengen dei står i. Grunnlaget for å trekkje ut ord og utsegner for teljing og analyse i avhandlinga mi, er at avvik i delane påverkar heilskapen. Med andre ord vil avvik i orda i tekstmaterialet hindre at utsegnene og tekstene kommuniserer som dei skal, slik som eg har forklart i kap. 2.2.4 og kap. 2.2.5. Ein delanalyse vil difor forklare heilskapen betre, gjennom at analyse av ord og utsegner kan fortelje om tekstene kommuniserer bra og om språkbrukarane meistrar rettskrivingsreglane eller ikkje.

Heilskapsanalyse og delanalyse kan forklarast saman med dei kvalitative og kvantitative sidene ved avhandlinga. "Det er ikke noe absolutt skille mellom kvalitative og kvantitative metoder" (Holme & Solvang 2003:73). Element frå både kvalitativ og kvantitativ metode kan godt kombinerast i same undersøking; dei ulike sidene ved dei to metodane kan

utfylle kvarandre. Avhandlinga mi inneheld såleis både kvalitative og kvantitative trekk.

### **3.2.2 KVALITATIV OG KVANTITATIV METODE**

Både heilskaps- og delanalysane er i utgangspunktet kvalitative. Tolking av informasjonen og forskarens forståing er sentral her, og forskaren blir ein del av prosessen. Ved analyse og teljing av få avvikstypar kan eg, i tråd med kvalitativ metode, gå meir i djupna. Denne kvalitative tolkinga handlar om "meningsrammer, motiver, sosiale prosesser eller sammenhenger" (Holme & Solvang 2003:73). Styrken til kvalitativ metode og data er analyse av totalsituasjonen, heilskapen, som i denne samanheng er makronivået til tekstene.

Der den kvalitative metoden har sin veikskap, har den kvantitative metoden sin styrke. For medan den kvalitative metoden ikkje kan seie kor dekkjande resultata er for alle enkeltdelar, kan ein i kvantitativ metode talfeste funna. Tekstanalysen min er i utgangspunktet kvalitativ, men eg har kvantifisert funna mine for best å kunne svare på hovudproblemstillinga mi. Skal ein nytte kvantitativ metode, treng ein ei ganske stor mengd informantar - og i tekstanalyse treng ein ei stor mengd tekster. Alle data må vere i ei form som let seg kvantifisere. I den kvantitative metoden vil eg omforme innsamla data til tal og kvantitet, altså mengd. Vidare vil eg gjennomføre statistiske analysar av tala (Holme & Solvang 2003:73). "Dataene skal behandles og omformes til statistiske størrelser. Ut fra dette gjør en så sin tolkning" (Holme & Solvang 2003:147). Dette er avhandlinga sine kvantitative element. Faren her er at det er lett å lese meir inn i dataa enn det eigentleg er grunnlag for, så det må eg vere merksam på. Ved å sjå enkeltfunn opp mot heilskapen att, kan eg sjå om dei ulike funna heng saman. Heilskapen vil kunne gje tyngde til tolkingane, gjennom å fortelje om avvika syner gjentakande feilmønster eller berre står fram som mindre slurvefeil. Eg vil heile tida løfte blikket til tekstene som heilskap, for å sjå om dei kan gje grunnlag for tolkinga mi av funna. Det vil gje tolkinga tyngde, og eg vert samstundes hindra i å lese meir inn i små enkeltfunn enn det tekstene gjev rom for. Dei to casestudia i kap. 4.5 er døme på at heilskap og delar knytest saman.

Rein kvantitativ analyse har ei slagside ved at ein ikkje kan gå i djupna på same måte, sidan forskaren står meir på sidelina. I den kvalitative analysen vil eg freiste å forstå bakgrunnen for feila, ved å sjå etter moglege årsaker bak feilskrivinga. I tillegg til statistikken, har eg mange kvalitative element i avhandlinga. På den måten er drøftinga av funna bygde på både dei kvalitative og dei kvantitative funna og metodane. Faren ved å kvantifisere dei kvalitative dataa slik, er at ein i den kvalitative innsamlinga av data ikkje tenkjer nok på at dei

kvantitative analyseteknikkane stiller krav til struktur og presisjon, men likevel nyttar desse teknikane i analysen (Holme & Solvang 2003:83).

Ved å kvantifisere den kvalitative analysen vil eg på ein ordentleg og oversiktleg måte finne ut kva som er dei store og verkelege avvika i tekstmaterialet. I neste omgang vil eg flette denne kvantitative analysen saman med den kvalitative analysen, ved å setje talverdiane for avvika inn i den tekstsamanhengen avvika står i. Dette vil knyte del- og heilskapsanalysen saman. Avhandlinga ville vorte mangelfull om eg berre hadde trekt ut delar, utan å sjå dei i ljøs av samanhengen dei er henta frå. Kvantifiseringa eg har gjort, vil gjere funna i heilskapsanalysen lettare å forstå, ved at eg kan talfeste funna. Dermed vil heilskapsanalysen betre forståinga av delanalysen og det kvantifiserte materialet. Dette gjer eg mellom anna ved å rekne ut ein "særskrivingsprosent" i tekstene, der eg ser kor stor frekvensen på avvika i feiltype 1 er i høve til talet på dei riktige samanskrivingane. Då kan eg nytte tala på avvika i dei einskilte tekstene til å seie noko om kor hyppige avvika er.

### **3.3 MATERIALUTVAL**

#### **3.3.1 VAL AV INFORMANTAR**

Ut frå tidlegare forskning kjem det tydeleg fram at rettskrivingsavvik førekjem på alle klassetrinn i skulen. Det er difor sannsynleg at tekster med ulike former for rettskrivingsavvik òg finst hjå studentar som har fullført både grunnskule og vidaregåande skule. Etter å ha lese tidlegare undersøkingar, som har konsentrert seg om elevar på lågare trinn, rekna eg det som rimeleg at informantane mine hadde fullført grunnskuleopplæringa og norskopplæringa der. Tidlegare forskning (sjå kap. 1.1) som har retta fokus på lågare trinn, er mellom anna Fiskerstrand (2008) og Melby (2005). Fiskerstrand har gjennomført ei undersøking i vidaregåande skule, og Melby har undersøkt rettskrivingsavvik hjå trønderske tiandeklassingar.

Fyrst ynskte eg å samle inn tekster frå studentar ved ulike studium, då helst frå allmennlærerstudentar og studentar på årsstudium i Nordisk språk og litteratur. Tanken var å undersøkje korleis studentar på dei to studieretningane meistra å skrive nynorsk. Føresetnaden var at eg fekk tak i tekster frå studentar som hadde hatt nynorsk som sidemål. Det kunne eg forvente hjå studentar ved Universitetet i Agder. Men det viste seg fort at det var betre å samle inn tekster frå berre ei studentgruppe. Aller helst skulle eg då hatt dei same studentane til å produsere to tekster kvar - ei på kvar målform. Ei samanlikning mellom dei to målformene, i tekster frå berre ei studentgruppe, er meir spennande og vil truleg gje eit meir

påliteleg resultat. I dei tekstene eg samla inn, er det dei same individa som har skrive to tekster kvar. Då kan eg lettare relatere skilnader i bruk av språket til forskjell i målform, sidemål vs. hovudmål eller primærmål vs. sekundærmål. Med dette perspektivet vil forskinga mi skilje seg frå andre liknande undersøkingar, som i stor grad berre undersøker ei av målformene. Valet av studenttype fall ned på allmennlærarstudentar. Det burde vore venta at informantane mine hadde hatt tilstrekkeleg opplæring i rettskriving innafor båe målformer etter både grunnskule og vidaregåande skule. Etter at valet fall ned på denne studentgruppa, kunne eg formulere den overordna problemstillinga ferdig.

Å nytte allmennlærarstudentar som informantar legg eit ekstra og sær s spennande perspektiv til mitt studium, og det opnar for eit didaktisk perspektiv i problemstillingane og drøftinga. Allmennlærarstudiet er ei profesjonsutdanning, og det er venta at (nesten) alle skal verte lærarar etter minimum 4 studieår. Det er naturleg å tenkje at studentar med eit slikt mål har eit stort språkleg medvit, og at dei meistrar skriftnormalane godt. Dei skal, forutan å styrkje sine egne kunnskapar om rettskriving, bringe "arven" vidare.

Det er meir spennande å undersøkje tekster frå framtidige lærarar enn frå dei som er ferdig utdanna, tykkjer eg. Mange meiner at ferdig utdanna lærarar lett kan stivne i gamle normer og ikkje vere heilt oppdaterte etter dei siste revideringane av skriftspråksnormalane (Omdal 2004b:77). Dette var òg mitt inntrykk frå tida som elev i den vidaregåande skulen.

Alder er ikkje ein viktig variabel i avhandlinga mi, sidan alle har kome like langt i den fireårige profesjonsutdanninga. Dei fleste informantane mine kjem rett frå vidaregåande skule. Då tekstene vart produserte, var studentane midtvegs i eit semester med 20 studiepoeng i norsk. Om det skulle vise seg at det er mange rettskrivingsavvik i tekstene, så kan ein tenkje at det framleis er "håp" om ei forbetring, sidan informantane framleis er studentar. Likevel er det den opplæringa informantane har fått før dei vart studentar, som har hatt ansvar for å lære dei grunnleggjande rettskriving i båe målformer.

Informantane er under utdanning i ei spennande tid, sidan me står midt i revideringa av nynorsknormalen. Med to språknormalar i Noreg, kor nesten alle innbyggjarar har ei primærmålform og ei sekundærmålform, er det sannsynleg at kunnskapane er best i den målforma som ein nyttar mest (jf. underproblemstillingane). Dette ynskte eg å undersøkje nærare, og eg trong difor autentiske tekster skrivne på båe målformer. Det ville vere formålstenleg for sjølve samanlikninga mellom målformene om det var dei same informantane som har produsert to tekster kvar, ei på kvar målform. Dette var eg heldig å få tilgang til hjå desse informantane.

I utvalet var det slik at alle informantane hadde hatt bokmål som hovudmål og nynorsk som sidemål i grunn- og vidaregåande skule (utanom den eine informanten som byta hovudmålform etter ungdomsskulen, som eg nemnte i kap. 2.1.2). Det var heilt tilfeldig, men samstundes ikkje uventa, i og med at informantane for det meste er sørlendingar og/eller austlendingar, kor bokmål er den dominerande målforma. Ut frå samtykkeskjemaet ser eg òg at nokre informantar kjem heilt frå Halden i aust til Egersund i vest. Dei har mest sannsynleg òg talemålsbakgrunn frå heimtraktene sine. At alle hadde hatt same hovudmål, gjorde samanlikninga mellom målformene både enklare og meir påliteleg, og eg kan få fram sikrare funn, som viser kva for ei målform som har flest avvik.

Då eg starta å lese gjennom datamaterialet, var tanken å leggje hovudvekta på nynorsk målform og nytte bokmålstekstene som sjekkgrunnlag. Eg forventa ikkje å finne like mange avvik i bokmålstekstene, sidan alle studentane hadde hatt bokmål som hovudmål. Eit forskingsspørsmål for oppgåva kunne då vere: "Kvifor er det så mange fleire avvik i nynorsktekstene enn i tekstene på bokmål?" Men fokuset og forskingsspørsmåla måtte endrast etter fyrste gjennomlesing av tekstene. Som me skal sjå, kan funna vise at det finst fleire feil enn venta i bokmålstekstene.

### 3.3.2 REPRESENTATIVITET



Figur 3: Klyngjeutval

Tekstene eg har nytta som materialgrunnlag, fordeler seg ikkje jamt mellom dei to klassane med informantar. Med andre ord er det ikkje like mange informantar frå dei to klassane eg har samla inn tekster frå. Eg skal skrive meir om korleis eg samla inn tekstene nedafør, men i denne omgang er det relevant å nemne at alle studentane som var til stades då eg vitja klassane, ga sitt samtykke til at eg kunne nytte tekstene deira til forskingsarbeidet mitt.

Ingen av dei to klassane var fulltalige den aktuelle dagen. I tillegg var det i båe klassar nokre informantar som "fall bort" som grunnlag for forskinga mi (til saman 6 studentar, 1 frå A-klassen og 5 frå B-klassen), fordi dei leverte båe sine tekster på same målform (nynorsk). (Dette stod dei fritt til å gjere, i tråd med krava til innleveringane i

norskfaget det gjeldande semesteret.) Tekstene til desse studentane kunne ikkje brukast som datamateriale for avhandlinga mi, då eg ved å nytte dei ville miste samanlikningsgrunnlaget som er formulert i problemstillingane.

Informantane mine er valt ut gjennom eit klyngjeutval. "Fordelen med denne metoden er at den ofte er billigere og enklere å gjennomføre enn enkel tilfeldig utvelgelse" (Holme & Solvang 2003:174). I tråd med formålet for undersøkinga mi kan denne utveljinga sikre eit tilfeldig utval både billig og effektivt.

Etter utvalet i dei ulike "klyngjene" nedover i modellen stod eg att med 34 informantar (N=34). Tekstene deira dannar datamaterialet for mi undersøking. Dette er om lag halvparten av den totale populasjonen på studiets fyrsteår. Heile 25 av dei 34 informantane høyrer til i klasse A, medan dei resterande 9 går i klasse B. I tillegg er 8 av informantane gutar, og dei andre 26 er jenter. Fordelinga mellom gutar og jenter speglar det reelle tilhøvet i allmennlærerutdanninga. Det er fleire jenter enn gutar som søker og fullfører dette studiet. Undersøkinga mi er ikkje generaliserbar for heile studentkullet det gjeldande året, men eg kan sjå allmenne tendensar for denne studentmassen, jf. problemstilling U3. Dette er ei ulempe ved klyngjeutval. Ein kjenner ikkje gyldigheita i gruppa utvalet er tatt ifrå, derav kan eg ikkje generalisere vidare. Kanskje skulle eg heller hatt ei stratifisert utveljing med jamn fordeling mellom kjønn og klassar? Men i dette tilfellet har eg større tru på klyngjeutveljing enn ei skjønsmessig vurdering. "Videre er utvalget representativt under den forutsetningen at en måler det en vil måle" (Holme & Solvang 2003:146). Mitt ønske med denne avhandlinga er ikkje å generalisere ut til eit større samfunn, men snarare å gje eit bilete av språkferdigheitene til eit kull av lærarstudentar i sitt fyrste studieår.

Eg ville likevel ikkje sett føre meg eit anna resultat om alle studentane hadde vore med i undersøkinga mi. Informantane mine fordeler seg jamt, og dei representerer eit naturleg og tilfeldig utval. "Hvor stort utvalget (samplet) bør være, avhenger av målet med undersøkelsen. Jo flere variabler som skal undersøkes, desto større utvalg trengs det" (Tislevoll 1998:18). Studentane har sikra meg eit stort nok utval til å kunne representere dei klassane eg samla inn informantar og tekster ifrå og til å finne svar på dei forskingsspørsmåla eg har sett for forskinga. Det er ikkje grunn til å tru at det hadde blitt eit heilt anna resultat om eg hadde fått andre og fleire informantar med i undersøkinga. Det er òg viktig både for meg og for avhandlinga mi at alle studentane eg møtte i klassane, takka *ja* til å vere med. Då veit eg at dei bidrog frivillig og sikra meg eit tilfeldig og stort nok utval.

### 3.3.3 DATAMATERIALE

Tekstene som utgjer datamaterialet mitt, har ein felles homogenitet. Dei har blitt til under same vilkår. Storleiken på dei fordeler seg frå 4–6 sider dataskrivne tekst, med formelle krav til 12 pkt. skriftstorleik og halvannan lineavstand. Talet på skrivne ord i kvar tekst er gjennomsnittleg 1807,85.<sup>4</sup> Talet på ord er til saman 122934.

Oppgåvene er skrivne på grunnlag av følgjande formuleringar og oppgåveval:

<b><u>Innlevering A</u></b>
<b>Oppgåve 1</b> I boka <i>Barns språkutvikling. Muntlig og skriftlig</i> seier Anne Høigård: ”Leiken er barnets livsform. Leik er livsutfoldelse og glede og et mål i seg sjøl. Samtidig er leiken barnets viktigste læringsarena – for alle livsområder.” (s. 77). - Kva kjenneteiknar språket som barn bruker i leik? - Kvifor er leik viktig for språkutviklinga hos barn? - Tenk deg at du er lærar på småskoletrinnet. Skisser eit opplegg for ein norsktime der leik står sentralt. Grunngi dei metodiske vala du gjer.
<b>Oppgåve 2</b> Skriv ei innleiing om fonetikk og fonologi der du tenker deg at du skal forklare fagstoffet til ein medstudent som ikkje har hatt høve til å følgje undervisninga i dette emnet. Her kan du blant anna kome inn på følgjande: - Kva skil dei to fagområda fonetikk og fonologi? - Forklar og gi eksempel på språktrekk som kan vere reine overflatefenomen i eitt språk, men ein del av det fonologiske systemet i eit anna. - Kvifor er det nødvendig for ein lærar i grunnskolen å ha fagkunnskap innan fonetikk og fonologi? - Er denne typen stoff mest å rekne som bakgrunnskunnskap ein lærar må ha, eller er dette også fagstoff det kan vere aktuelt å bruke heilt konkret i klasseromsarbeidet? - Momenta ovafor er meint som framlegg; du vel sjølv kva du vil leggje vekt på. I tillegg til pensumtekstane kan det vere nyttig å setje seg inn i avsnitt 3.1 og 3.2 i <i>Barns språkutvikling. Muntlig og skriftlig</i> av Anne Høigård.
<b><u>Innlevering B</u></b>
<b>Oppgåve 1</b> Ingeborg Mjør presenterer fleire ulike analysemåtar for eventyr i <i>Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar</i> (s. 67-77). Analyser eventyret ”Østenfor sol og vestenfor måne” (K1) ved hjelp av <i>anten Propps funksjonsmodell eller Greimas’ aktantmodell</i> . Prøv deretter å gi ein tematisk analyse av det same eventyret, for eksempel med vekt på moral eller psykologi.
<b>Oppgåve 2</b> <b>Rune Belsviks <i>Verdas mest forelska par</i> (2001)</b> - Gjer greie for nokre av konfliktane i forteljinga, og korleis dei utviklar seg. - Gjer greie for eit par sentrale tema i boka. - Drøft endeleg i kva grad dette er ei typisk barnebok (jf. to avsnitt hos Mjør: ”Å skrive inn ein barnleg lesar” og ”Den doble stemma i barnelitteraturen”, s. 28-34).

Tabell 2: Oppgåveval som bakgrunn til tekstmaterialet

<sup>4</sup> Sidan alle tekstene vart levert inn elektronisk, har eg nytta ordteljingsfunksjonen i retteprogrammet i Microsoft Office Word, for å få heilt nøyaktig tal på orda. Eg har lagt saman ordtalet for alle tekstene, for så å dele på 68 tekster. Ordtejinga inkluderar overskrift og hovudtekst i innleveringane, men litteraturlista er utelaten.

Det er òg snakk om autentiske tekster som ikkje berre er produserte for forskinga mi si skuld. Alle tekstene er heimeoppgåver, leverte som obligatoriske innleveringar i norskfaget på allmennlærerstudiet sitt andre semester. Det er ei tekst i emnet *språk* (innlevering A) og ei tekst i emnet *litteratur* (innlevering B). Alle tekstene er skrivne på datamaskin, og studentane har difor hatt tilgang til retteprogrammet i til dømes Word-programmet. Heime har studentane òg hatt tilgang til andre hjelpemiddel.

Skrivesituasjonen til tekstene kan saman med førre avsnitt fortelje meir om ein heilheitsanalyse av tekstene (konteksten tekstene har blitt til i). I båd innleveringar fekk studentane velje mellom to oppgåver. Vidare kunne dei velje å skrive ei av innleveringane på bokmål og den andre på nynorsk. Minst ei av oppgåvene måtte skrivast på nynorsk.

Under følgjer ei oversikt over kor mange informantar som har skrive dei ulike oppgåvene. I emnet *språk* fordeler innleveringane seg jamt mellom oppgåve 1 og 2, medan det i *litteratur* er eit stort fleirtal som har skrive om eventyret "Østenfor sol og vestenfor måne". Berre to valde den siste oppgåva.

	INNLEVERING A		INNLEVERING B	
	Oppgåve 1	Oppgåve 2	Oppgåve 1	Oppgåve 2
Bokmål:	8	12	13	1
Nynorsk:	10	4	19	1
Til saman:	<b>18</b>	<b>16</b>	<b>32</b>	<b>2</b>

Tabell 3: Fordeling av bruk av målform i oppgåvene

Av tabellen kan det sjå ut som at det er oppgåve 2 som ikkje har så mange nynorsksvar, men elles er det ganske jamt. Det er ei fin fordeling mellom oppgåvene, og den kan ein ikkje styre. Tabellen gjev eit innblikk i skrivesituasjonen til tekstene, kva type tekster som er skrivne og korleis tekstene fordeler seg mellom dei ulike oppgåvevala.

### 3.4 PÅLITELEGHEIT OG GYLDIGHEIT

I ei slik avhandling må ein vere sikker på at alt "går riktig for seg" og at ein har teke dei omsyna som er viktige for å kunne svare på problemstillinga. "Bare gjennom stadig kritisk prøving og nøyaktighet i behandlingen av materialet kan en oppnå en tilfredsstillende gyldighet og pålitelighet - eller validitet og reliabilitet" (Holme og Solvang 2003:152-153). Framgangsmåten i undersøkinga, i innsamling og måling av datamaterialet, samt kor nøyaktig

eg er i handsaming av alle data, avgjer *pålitelegheita* i avhandlinga mi. Pålitelegheita kan vidare sikrast ved å sjekke resultatata opp mot liknande undersøkingar og resultatata i dei. Er resultatata truverdige? For å sikre *validitet*, altså gyldigheit, må eg spørje om eg, gjennom det eg faktisk har målt og dei vala eg gjer undervegs, vil kunne svare på problemstillinga mi (Holme og Solvang 1996:153). Vidare må eg sikre eit naturleg tilhøve mellom teori og empiri, for at forskinga skal oppnå validitet.

I spørjeundersøkingar kan ein ikkje alltid vere sikker på at informantane har same forståing av spørsmåla og tanken bak dei, som det forskaren har. Den typen misforståingar som då kan oppstå, er lettare å unngå når det dreier seg om innsamling av autentiske tekster. For at tekstene skal vere så uavhengige som mogleg av mitt forskingsarbeid og formålet bak det, er det viktig å gje informantane riktig informasjon gjennom samtykkeskjemaet og munnlege meldingar i møtet med meg som forskar. Eg vil ikkje stå i fare for å påverke dei i den eine eller andre retninga. Dei skal kunne jobbe med sine tekster i tråd med retningslinene som dei har fått frå sine faglærarar og ikkje tilpasse tekstene til forskinga mi på noko vis.

Men sjølv om mi forskning ikkje nyttar seg av spørjeundersøkingar, så kan det vere fleire fallgruver i gjennomføringa. For det fyrste kan det spørjast om eg er heilt nøytral i saka? Eg har eit mål om å verte norsklærar og har difor stor interesse for undersøkinga og den valde informantgruppa, jf. kap. 1.4. Eg er språkleg interessert og kan vere påverka av mine interesser, men eg vil freiste å halde meg nøytral. Det må seiast at ingen er "tabula rasa" når dei går inn i eit forskingsprosjekt, og mine interesser vil prege fokus og emneval i avhandlinga. Og sjølv om avhandlinga mi ikkje er eit bestillingsverk, må eg sjølv sagt gjere mitt yttarste for å vere objektiv.

Sidan eg ikkje kjenner informantane personleg, og berre ser allmennlærerutdanninga frå utsida, er eg ikkje påverka av dei faglege krava i norskfaget. Men sidan det berre er eg som har lese tekstene i tråd med perspektivet i forskinga mi, vil utval av feiltypar stå i fare for å verte subjektivt vurdert. Så her har eg rådført meg både med rettleiar, medstudentar og andre som er opplyst innafor emnet, for at utvalet av avvikstypar skal vere så solid som mogleg og ikkje berre farga av mine interesser og fyrsteintrykk.

For å sikre at informantane fekk riktig og god informasjon då eg møtte dei, hadde eg fyrst arbeidd godt med samtykkeskjemaet og førebudd kva eg skulle seie til klassane. Eg meiner at samtykkeskjemaet inneheld både riktig og viktig informasjon. Det er tydeleg og bør vere lett å forstå. Eg fekk òg understreka viktig informasjon for informantane, sidan eg fekk møte dei personleg og informere om studiet mitt og om kva dei kunne gje sitt samtykke til, før dei fekk samtykkeskjemaet utdelt. Eg meiner difor at det er liten grunn til å tru at

Samtykkeskjemaet kunne misforståast. Eg trur heller ikkje at mine intensjonar vart misforstått, sidan informantane var veldig positive og sikra meg ein høg N (N=34). Det at eg var tilgjengeleg i klassen, då dei las og fylte ut samtykkeskjemaet, var òg viktig for å hindre misforståingar. Eg svarte på spørsmåla dei hadde, som fortrinnsvis handla om utfylling av skjemaet (kva som skulle strykast eller setjast ring rundt), for at resultatet skulle verte best mogleg.

Det er, som nemnt, ei skeiv fordeling på talet informantar frå kvar av dei to klassane. Dette kan svekke pålitelegheita i oppgåva. Eg kan ikkje generalisere resultatata til heile studentkullet. Det kan òg liggje andre problem bak det skeive utvalet. Kanskje dei to klassane har fått ulike instruksar for utforming og innlevering av tekster? Det er forskjellige faglærarar i dei to klassane, og kan hende dei har vektlagt pensum ulikt. Eg har ikkje grunn til å tru at det er store forskjellar i kvaliteten i dei to klassane. Dette kjem eg inn på i kap. 4.4, der eg viser at skilnaden mellom klassane ikkje er stor. Og sidan eg ikkje er oppteken av å kunne generalisere ut over denne massen, vil dei valde informantane påpeike tendensar hjå to klassar i det gjeldande årskullet. Informantane mine dekkjer halvparten av studentkullet.

Den største faren er kanskje følgjande: Kan informantane medvitne ha skrive dårleg, for å påverke funna mine? Om dei hadde gjort det, kunne dei risikere å stryke på innleveringa, sidan det er faglæraren som er mottakar av tekstene. Eg trur at eg har unngått å påverke dei til å skrive dårleg. Eg har ikkje nemnt orda *språkfeil* og *avvik*, verken i samtykkeskjemaet eller i munnleg informasjon. Om eg hadde gjort det, så trur eg gjerne at talet på deltakarar hadde blitt merkbart lågare, og at eg i hovudsak ville sete att med dei flinkaste studentane, eller kanskje dei som ikkje måtte bry seg så mykje om dei skriv riktig eller ikkje.

I samtykkeskjemaet står det mellom anna følgjande informasjon: "Ut fra en sammenlikning mellom tekster skrevet på studentenes hovedmål og tekster skrevet på sidemålet, vil jeg forsøke å kartlegge språklige forskjeller de to målformene imellom" (jf. vedlegg 1). Denne formuleringa er så nøytral som mogleg, så ikkje informantane skulle tru at eg berre var ute etter å kartleggje kor "gode" eller "dårlege" dei er i dei ulike målformene. All informasjon dei mottok var sann og informativ, og eg freista ikkje å lure dei til deltaking.

## **3.5 GJENNOMFØRING**

### **3.5.1 FRAMGANGSMÅTE**

Eg måtte fyrst opprette ein relasjon mellom meg, forskinga mi og informantane, etter at eg hadde valt vinkling i oppgåva og kva for ei studentgruppe eg ville hente informantar frå. I

første omgang fekk eg faglærarane i dei aktuelle klassane til å informere studentane litt om meg og forskingsarbeidet mitt, samt å fortelje dei at eg snart kom til å vitje klassane. Dette var for at studentane i baa klassar skulle vere førebudde på kva eg ville spørje dei om, for å freiste å sikre ein god svarprosent, best mogleg N.

Eg vitja klassane i løpet av studieåret 2010. Då fekk eg fyrst nokre minutt i starten av ei forelesing, tid nok til å presentere meg og forskinga mi, samt tid til å dele ut og samle inn samtykkeskjema. Eg informerte tydeleg om kva eg trong tilgang til (to tekster frå kvar student) og at det ikkje ville føre til meirarbeid for studentane på nokon måte. Alt dei trong å gjere, var å samtykke til at faglærarane kunne vidareformidle tekstene deira til meg, etter at studentane hadde levert dei inn til dei fristane, og i tråd med dei retningslinene, dei allereie hadde fått. Om studentane kunne tenkje seg å vere med på dette, trong dei reint konkret berre å skrive under på det samtykkeskjemaet eg hadde med. Eg forsikra dei om at eg skulle gjere både tekstene og informasjonen om studentane anonyme, så dei opplysningane eg fekk tilgang til, skulle verte handsama konfidensielt.

Etter at informantane hadde takka *ja* til deltakinga, tok arbeidet mitt med tekstene til. Eg fekk snart inn den eine teksta, og den andre kom då ho vart ferdig ei tid seinare. Tekstene vart leverte innan dei fristane som var sett opp av faglærarane. Analysearbeidet mitt kunne ta til då eg hadde motteke klarsignal for prosjektet mitt frå NSD (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste), jf. vedlegg 2.

### **3.5.2 SAMTYKKESKJEMA**

Alle informantane fekk eit samtykkeskjema då eg vitja klassane. Eg las fyrst opp for dei kva som stod på skjemaet og understreka viktig informasjon, for å unngå misforståingar. Etter at dei hadde fått skjemaet utdelt, fekk dei tid til å lese gjennom det sjølv, samt spørje meg om dei lurte på noko. Eg gjekk rundt i rommet og svarte på dei spørsmåla som kom, og så samla eg inn dei ferdig utfylte skjema. Etterpå takka eg for at så mange ville hjelpe meg med å få gjennomført prosjektet mitt. Eg visste ikkje då at alle som var til stades hadde takka *ja*, men eg hadde fått eit signal om mange positive svar.

Som ein kan sjå ut av samtykkeskjemaet (vedlegg 1), spurde eg etter følgjande informasjon (i tillegg til underskrift om at ein samtykkjer): informantane sitt *hovudmål* og *sidemål* (frå tidlegare), om dei har norsk som *fyrstespråk* eller *andrespråk*, og kva som er deira *talemålsbakgrunn/dialekt*. I skjemaet er det òg understreka at det er frivillig om ein vil delta eller ikkje, og at all personleg informasjon skal handsamast konfidensielt. Dei variablane eg spurde etter, er relevant og viktig bakgrunnsinformasjon.

Dialektbakgrunn er ikkje eit viktig fokus i avhandlinga mi. Eg spurde likevel etter dette, sidan eg ser det som nyttig og utfyllande kjennskap til informantane sin bakgrunn. Studentar ved Universitetet i Agder kjem frå fleire stader i landet, og det er difor stort mangfald i talemålstilknyttinga. Samtykkeskjema syner, som nemnt i kap. 3.3.1, at dei fleste informantane kjem frå Agder-fylka og Egersund, nokre kjem frå Austlandet, og ein informant kjem frå Molde. Mange andre undersøkingar har eit sterkare fokus på kor mykje talemålstilknyttinga verker inn på skriftspråket, mellom anna Fiskerstrand (2008). Men dette gjeld altså ikkje i denne undersøkinga på same måte. I drøftinga av funna i kap. 4 vil eg nokre stader sjå om dei ulike informantane sitt talemål kan ha noko å seie for ulike rettskrivingsavvik.

Fordelinga mellom gutar og jenter er heller ikkje ein viktig variabel i forskinga mi. Det er generelt fleire jenter enn gutar på allmennlærerstudiet, og slik er det òg i mitt utval. Blant dei 34 informantane er det 8 gutar og 26 jenter. Grunna den skeive fordelinga mellom kjønn, vil ikkje dette vere ein avgjerande variabel i avhandlinga og materialpresentasjonen. Eg vil, dersom det viser seg å vere tenleg og interessant, ha med informasjon om fordeling mellom kjønna. Sjølv om fordeling mellom gutar og jenter ikkje kan generaliserast, kan det vise eit bilete av situasjonen, og eg kjem attende til dette i kap. 4.4.

Alle informantane har norsk som fyrstespråk, og difor er ikkje perspektivet i høve til andrespråksundervisning aktuelt. Eg spurde etter denne informasjonen i samtykkeskjemaet, for å finne ut om nokre studentar har vore fritatt frå sidemålsundervisning og difor ikkje kunne brukast som informantar i forskinga mi.

### **3.6 TILKORTKOMING I STUDIET**

Gjennom den valde metoden får eg tilgang til ferdig skrivne tekster. Eg kan (og skal) ikkje påverke skrivesituasjonen, men eg får heller ikkje observere dei medan dei skriv tekstene. Difor vil eg heller ikkje kunne vite kva som er medvitne val bak dei ulike avvika, om dei skuldast for dårleg kjennskap til normene og rettskrivingsreglane, eller om dei er uheldige utføringsfeil, der studentane eigentleg veit betre. Som nemnt under kap. 2.2.5, skil Høien og Lundberg (2000:83f.) mellom kunnskapsfeil og feil i utføringa. På tilsvarande måte problematiserer Liv Finbak (2004:8) i "Pedagogisk modell for å beskrive stovefeil" ulempa med at ein ikkje får observert eleven i skriveprosessen. Ved analyse av eit ferdig produkt kan ein vanskeleg vite koplinga mellom intensjon og årsak. Difor vil ulike forklaringar av dei ulike avvika i kap. 4 vere tolkingar av kva som kan vere årsaker bak dei avvikande

skrivemåtane. Eg kan ikkje vite kva som faktisk er kunnskapsfeil og kva som skuldast feil i utføringa.

Då informantane har skrive tekstene på data (og levert dei både på papirutskrift og elektronisk), har dei hatt tilgang til det retteprogrammet som er lagra i Microsoft Word eller liknande skriveprogram. Eg trur likevel ikkje dette er til særleg stor hjelp for dei som til dømes gjer feil av typen særskriving og samansetjing. Mykje tyder på at dei som gjer slike feil, i alle fall ikkje er sikre i rettskrivinga. Dei er såpass usikre at dei let seg overtyde om dataprogrammet deler orda feil for dei. Vollan (Språknytt 4/2007) har undersøkt nøyaktig kva stavekontrollen i MS Word foreslår som rettingar for ein del særskrivingar ho fann i studenttekster. "Ingen steder i teksten får skriveren råd om å vurdere om de særskrevne ordene bør skrives sammen"<sup>5</sup>. Staveprogrammet foreslo til og med å særskrive mange av orda, dei gongene Vollan korrigererte særskrivingane.

### **3.7 HANDSAMING AV MATERIALET**

Til å byrje med var det viktig å kode tekstene, slik at dei ikkje kan sporast attende til skrivaren sin. Eg er den einaste som har oversikt over kva for ei tekst som er skriven av kven. Men denne lista skal øydeleggjast etter at studiet er ferdig, så ingen vil kunne sjå kven som har dei ulike kodingane. Sidan eg fekk tekstene tilsendt fortløpande, sette eg ein bokstav på kvar informant og kvar tekst etter som dei kom inn. Informantane er difor ikkje alfabetisert eller sortert etter nokon logiske system før kodinga. Kodinga er sett heilt vilkårleg, for å hindre identifisering.

Eg har skilt mellom gutar og jenter ved å gje alle gutar ein Y framfor sin bokstav og alle jenter ein X. Då vil gutane heite YA, YB, YC osv., og jentene XA, XB, XC. For å skilje mellom tekstene på bokmål og nynorsk, har alle bokmålstekstene fått talet 1 og tekstene på nynorsk talet 2. Då vert kodinga av informantar og tekster sjåande slik ut: YA1 er gut nr.1, tekst på bokmål, YE2 er gut nr. 5, tekst på nynorsk og XK1 står for jente nr. 11, tekst på bokmål.

#### **3.7.1 FEILTYPAR OG KATEGORISERING**


Eg starta med å lese gjennom tekstene eg fekk tilgang til. I fyrste omgang observerte eg kva tekstene inneheldt og danna meg eit godt inntrykk. Samstundes markerte eg alle dei avvika eg

---

<sup>5</sup> <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2007/Spraknytt-42007/Holdnings-skapende-handlings-planer/>

såg, for å få ei betre oversikt over kva feiltypar det var mange av og som kunne vere spennande å dykke djupare ned i.

Etter fyrste gjennomlesing var det lettare å velje ut nokre feiltypar for grundig teljing og analyse. Feiltypane eg har valt ut kan presenterast etter følgjande forenkla figur:



Figur 4: Oversikt over kategorisering

Figur 4 viser korleis eg kategoriserer feila, med ein kategori for kvar av dei to målformene, samt ein felleskategori, som gjev eit godt samanlikningsgrunnlag. Då eg skulle velje ut avvikskategoriar, var det ut frå desse tre kategoriane eg måtte plukke. Eg kunne velje anten å sjå på avvik som berre finn stad i ei av målformene, eller å studere avvik som kan oppstå i både målformer. Gjennom eit utval innan dei ulike feiltypane eg fann under gjennomlesinga av tekstene, har eg retta fokus mot to feiltypar, som eg så har gått i djupna på.

I byrjinga konsentrerte eg meg om feltet i midten, med avvik i både målformer. Her valde eg den mest framtrèdande kategorien, avvik i *særskrivingar og samansetjingar*, som eg kallar feiltype nr.1. Avvik frå denne gruppa, avvik i både målformer, er best egna til å svare på det samanliknande perspektivet i problemstillinga. Funna innan særskriving og samansetjing i både målformer kan gje meg gode svar på kor godt informantane meistrar reglane knytt til denne avvikskategorien, som no har vorte ganske vanleg og svært utbreidd (jf. Hoaas 2008:39).

Vidare har eg vald ein avvikstype frå feltet til høgre i figuren, avvik i nynorsktekstene. Som me skal sjå under presentasjon av funna, viste teljinga frå fyrste feiltype at det er fleire særskrivingsfeil i bokmålstekstene enn i nynorsktekstene. Dette var likevel ikkje nok til å konkludere med at det er færre feil i nynorsktekstene enn i bokmålstekstene. Difor valde eg ein kategori som høyrer heime under *avvik i nynorsktekster: Feil i bøyingsmorfeimet i substantiv*. Her hadde eg både sett mange avvik, og eg venta å finne ulike typar bøyingsfeil. Funna etter teljinga av dette avviket, kalla feiltype 2, skal setjast saman med funna frå feiltype

1. Saman vil dei seie noko om kor godt studentane meistrar den nynorske målforma og rettskrivingsnormene knytt til ho, og om avvik i dei to feiltypane heng saman eller ikkje.

Funna frå dei to valde kategoriane er tilstrekkeleg til å svare på problemstillinga i avhandlinga. Det vil ikkje vere mogleg, innan dei tidsrammene eg har hatt, å famne over meir og å kartleggje alle typar avvik. Nokre tekster inneheld mange ulike avvik, og nokre tekster er (heldigvis) nærast fri frå rettskrivingsavvik. Det står opp til forskaren å gjere eit utval av feiltypar, etter gjennomlesing av tekstene og inntrykket som dei skapte. Som nemnt under kap. 3.4, kan denne utveljinga likevel fort bli subjektiv. Eg har freista å la tekstene styre utvalet for meg, på grunnlag av det inntrykket eg fekk av ulike feiltypar då eg las gjennom tekstene fyrste gong.

### 3.7.2 TELJING OG RETTING

Grunnlagsmaterialet er gjennomlese fleire gonger. Fyrste gong ynskte eg å få eit inntrykk av tekstene og dei avvika som fanst der, så eg markerte alle avvik eg fann, uansett type. Etter at eg hadde vald ut fyrste feiltype (særskrivning og samansetjing), vart andre gjennomlesing grundigare. Då starta den verkelege teljinga av avvika.

Eg har talt avvika på følgjande måte: Innafor kvar av dei to feiltypane har eg både talt alle gonger orda er skrivne riktig og alle gonger dei avvik frå normalen. Kvar feil vert tald som *ein* innafor kvar underkategori, uansett om det same ordet har same feilskrivning fleire gonger i teksta eller om ordet opptrer i ulike feilskrivningar. (Døme: *4 års alderen* og *4års alderen*.) Førekjem det fleire feilskrivningar av same ord, så vert dei talde som separate feil. Dei gongene ein informant har skrive eit ord riktig fleire gonger og plutseleg har skrive det same ordet feil ei eller fleire gonger, så tel eg feilskrivningane - sjølv om det er stor grunn til å tru at det i slike tilfelle kan skuldast slurv.

Ved å telje og markere alle gonger som til dømes samansette ord er skrivne riktig, i tillegg til alle gonger dei er særskrivne, kan eg rekne ut frekvens og prosent på ein grundig og tydeleg måte for kvar studenttekst. Dette er ein tidkrevjande måte å kartleggje avvika på, men det er samstundes den måten som gjev eit mest oversiktleg resultat. Eg har arbeidd gjennom tekstene på nynorsk tre gonger, med ei generell gjennomlesing og ein gong for å telje kvar feiltype. I teljinga av feiltype 2, feil i bøyingsmorfemet i nynorsktekstene, har eg registrert avvika på same måte som i feiltype 1. Med andre ord har eg talt alle riktige og alle avvikande bøyingar av substantiva.

Båe feiltypar har fleire undergrupper. I staden for å utvide fokuset på ulike avvik, har eg heller valt å gå i djupna på dei to valde feiltypane. Dette går ut over breidda i avhandlinga

mi, men eg ser det som meir tenleg for problemstillinga. I teljing og registrering av avvik har eg nytta *Norsk Referansegrammatikk* (Faarlund, Lie & Vannebo 2006) som hjelpemiddel, i tillegg til ordlister i b e m alformer (Guttu (2011), Fjeld (2011) & Hellevik (2005)). I tr ad med problemstillinga og dei vala eg har gjort undervegs, har eg  g valt   plukke ut to tekster og informantar for meir inng aande casestudium. Her vil eg sj  p  tekster som inneheld mange avvik og g  i djupna av dei. Dette vil gje meir utfyllande informasjon om kunnskapen informantane faktisk sit inne med om dei ulike normene og reglane. Eg h par dette vil gje meg betre innsikt i kva feil som skuldast mangel p  kunnskap og kva feil som er utf ringsfeil. Casestudiet vil kome som eit tillegg, i kap. 4.5, etter presentasjonen og dr ftinga av dei generelle funna i kapittel 4.

### 3.7.3 UTREKNINGAR

Etter   ha sikra meg korrekte tal for b de dei orda som er skrivne riktig og dei som er skrivne feil innan kvar kategori, kunne eg starte utrekninga og presentasjonen av funna mine (f lgjer i neste kapittel). Alle feila er, om eg ikkje presiserer noko anna, rekna anten som prosent av det totale talet riktig skrivne ord innan kvar tekst, eller av dei konkrete tala p  avvik. Talet vil med andre ord seie noko om frekvensen, alts  kor mange ord som er skrivne feil av kor mange moglege, innan dei to feiltypane. Eg har i stor grad brukt same utrekning som hj  Tislevoll (1998). Eg har nytta f lgjande formel for utregningane:

$$\frac{100 * \text{talet p  avvika}}{\text{talet p  potensielt sett riktig skrivne ord}}$$

Denne formelen er grunnleggjande prosentrekning, og gjennom han kan eg f  ei oversiktleg framstilling av frekvensen og prosentdelen av rettskrivingsavvika. Tala vert runda opp, med ein desimal. I likskap med Tislevoll (1998:23) er eg klar over at ved   runde opp dei sm  tala (resultata for kvar tekst), for s    leggje saman tala etter avrundinga, kan det totale talet verte auka. Prosentframstillinga av avvika vil difor vere rettleiande, og dei konkrete tala p  avvik (f r utrekninga) vil fleire stader vere ein del av framstillinga. Slik kan eg vise kva utrekninga har teke utgangspunkt i, dersom prosentframstillinga i nokre utrekningar vil vere omtrentleg.

D me: Informant XA har samanskrive 99 ord riktig, men s skrive 8 ord i tekst 1 (XA1):

$$\frac{100 * 8}{(99+8)} \approx 7,5$$

Informant XA har særskrive 7,5 prosent av dei samansette orda i tekst 1 (bokmål). Dette er frekvensen innan denne feiltypen, i denne konkrete studentteksta. I det vidare arbeidet vil eg presentere dei konkrete funna etter teljinga, og utrekninga av prosentar, i tabellar. Dette vil så danne grunnlag for ei drøfting av funna, i tråd med problemstillinga og det didaktiske perspektivet i ho.

Alle har sine idear og meiningar  
om kva som er godt og rett språk,  
stort sett avhengig av dei normene ein  
har fått innprenta i dei miljøa ein hører til.  
Lars S. Vikør (2007)

## 4.0 PRESENTASJON AV RESULTATA OG ANALYSE AV DEI

### 4.1 INNLEIING

I kapittel 3 har eg gått grundig gjennom bakgrunnen for og gjennomføringa av innsamlinga av datamaterialet. Det er dette materialet som skal ha hovudfokuset i avhandlinga. I det følgjande kapitlet vil eg presentere dei funna eg sit att med innafor dei to valde feiltypane, etter gjennomlesing og teljing i tekstene, på bakgrunn av hovudproblemstillinga, H1:

*Kor godt meistrar eit utval allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder rettskrivingsnormer i både målformer?*

#### 4.1.1 GJENNOMFØRING

Eg vil sjå resultata og analysen av dei under eitt, for å sikre ei framsyning av funna mine som er oversiktleg og lett å følgje. Det vert då ein dynamikk mellom funna og tolkinga av dei, samt ei meir naturleg tilknytning til relevant teori. Eg kunne òg ha spart tolkinga til slutt, men eg trur det ville ført til forvirring og unødig gjentakning av funna som allereie hadde vore presenterte. Det er heller ikkje noko skilje mellom presentasjon og forklaring tidlegare i avhandlinga.

Framstillinga av resultata byggjer på hovudproblemstillinga, H1, og dei tre underordna problemstillingane, U1, U2 og U3. Problemstillingane har eg skrive meir om i kap. 3.1.1. Eg vil vise til forkortingane for dei ulike problemstillingane i drøftinga som følgjer. Det er særskilt problemstilling U1: "*Meistrar informantane dei fastsette normene i høve til avvika særskriving og samansetjing (både målformer) og bøyning av substantiv (nynorsk)?*" og U2: "*Har informantane merkbar fleire avvik i ei av målformene, og kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet?*" som vert sentrale i fyrste del av dette kapitlet. Eg vil drøfte den siste underordna problemstillinga, U3: "*Kva kan funna i feiltypane fortelje om denne studentgruppa?*", etter presentasjon av feiltypane.

For å kunne svare på problemstillingane på best måte, vil eg dele den vidare presentasjonen inn i fire hovuddelar. Eg vil i fyrste omgang halde dei to feiltypane skilde frå kvarandre, for å kunne presentere dei i kvar sin del. Presentasjon og tolking av funna innan

kvar feiltype vil vere nært knytt til problemstillingane U1 og U2. Til slutt vil eg summere opp og samanlikne funna i dei to feiltypane, i ein tredje del. Med grunnlag i drøftinga og oppsummeringa av funna, vil eg svare på problemstilling U3 (sjå kap. 4.4). Dei ulike resultatata vil, der det er tenleg, verte framstilte i tabellar. Eg vil då forklare dei der dei står plasserte i teksten.

Det er fleire skjema å finne som vedlegg til oppgåva, og dei vert i stor grad vist til i teksta, der dei er ekstra aktuelle. Fyrst er samtykkeskjemaet studentane fekk utdelt lagt som vedlegg 1. Godkjenninga frå NSD til å undersøke tekstene ligg som vedlegg 2. Vidare er det lagt ved eit skjema over kva type særskrivingar den enkelte informant har, vedlegg 3 (a og b). Her er ikkje dei 3 informantane utan særskrivingar tekne med.<sup>6</sup> Dette vedlegget viser alle underkategoriar med særskrivingar, sett saman med kvar tekst og talet på avvik i dei ulike kategoriane. Eit liknande skjema ligg som vedlegg 4 (a og b), med oversikt over alle underkategoriar i feiltype 2 som dei ulike nynorsktekstene har registrerte avvik i. Dette vedlegget kan sjåast som eit komplement til gjennomgangen i kapittel 4.2, og det vert vist til der det er aktuelt. Som vedlegg 5 ligg ei oversikt over noko av det studentane ved allmennlærerstudiet både skal kunne sjølv og lære vidare. Vidare har vedlegg 6 oversikt over alle avvikande samansetjingar, og her er berre dei informantane med samansetjingsavvik tekne med.

#### **4.1.2 MATERIALE**

Informantane i avhandlinga mi er 34 studentar. Det er tekster som desse informantane har skrive, som er heile datagrunnlaget. Kvar informant har produsert to tekster kvar, ei på kvar målform. Alle informantane har hatt bokmål som hovudmål, og tekstene på bokmål er merkt som tekst 1 hjå kvar enkelt informant. Tekstene på nynorsk er då tekst 2 (døme.: XA1 = informant XA si tekst på bokmål, YB2 = informant YB si tekst på nynorsk). Informantane er henta frå to klassar, men fordelinga i talet på informantar frå kvar klasse er ikkje jamn. Grundigare presentasjon av informantgruppa finn ein i kap. 3.3.1 og 3.3.2.

I del 1, kap. 4.2, er alle dei innsamla tekstene grunnlaget. Det vil seie 68 tekster, med 34 på kvar målform. Her er særskilt samanlikninga i problemstilling H1 og U2 sentral. Ut frå funna i del 1 vart det aktuelt å undersøkje ein feiltype i berre halvparten av tekstene, dei tekstene som informantane har skrive på sitt tidlegare sidemål. Difor er berre dei 34 tekstene

---

<sup>6</sup> I vedlegg 3 er nokre kolonnar merkte med farga bakgrunn. Dette er dei tekstene som har 0 eller 1 avvik. Det same gjeld for vedlegg 6, der tekstene med 0 avvik har fått farga bakgrunn.

på nynorsk materialgrunnlaget for del 2, kap. 4.3.

### **4.1.3 FRAMSYNING**

Innafor b   feiltypar er b  de alle rette og alle avvikande former talte. Presentasjonen av samansetjingsavvik er eit unntak fr   dette, for her er berre dei avvikande formene talte. Det ville vore n  rast umogleg og lite hensiktsmessig    telje alle moglege m  tar    setje saman separate einingar i tekstene p  , til avvikande samansetjingar. Eg vil presentere dei avvikande formene under den kategorien dei h  yrer heime i. Med konkrete tal for b  de avvik og riktige former, kan eg rekne ut ein avviksprosent i b  de feiltypar. I kap. 3.7.2 og 3.7.3 finn ein meir informasjon om korleis teljinga og utrekninga er gjennomf  rt.

B  de feiltypar kan og b  r bli delt inn i fleire kategoriar. Dette vil gjere framsyninga meir oversiktleg, og det vert lettare    sj   kor dei ulike avvika i tekstmaterialet h  yrer heime. Ei inndeling i kategoriar vil gjere det lettare    kartleggje m  nster og generelle tendensar innan dei to feiltypane. I feiltype 1 er det s  rskrivingane som har hovudfokuset, difor vil b  de innleiinga, kap. 4.2.1, og kategoriseringa, kap. 4.2.2, i all hovudsak handle om s  rskrivingane. Ei liknande kategorisering av samansetjingane vil fyrst kome under presentasjonen av dei, i kap. 4.2.5.

## **4.2 FEILTYPE 1: AVVIK I S  RSKRIVING OG SAMANSETJING**

Heile 46 av 68 tekster i datamaterialet inneheld s  rskrivingsavvik i st  rre eller mindre grad. Dette utgjer  $\approx 67,6\%$  av tekstene. Det er interessant med eit s   stort omfang av s  rskrivingsavvik.<sup>7</sup> Eg m   understreke, heilt i starten, at eg er klar over at nokon vil diskutere om omfanget p   avvik er stort eller ikkje, etter at dei har lese presentasjonen som f  lgjer nedafor. Dei reelle tala p   s  rskrivingar kan verke alt anna enn store, sidan det i mange tekster berre er 1-3 s  rskrivingar. Samstundes er det 16 tekster med fleire enn 3 avvik. Eg har ikkje eit ynskje om    gje eit overdrive d  rleg inntrykk av mengda p   avvika. For    forklare kvifor eg tykkjer omfanget er stort i mange av tekstene, vil eg vise til skrivesituasjonen til tekstmaterialet. I kap. 3.3.3 forklarte eg at alle tekstene er heimeoppg  ver, skrivne p   datamaskin, og studentane har hatt tilgang til alle hjelpemiddel. Difor meiner eg at det er naturleg    vente seg f  rre avvik enn i tekster som er skrivne som skuleeksamenar, utan hjelpemiddel.

---

<sup>7</sup> Vidare vil eg med omgrepet 's  rskriving' tale om 's  rskrivingsavvik' og med 'samansetjing' vise til 'samansetjingsavvik'.

Funna i undersøkinga til Vollan (Språknytt 4/2007)<sup>8</sup>, nemnd i kap. 1.1, kan grunnge dette. Vollan har i si undersøking sett på særskriving i studenttekster frå to ulike skrivesituasjonar, skuleeksamenar (S-tekster) og heimeeksamenar (H-tekster), og ho fann ut at "mange studenter særskrivar i noen grad, enkelte i stor grad, ved begge eksamensformer, men flest særskrivingar er registrert i S-tekstene" (ibid.). Difor hadde eg ikkje venta å finne så mange avvik i heimeoppgåver.

Det er sjølvsagt store individuelle forskjellar, og mange tekster er nesten eller heilt frie for særskrivingar. Dei skal både nemnast og løftast fram. I tabellen under, tabell 4, vil eg presentere dei konkrete tala for særskrivingar i dei ulike tekstene. Dei informantane som ikkje særskriv, verken i bokmål eller nynorsk, er XI, XZ og YE. Ein del informantar har ei særskriving i den eine målforma, og ingen i den andre. Informantane YB, XN, XQ, XR, XS og YF har ingen særskrivingar i bokmål og berre ei særskriving i nynorsk. XD har ei særskriving på bokmål, men ingen på nynorsk. Grunnen til at eg framhevar desse informantane no, er at målet for presentasjonen som følgjer ikkje er å fokusere for mykje på dei tekstene med sær få særskrivingar. Eg vil heller dykke djupare ned i dei tekstene med mange særskrivingar, for det er her variasjonen mellom dei ulike kategoriane kjem best fram. Det er i gjennomsnitt 3,5 særskrivingar i kvar tekst, om ein deler dei 159 avvika på dei 46 tekstene kor dette avviket er registrert. Talet varierer frå 1 til 13. Fordelinga mellom tekstene er vist i tabellen under:

TAL PÅ AVVIK	TAL PÅ BM-TEKSTER	TAL PÅ NN-TEKSTER	<i>TIL SAMAN</i>
0	<b>11</b>	<b>11</b>	22
1 - 3	<b>11</b>	<b>19</b>	30
4 - 6	<b>6</b>	<b>3</b>	9
7 - 9	<b>3</b>	<b>0</b>	3
10 - 12	<b>3</b>	<b>1</b>	4
<i>TIL SAMAN</i>	34	34	68

Tabell 4: Fordeling av særskrivingar i tekstene

Om me ser bort frå dei 11 tekstene innan kvar målform som er fri frå særskrivingar, finn me 23 tekster på bae målformer som inneheld mellom 1 og 13 særskrivingar. Det kjem tydeleg

8 <http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2007/Spraknytt-42007/Holdnings-skapende-handlings-planer/>

fram i tabellen her at fire tekster inneheld langt fleire særskrivingar enn andre (10-12 avvik). Dette gjeld tekstene XT1, YD1, YH1 og YH2. Det skal bli spennande å sjå kva som skil dei ulike kategoriane med særskrivingar hjå ein informant som særskriv lite, og ein informant som har mange særskrivingar. For å vise dette best mogleg, kjem eg attende med meir utfyllande presentasjon av to av desse enkelttekstene seinare, i kap. 4.5. Her vil eg dykke ned i kva type kategoriar av særskrivingar eg finn i desse tekstene. Dette vil vere eit lite casestudium, som nemnt i kap. 3.7.2. Det er nemleg stor variasjon mellom ulike typar særskrivingar, samt kor mange avvik eg har registrert i dei ulike kategoriane og løfte fram i samband med forslag til vidare forskning i kap. 5.4.

Av tabellen ser me òg at det er fleire tekster på bokmål enn på nynorsk som inneheld meir enn tre avvik, jf. problemstilling U2. Båe målformer har 23 tekster med særskrivingar, av ulikt omfang. Seks bokmålstekster inneheld frå 4 til 6 avvik, mot tre tekster på nynorsk. Og medan det er tre bokmålstekster både i gruppa med 7 til 9 og 10 til 12 avvik, er det berre ei tekst på nynorsk som inneheld meir enn 6 avvik. Dette er eit interessant resultat, som eg vil kome attende til i oppsummeringa av særskrivingane i kap. 4.2.4.

#### **4.2.1 KVA ER SÆRSKRIVING OG SAMANSETJING?**

"*Særskriving* vil seie å skrive samansette ord i to eller fleire ord. Det er ein vanleg skrivefeil i dag at ord som skal skrivast i eitt, blir skrivne i to ord" (opphavleg kursivering)<sup>9</sup>). Dette gjeld ord som til dømes *rolle leik*, *kjempe gøy* og *felles trekk* (frå mitt tekstmateriale). Dette er såkalla samansetjingar, og "samansetningar, dvs. ord som er sette saman av fleire sjølvstendige ord, skal skrivast i eitt"<sup>10</sup>. Samansetjingar kan bestå av fleire rotord<sup>11</sup>, som eksempelvis *fiskebollemiddag*, og ein kan særskrive ordet på fleire avvikande måtar, som *fiske bollemiddag* og *fiskebolle middag*. Dei fleste samansetjingane er *determinative*. Det vil seie at me reknar etterleddet som kjernen i samansetjinga, og det syner kva ordgruppe samansetjinga høyrer til. Forleddet syner ei undergruppe eller delmengd av etterleddet, som avgrensar eller modifierer tydinga i etterleddet (NRG 2006:62-63).

Hovudregelen i norsk er at me ikkje bruker bindestrek i samansette ord, men nokre gonger kan ein setje inn ei bindestrek for å gjere lange samansetjingar lettare å lese (ibid.).

---

9 <http://www.sprakrad.no/Aktuelt-ord/Orddeling-og-sarskriving/>

10 <http://www.sprakrad.no/nn-no/Sprakhjelp/Skriveregler-og-grammatikk/Eitt-eller-fleire-ord/>

11 "Ord som alene består av en enkelt rot, som *hus* og *båt*, kaller vi **rotord**" (Faarlund, Lie og Vannebo 2006:16).

I tillegg er det ein del ord og grupper av ord som alltid skal ha bindestrek.<sup>12</sup> Difor vil eg òg rekne avvik i bruken av bindestrek i "bindestreksamansetjingar" som ein eigen kategori med særskrivingar.

På den andre sida er det fleire ord og uttrykk som skal særskrivast. Ord som då vert sett feil saman, kan anten vere direkte rettskrivingsfeil, eller dei kan endre den semantiske tydinga. "En huskeregel er at uttrykk som begynner på **av, for, i, med, om, over, på** og **til** ofte skrives i to ord"<sup>13</sup> (opphavleg utheving). To ord som vert sette feil saman til ei eining, vil ein då kalle samansetjingsavvik. I desse tilfella vil ein difor ikkje kalle særskriving for eit avvik, men den gjeldande norma.

Reglane for særskriving og samansetjing kan vere problematiske å få full oversikt over, og det førekjem mykje utryggleik hjå skrivande nordmenn. Ei særskriving får me fyrst når me deler eit ord som skal vere ei samansetjing inn i to eller fleire ord eller ledd. På same vis får me ei samansetjing når me set saman to eller fleire ord som eigentleg skal vere eigne einingar. I denne avhandlinga er det sjølvsagt avvika eg fokuserer på. Alle gonger informantane skriv samansetjingar riktig saman, er talte som rette, og alle gonger dei særskriv samansetjingar, er talte som avvik. Ei lita gruppe med samansetjingsavvik er òg registrert, og for dei har eg berre talt dei gongene ei avvikande samansetjing er registrert.

#### 4.2.2 KATEGORISERING

For å presentere feiltype 1 best mogleg vil eg spissformulere problemstilling U1 og spørje: Kva type samansetjingar er mest utsett for særskriving? Og kvifor særskriv informantane nettopp dei registrerte orda? Eg kategoriserer avvika ut frå eigenskapar, og eg vil i likskap med Hoaas (2008:57) fyrst finne ut kva type enkeltord som vert særskrivne oftast (og sjeldnast) i mitt datamateriale. Dette vil vise kva kategoriar som peiker seg ut som dei fellene det synest lettast å særskrive i. Ut frå desse enkeltorda og kategoriane håpar eg å kunne seie noko om eigenskapane til dei samansette orda som er knytt til stor mengd avvikande særskrivingar.

Datamaterialet mitt byggjer på fire ulike oppgåvetekster, som me såg i kap. 3.3.3. Difor er det gjerne ulike typar og kategoriar av ord som står i fare for å verte særskrivne i dei ulike tekstene. Eg kunne ha sikra større konvergens i dei avvikande orda om datamaterialet

---

<sup>12</sup> Dette gjeld "når forleddet er et egennavn (proprium) og skrives med stor forbokstav", som *Oslo-folk*, "når ordgrupper er forledd", som *tur-retur-billett*, "når forleddet angir himmelretning e.l. og etterleddet er et stedsnavn", som *Vest-Agder*, "når forleddet er et kortord", som *UD-ansatt*, "når to like vokaler støter sammen, kan bindestrek forekomme", som *fri-idrett*, og "i ord som *natt-tog*, *fjell-land* for å unngå å få tre like konsonanter etter hverandre" (jf. NRG 2006:89). Sjå kategori. A.1.4.  
<sup>13</sup> <http://www.korrekturavdelingen.no/K4sammenskriving.htm>

mitt hadde vore ein diktat, som hjå Hoaas (2008). Samansetjingane som informantane særskriv i mitt datamateriale, er med andre ord heilt tilfeldige. Dei er ikkje ord som eg har valt ut på førehand, som eg kunne vente eller tru at informantane ville særskrive. Dette kan meir autentisk syne kva for ord som kan verte særskrivne, sidan det vert opp til tekstmaterialet å gje svaret.

Som ein tilleggskategori har eg òg registrert samansetjingane i tekstene. Desse vil eg presentere til slutt, i kap. 4.2.5. Det er mykje færre samansetjingar enn særskrivingar, difor vert dei ikkje vigde like stor plass i avhandlinga. Her ynskjer eg i hovudsak å sjå på om talet på avvikande samansetjingar heng saman med talet på særskrivingar, og om eg kan sjå eit mønster for kva typar samansetjingar som er dei vanlegaste.

Tabellen under syner kategoriseringa og den hierarkiske strukturen i både særskrivingane og samansetjingane:

<b>SÆRSKRIVINGS AVVIK</b>	<b>A. Substantivsamansetjingar</b>
	A.1 Substantiv som forledd
	A.1.1. Samansetjing av to substantiv
	A.1.2. Samansetjing av stammer ved hjelp av binde-s
	A.1.3. Forleddet er eit samansett substantiv
	A.1.4. Samansetjing med avvikande bruk av bindestrek
	A.1.5. Substantiv som definerer alder
	A.2. Adjektiv som forledd
	A.3. Andre forledd
	<b>B. Adjektivsamansetjingar</b>
	B.1. Substantiv som forledd
	B.2. Adverb som forledd
	<b>C. Verbsamansetjingar</b>
	C.1. Nominalt forledd
	<b>D. Andre samansetjingar</b>
D.1. Samansetjing av preposisjonar	
D.2. Samansetjing av adverb	
D.3. Samansetjing av determinativ	
D.4. Samansetjing av konjunksjon	
D.5. Deling i morfemgrenser	
<b>SAMANSETJING AVVIK</b>	<b>E. Preposisjonsfrasar</b>
	E.1 - ulike preposisjonsfrasar
	<b>F.2 Andre særskrivingar</b>
	F.2.1 - nominalt forledd
	F.2.2 - tal som fyrste ledd
F.2.3 - adjektiv som fyrste ledd	
F.2.4 - med bindestrek	
F.2.5 - interjeksjon	

Tabell 5 : Kategorisering av feiltype 1

Eg vil kategorisere særskrivingane i mi avhandling på same måte som hjå Melby (2005:161-162), i tråd med den inndelinga me finn i *Norsk Referansegrammatikk* (Faarlund m.fl. 2006:61ff.). Med denne inndelinga som utgangspunkt, har eg tilpassa ho etter dei funna eg har gjort. Difor er ikkje alle dei opphavlege kategoriane med, og eit par ekstra kategoriar er lagt til i lista.

Tabellen viser dei fire hovudgruppene av samansetjingar, som er *substantivsamansetjingar* (A), *adjektivsamansetjingar* (B), *verbsamansetjingar* (C) og *andre samansetjingar* (D). Kvar hovudgruppe har ulike underkategoriar, og dei kategoriane som er aktuelle for mine funn, vert presenterte i inndelinga ovafor. I tillegg har eg ført opp samansetjingsavvik som ein femte hovudkategori, delt inn i kategoriane *adverbfrasar* (E) og *andre særskrivingar* (F), sjølv om denne hovudkategorien ikkje eigentleg er ein særskrivingskategori. Likskapen mellom særskrivingar og samansetjingar er likevel så stor at eg fann det tenleg å sjå på dei og tilhøvet mellom dei i samanheng. Denne kategoriseringa kjem eg til å følgje i presentasjonen i kap. 4.2.3 og kap. 4.2.5. Etter drøftinga av alle kategoriane i tabell 5 vil eg gå vidare til feiltype 2.

Eg kjem til å presentere ein *særskrivingsprosent*, i tillegg til talet på avvika, innafor dei fire særskrivingskategoriane. Dette presenterer kor stor prosent talet på særskrivingar er innafor den bestemte kategorien, sett i forhold til det totale talet på særskrivingar i materialet. Døme: I kategori B, adjektivsamansetjingar, er det 6 registrerte avvik. Med same formel for utrekningar som i kap. 3.7.3 og kap. 4.2.2, vil dette gje følgjande særskrivingsprosent:

$$\frac{100 * 6}{159} \approx 3,8$$

Særskrivingar av adjektivsamansetjingar utgjer 3,8 prosent av det samla talet på særskrivingar, så me ser at dette ikkje er den kategorien som er mest utsett for særskrivingar.

Eg har talt opp avvik i 4 hovudkategoriar, og resultatet kjem fram i tabellen under. Tabellen syner kor mange særskrivingar som høyrer heime i dei ulike hovudkategoriane, og kor stor prosent kategoriane dekkjer, i høve til det samla talet på særskrivingar. Fordelinga inne i kategoriane vil eg gå djupare inn i under kvar hovudkategori.

KATEGORI	TAL PÅ SÆRSKRIVINGAR	PROSENT
A. Substantivsamansetjingar	130	≈ 81,8 %
B. Adjektivsamansetjingar	6	≈ 3,8 %
C. Verbsamansetjingar	1	≈ 0,6 %
D. Andre samansetjingar	22	≈ 13,8 %
SUM	159	100 %

Tabell 6 : Fordeling mellom kategoriane

Denne tabellen peikar attende til spissformuleringa av problemstilling U1. Som ein av hovudkategoriane, er *substantivsamansetjingar* mest utsett for særskriving, med heile 81,8 prosent av avvika. Deretter kjem gruppa med *andre samansetjingar*, før *adjektivsamansetjingar* og *verbsamansetjingar*. I den tredje hovudkategorien er det berre eitt avvik.

Eg vil nå presentere dei særskrivne orda som høyrer heime i dei ulike kategoriane. Presentasjonen følgjer inndelinga ovafor, og kvar hovudkategori vert framsynt i ein tabell for å summere opp tala på avvik. Her syner eg òg dei konkrete orda med avvikande skrivemåte, samt ei kolonne til høgre i tabellen, som syner riktig skrivemåte av avvika. Utfordringa vert å forklare kvifor dei ulike orda vart særskrivne. Er det spesielle eigenskapar ved orda som kan forklare årsakene bak særskrivingane? Eg kan allereie no understreke at dei registrerte særskrivingane alle vart skrivne midt på ei line i teksta. Det dreier seg altså ikkje om ord som er delt på slutten av ei line, for å utnytte plassen. "Slik *orddeling ved linjeskift* er det reglar for"<sup>14</sup> (opphavleg kursivering). Og i språklære er *orddeling* og *særskriving* to ulike tilfelle. Der ikkje anna er nemnt, vil eg nytte *Norsk Referansegrammatikk* (Faarlund m.fl. 2006) som referanse for å forklare ulike skriveregler, under forkortinga 'NRG'.

Eg vil plukke ut nokre enkeltavvik undervegs for meir inngående drøfting, innan nokre kategoriar, der det er tenleg for å kunne forklare ei mogleg årsak bak avvika. Andre stader vil generelle drøftingar av ein heil kategori vere nok.

#### 4.2.3 SÆRSKRIVINGAR

Eg har valt å rekne ut prosenttalet for *talet på avvik i ei tekst* delt på *talet på potensielt sett riktige samansetjingar i same tekst*, kalla *særskrivingsprosent*. Prosentane er runda opp til berre ein desimal. Dette vil syne frekvensen på feilskrivingar for kvar tekst. Prosenten er då rekna ut frå talet på særskrivingar, delt på det totale talet på potensielle samansetjingar.

<sup>14</sup> <http://sprakradet.no/nb-no/Aktuelt-ord/Orddeling-og-sarskriving/>

Døme: XA1 har 8 særskrivingar av totalt sett  $8+97 = 105$  moglege:

$$\frac{8 * 100}{105} \approx 7,6 \%$$

Tabell 7 under gjev ei fullstendig oversikt over talet på særskrivingar i dei enkelte tekstene. Her har eg òg rekna ut ein særskrivingsprosent for særskrivingar i kvar tekst. I kolonnen "tal" står fyrst talet på særskrivingar, og deretter står talet på riktige samansetjingar. Særskrivingsprosenten er rekna ut frå summen av dei to tala.

	BOKMÅL (1)		NYNORSK (2)	
	TAL	PROSENT	TAL	PROSENT
XA	8 / 97	7,6	1 / 102	0,9
XB	5 / 106	4,5	0 / 74	0,0
XC	6 / 56	10,7	1 / 71	1,4
XD	1 / 76	1,3	0 / 70	0,0
XE	4 / 136	2,8	2 / 68	2,9
XF	1 / 91	1,1	2 / 97	2,0
XG	7 / 89	7,3	2 / 75	2,6
YA	7 / 106	6,2	1 / 74	1,3
YB	0 / 83	0,0	1 / 86	1,1
XH	3 / 104	2,8	0 / 68	0,0
XI	0 / 57	0,0	0 / 80	0,0
XJ	5 / 90	5,3	1 / 88	1,1
XK	2 / 62	3,1	5 / 80	5,6
XL	2 / 83	2,3	2 / 64	3,0
XM	3 / 118	2,5	0 / 58	0,0
XN	0 / 92	0,0	1 / 73	1,4
XO	0 / 67	0,0	2 / 98	2,0
XP	3 / 81	3,6	0 / 85	0,0
XQ	0 / 88	0,0	1 / 85	1,1
XR	0 / 104	0,0	1 / 65	1,5
XS	0 / 83	0,0	1 / 113	0,9
XT	12 / 62	16,2	3 / 78	3,7
XU	4 / 96	4,0	0 / 107	0,0
XV	2 / 92	2,1	0 / 76	0,0
XW	2 / 166	1,2	1 / 99	1,0
XX	0 / 97	0,0	2 / 154	1,3
XY	1 / 90	1,1	4 / 99	3,9
XZ	0 / 68	0,0	0 / 110	0,0
YC	5 / 94	5,0	0 / 83	0,0
YD	10 / 147	6,4	6 / 133	4,3
YE	0 / 99	0,0	0 / 76	0,0
YF	0 / 104	0,0	1 / 104	0,9
YG	2 / 122	1,6	1 / 87	1,1
YH	10 / 127	7,3	12 / 108	10,0

Tabell 7: Oversikt over særskrivingar og frekvensen vist i prosent

Som eit direkte svar på problemstilling U2, syner tabellen at 18 av 34 informantar har flest feil i tekstene på bokmål. Det gjeld 53 prosent av informantane. 12 av 34 informantar har flest feil i tekstene på nynorsk, 35,3 prosent. Dei resterande 11,7 prosentane er dei 4 informantane som har like mange (eller ingen) feil i b e m lformer. 1 informant (XL) har to s rskrivingar i b e tekstene sine, medan dei 3 siste informantane ( $\approx 8,8$  prosent), som nemnt i kap. 4.2, ikkje har s rskrivingar i nokon av tekstene sine.

Ved   studere tabellen n rare kan me  g sj  at frekvensen (prosenten) p  s rskrivingar varierer i dei ulike tekstene, sj lv om talet p  enkeltavvik er like stort. Tekstene XG1 og YA1 har b e 7 s rskrivingar. Likevel er feilprosenten h gare for XG1, d  det samla talet p  samanskrivingar her er 96, mot YA1 sine 113. Dette fortel at 7 avvik vekker meir oppsikt i tekst XG1 (7,3 prosent) enn i tekst YA1 (6,2 prosent).

## A. SUBSTANTIVSAMANSETJINGAR

Substantivsamansetjingar er den klart st rste gruppa med s rskrivingar (sj  tabell 6 s. 55). Det er til saman 130 avvik i denne hovudkategorien. Her finn me  g avvik registrerte i fleire ulike underkategoriar. Gruppa med substantivsamansetjingar med substantiv som forledd er s  variert at eg har sett det som naudsynt   dele ho inn i 5 underkategoriar, A.1.1 - A.1.5. S rskrivingsprosenten i tabell 8 syner talet p  avvik i kvar underkategori ut fr  samla tal p  avvik innan substantivsamansetjingar, ikkje ut fr  det totale talet p  s rskrivingar. Avvika i dei ulike underkategoriane her er fordelte slik:

A. SUBSTANTIVSAMANSETJINGAR	S�RSKRIVINGAR	PROSENT
A.1.1. Samansetjing av to substantiv	28	21,5
A.1.2. Samansetjing av stammer ved hjelp av binde-s	6	4,6
A.1.3. Forleddet er eit samansett substantiv	5	3,9
A.1.4. Samansetjing med avvikande bruk av bindestrek	39	30,0
A.1.5. Substantiv som definerer alder	26	20,0
A.2. Adjektiv som forledd	19	14,6
A.3. Andre forledd	7	5,4
<i>SUM</i>	<i>130</i>	<i>100</i>

Tabell 8: Fordeling i substantivsamansetjingar

Tabellen viser at 3 av underkategoriane i hovudkategori A har relativt f  avvik. Det er kategori A.3 som har f rrast s rskrivingar, med berre 7 avvik. 4 kategoriar har mange avvik, og her er det kategori A.1.4 som har klart flest, med sine 39 avvik.

## A.1 Substantiv som forledd

Substantivsærskrivningane er delte inn i fleire underkategoriar. Aller fyrst har me kategorien med substantiv både som for- og etterledd. Avvika i denne kategorien er ulike, og tre av dei er veldig store.

### A.1.1 Samansetjing av to substantiv

XA1	lyd produksjonen	lydproduksjonen
XC1	klasse time	klassetime
	rolle lek	rolleleik
XE1	regel lek	regellek
XG1	fonologi området	fonologiområdet
YA1	språk elementer	språkelementer
	del systemer	delsystemer
	del systemene	delsystemene
	del systemer	delsystemer
XK1	litteratur oppgave	litteraturoppgave
XN2	uttale måte	uttalemåte
XT1	rolle lek	rollelek
	rolle lek	rollelek
	rolle lek	rollelek
	rolle leken	rolleleken
	rolle leken	rolleleken
	verb trening	verbtrening
XT2	gull eple	gulleple
XW2	litteratur oppgåve	litteraturoppgåve
XY2	detektiv lek	detektivleik
YC1	fantasi verden	fantastiverden
	butikk lek	butikklek
	papir sedler	papirsedler
YH1	gull eple	gulleple
	gull eplet	gulleplet
	jente skrik	jenteskrik
	analyse metode	analysemetode
YH2	litteratur liste	litteraturliste

Tabell 9: Kategori A.1.1

Dette er ein av dei vanlegaste kategoriane av samansetjingar, og det er den underkategorien med nest flest avvik. I mitt tekstmateriale fann eg 28 tilfelle kor ei samansetjing der både for- og etterledd er substantiv, vart særskriven. Heile 23 av avvika er frå tekster på bokmål, og berre 5 er frå nynorsktekstene. Det er med andre ord meir vanleg å særskrive innan denne kategorien i bokmål enn i nynorsk.

Dette er ikkje berre ein vanleg kategori, men eg vil òg kalle han den mest grunnleggjande kategorien. I denne typen samansetjingar står forleddet oftast i ubestemt form eintal (NRG 2006:68). I følgje Kulbrandstad (2005:71) bør det i slike samansetjingar vere lett å høyre om det skal skrivast som eitt eller to ord. Dette heng saman med trykket i uttalen av ordet. Likt trykk på både ord gjev ikkje ei samansetjing, men om ein høyrer eit hovudtrykk og eit bitrykk, så skal ein skrive dei separate ordeiningane som eitt samansett ord<sup>15</sup>. Det kan tenkjast at nokre informantar vert usikre på trykket i lange ord, som i *litteraturoppgåve*, og derfor delar dei orda for å få mindre ordeiningar. Dette kan då vise ein tendens til utryggeleik eller manglande kunnskapar hjå informantane i høve til grunnleggjande orddanning. Dei er med andre ord ikkje heilt trygge i sin intuisjon som norske språkbrukarar, sidan så mange avvik kan tyde på at dei ikkje "høyrer" at dei skal skrive orda saman.

Eg registrerte, som nemnt, 23 av desse særskrivingane i bokmålstekstene, og dei andre 5 fann eg i nynorsktekstene. Det er med andre ord mykje meir vanleg å særskrive ord frå denne kategorien i bokmål enn i nynorsk, jf. problemstilling U2. Vidare kan eg, ved å setje tala frå tabellen i kap. 4.2 saman med informasjon om kven som har særskrivingar innan denne kategorien (jf. vedlegg 3), sjå at ingen informantar har ei særskriving frå denne kategorien som si einaste særskriving. Med andre ord, dei 15 tekstene med berre ei særskriving har ikkje særskrive noko ord frå denne kategorien. Det kan tyde på at det ikkje er ord frå denne kategorien som er lettast å særskrive, og eg kan då vente at informantane fyrst særskriv ord frå andre kategoriar, før dei særskriv ord frå denne kategorien. Dette kan verke underleg, sidan dette er ein av dei mest vanlege kategoriane å særskrive i. Det er samstundes mange som har opptil fleire særskrivingar her, og då kan ein tenkje at særskriving i denne kategorien ikkje berre skuldast utryggeleik. Det kan rett og slett vere at informantane med mange særskrivingar i denne kategorien, har starta å internalisere eit rettskrivingsavvik som del av sitt skrivemønster, kor utviklinga går i retning av fleire og fleire avvik av denne typen.

Det er spennande å sjå på mønsteret i særskrivingane som er oppførte i tabellen her - og ord som liknar - men er rett skrivne. I tekst XT1 har informanten særskrive ordet *rolle lek* og *rolle leken* fleire gonger. Samstundes er orda *rolleytring*, *språkleken*, og *konstruksjonsleken* riktig samanskrivne. Kva er det då med samansetjinga av rolle + lek(en) som fører til ei særskriving her? Særskrivinga verker ikkje logisk, og hadde det berre vore eitt registrert avvik av dette konkrete ordet, ville det vore nærliggjande å skulde på slurv, altså feil i utføringa. Sidan dette ordet er særskrive heile 5 gonger i denne teksta, må det liggje ei anna

---

15 "Vi kan anvende denne systematikken i IPA-transkripsjonen. <Rødvin> kan transkriberes [ 'rø: .vɪ n], hvis vi ønsker å markere at stavelse nr. 2 har bitrykk og halv lengde på vokalen" (Slethei 2006:111).

årsak enn slurv bak utføringa. Det er mogleg at informanten oppfattar *e*-en i *rolle* som ei form for binde-*e* og difor trur at samansetjinga skal særskrivast. Som eg skal gå nærare inn på i neste underkategori, så skal ikkje ord med bindeelement særskrivast. Det er òg truleg at særskrivinga kjem frå ein "tung" fonologisk kombinasjon av lydane (*ro*)*lle* + *le*(*k*). Sjølv med ein *e* i midten, får me ein kombinasjon av fleire l-lydar, som kan hende lagar "krøll på tunga" i uttalen av ordet. Informanten løyser dette ved å dele samansetjinga og lage ein pause mellom orda. Forklaringa bak særskrivinga kan anten vere dette, eller den eg omtala ovafor; utryggeleik i forhold til trykk + bitrykk, sidan særskrivinga gjev orda *rolle* og *lek(en)* kvart sitt hovudtrykk.

Det er kan hende lettare å forklare kvifor informanten i tekst XE1 har særskrive ordet *regel lek*. Her kan det vere kombinasjonen av *l* + *l* som skapar utryggeleik. I teksta kan eg sjå at liknande ord, *tumlelek*, *rollelek* og *språklek*, vert skrivne riktig saman. Om det tyder at kombinasjonen av dei to *l*-ane er det som skapar utryggeleik, vil ein ut frå eit språkleg perspektiv heller forstått om informanten hadde sett ei bindestrek inn mellom ordeiningane for å vise at dei heng saman, i staden for å dele ordet. Ved nærare ettersyn ser eg at informanten to gonger har skrive *regel**lek* i ei samansett eining i teksta si. Om det er utryggeleik som er den mest naturlege årsaka til særskrivinga i det eine tilfellet, kvifor har denne informanten ikkje stoppa opp kvar gong ho skulle skrive ordet *regel**lek*? Då er det meir nærliggjande å peike på anten fåkunne eller slurv, i staden for utryggeleik. Ein kan tenkje seg at informanten ikkje har sett grundig gjennom teksta si, før innlevering, men det kan ein ikkje vite sikkert. Det er òg tenkjeleg at informanten har valt å la ulike former av ordet bli ståande, som ei heilgardering. Som me såg i kap. 2.2.5, kan slurv eller "slips of the pen" førekome sjølv om ein eigentleg kjenner skrivemåten til ordet. Det store spørsmålet vert då: Om det er slurv som er årsaka bak denne særskrivinga, i kva grad skal ein vekte det? Mange vil gå så langt som å kalle avvik grunna slurv for dei verste avvika som finst, sidan ein så lett kan unngå dei. Avviket er i denne teksta ikkje eit teikn på ein avvikskategori som har starta å bre om seg. Informanten har berre eitt avvik i kategori A.1.1.

I tekst YC1 finn me ei anna særskriving av ei samansetjing med *lek* som etterledd, nemleg særskrivinga *butikk lek*. Forklaringa for denne særskrivinga er av ei anna art enn for både *rolle lek* og *regel lek*. Særskrivinga her kan best forklarast fonologisk, sidan samansetjinga *butikk**lek* kan vere fonologisk tung å uttale. Dette er truleg ei årsak til at informanten har særskrive ordet. Det som gjer denne uttalen tung, er kombinasjonen av *k* + *l*.

Årsaka til dette er måtane dei to lydane *obstruerer*<sup>16</sup> luftstraumen på, og kombinasjonen av dei. Fonemet /k/ er ein ustemt velar plosiv. Hjø Slethei (2006:34) les me at plosivar vert uttala med eit fullstendig oralt lukke og heva gane (velum). Tungeryggen vert heva mot den mjuke ganen, og slik dannar han obstruksjon for luftstraumen. Vidare er /l/-fonemet ein stemt dental/alveolar lateral. Her dannar tunga obstruksjon lenger framme i munnen, og luftstraumen må passere på ei eller baa sider av midtlina på tunga (Slethei 2006:45). Uttalen av kombinasjonen k + l krev mykje arbeid for tunga, der ho fyrst er trekt bak og opp mot den mjuke ganen, der opphevinga av det orale lukket frigjer eit intraoralt luftrykk (Slethei 2006:36). Vidare går tungespissen fram mot tennene og tannkammen, og luftstraumen må passere på sidene av tungeryggen. Særskrivninga av samansetjinga *butikklek* vil rett og slett gje tunga meir tid på å forflytte obstruksjonen mellom plosiven og lateralen. Det er sær truleg at informanten har kjent på denne tunge uttalen, då han særskreiv *butikk lek*, sjølv om dette kan vere ei veldig innfløkt forklaring. Det kan vere relevant å trekkje parallellar mellom uttalen/talemålet og den skriftlege realiseringa. Som nemnt ovafor, meiner Kulbrandstad at ein bør kunne høyre om samansetjingane skal særskrivast eller ei, ved å uttale orda for seg sjølv - anten høgt eller i hovudet sitt. Munnleg uttale av ei tung, fonologisk samansetjing kan vere det som her gjer informanten utrygg på den skriftlege realiseringa av ordet.

Mange, mellom anna Kulbrandstad (2005:71), meiner at påverknad frå det engelske skriftspråket kan verke inn på orda i denne kategorien. I engelsk skriv ein ord som *hot dog* og *movie star* i to einingar. Det er rimeleg å tru at studentane kan vere påverka av det engelske skriftspråket, sidan det norske språket stadig mottek nye impulsar frå engelsk innan fleire nye fagfelt, som til dømes teknologi og forskning. Ein kan diskutere om dette er ei god forklaring eller ei. Men fleire språkforskarar, som Arne Torp<sup>17</sup>, vil hevde at det er denne påverknaden som fører til at ein i norsk deler samansette substantiv i større grad enn tidlegare. Samstundes viser Torp til at det i engelsk ikkje er klare reglar for særskrivning og samansetjing, òg når det gjeld bruk av bindestrek. Difor bør me i norsk skriftspråk halde oss til våre reglar og ta vare på særpreget i vårt eige morsmål, i staden for å la oss forvirre av uklare engelske reglar og skiftande skrivemåtar.

Walmsnes presenterer (i Språknytt 3–4/2002) undersøkinga si frå 1999. Her held han fram følgjande påstand: "Studier viser at særskrivingsfeil dukker opp i elevtekster *før* elevene

---

16 "obstruksjon (av lat. *obstructio*, til *obstruere*, mure igjen; stenge, stoppe til)" (<http://www.caplex.no/Web/ArticleView.aspx?id=9325714>)

17 [http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Eldre/Liker\\_du\\_Gammel\\_Ost\\_og\\_Krum\\_Kaga/](http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Eldre/Liker_du_Gammel_Ost_og_Krum_Kaga/)

har lært å skrive engelsk. Det indikerer etter mitt skjønn at påvirkningen fra engelsk ikke spiller en avgjørende rolle på begynnerstadiet"<sup>18</sup>. Han meiner at erfaringar med det engelske skriftspråket ikkje har så stor overføringsverdi til opplæringa i norsk morsmål. Samstundes seier han at ein kan tenkje seg at "innflytelsen fra engelsk henger sammen med hvor mye beskyttende ballast elevene har fått med seg av gode kunnskaper og ferdigheter i morsmålet" (ibid.).

Hoas (2008:103) meiner at det ikkje er rett å stille spørsmålet om det er påverknad frå engelsk som er årsaka eller ei. Samanhengen mellom den engelske og norske særskrivinga kan ein vanskeleg gjere sannsynleg, og det er heller ikkje riktig fokus. Me skal heller freiste å motvirke trenden om å særskrive, jf. kap. 2.1.1.

Oppsummert er det nok utryggleik eller manglande kunnskap om korleis trykket i ei samansetjing skal vere for at to (eller fleire) rotord skal skrivast saman, som fører til særskriving i denne kategorien. Dette er i så fall utryggleik knytt til noko av det mest grunnleggjande når det gjeld orddanning på norsk. Eg vil nesten tillate meg å påstå at kvart eit vake "språkøyre" vil kunne høyre at alle særskrivingane i lista her eigentleg skal vere samansetjingar. Det er mogleg at informantane bak særskrivingane ville vore samde, om ein hadde lese opp dei avvikande særskrivingane og samanskrivingane for dei.

#### A.1.2 Samansetjing av stammer ved hjelp av binde-s

XG1	minoritets bakgrunn	minoritetsbakgrunn
XT1	lærings situasjon	læringssituasjon
XT2	innleverings oppgave	innleveringsoppgave
YG1	torsdags kvelden	torsdagskvelden
YH1	innleverings oppgaver	innleveringsoppgaver
YH2	undervisnings time	undervisningstime

Tabell 10: Kategori A.1.2

I denne kategorien finn me 6 særskrivingar. Ved substantiviske forledd får forleddet ganske ofte lagt ein -s eller ein -e etter seg, før etterleddet (NRG 2006:69). I denne kategorien kan eg òg inkludere samansetjingar av stammer ved hjelp av binde-e, men det er ingen registreringar av denne typen særskrivingar. (Det er eit par særskrivingar med binde-e i tekstmaterialet, men dei høyrer heime under kategori A.2, *substantivsamansetjingar med adjektiv som forledd*.)

<sup>18</sup> [http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_2002/Spraaknytt\\_2002\\_3\\_4/Saerskriving\\_av\\_sammensatte\\_o/](http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_3_4/Saerskriving_av_sammensatte_o/)

Funksjonen til binde-*s* er å knyte saman for- og etterledd og å vise kor skiljet mellom dei to ledda er. Ein kan tenkje at nokre informantar trur at dei må understreke dette skiljet med eit mellomrom, i tillegg til å bruke binde-*s*. Reglane for når ei samansetjing skal ha binde-*s* og ikkje, er uklare, og det kan vere vanskeleg å få oversikt over dei. Ein skal uansett ikkje dele samansetjinga, om ho har bindeelement eller ei. Nokre haldepunkt for når ein skal nytte binde-*s*, finn me i NRG (2006:70). Der går det fram at dei i stor grad er knytte til skilnaden i uttale mellom ord med og utan binde-*s*<sup>19</sup>.

Det kan vere nærliggjande å tru at informantane kan blande saman binde-*s* og genitivs-*s*. Dette tolkar eg ut av at eg ikkje fann særskrivingar med binde-*e* i denne gruppa av samansetjingar. Binde-*e* er òg ei samansetjingsfuge. Ingen funn av særskrivingar med denne fuga peiker på at det kan vere andre forhold ved *s*-en som førar til særskriving i samansetjingar med binde-*s*. Men kan dei meine at tydinga skal vere *minoriteten sin bakgrunn* og *torsdagen sin kveld*? Ut frå konteksten orda er skrivne i, vil dette vere ei lite aktuell tolking. Det er meir sannsynleg eit uttrykk for utryggleik i høve til korleis ein skal skrive ord med binde-*s*, og manglande forståing av reglane for dette. Og sidan orda kan sjå ut som genitivsord, kan dette ordbiletet verke inn på utryggleiken.

Det er 4 ulike informantar som har særskrive ord med binde-*s*, og særskrivingane finst i tekster både på bokmål (4 avvik) og på nynorsk (2 avvik). Dette gjev eit svar frå denne kategorien på problemstilling U2. I denne kategorien er det òg meir vanleg å særskrive ord på bokmål enn på nynorsk. Om ein i forhold til nynorsktekstene skulle tru det var same samanblanding av binde-*s* og genitivs-*s*, ville eg her ha venta at orda hadde vorte skrivne om med *sin*-genitiv, for å prøve å fjerne *s*-en i slutten av forleddet. Sidan informantane ikkje har skrivne orda om, vil denne tolkinga ikkje vere aktuell, og samanblandinga med genitivs-*s* er ikkje ei dekkjande forklaring. Då er det rimeleg å tru at informantane sin utryggleik i høve til når dei skal nytte binde-*s* og ikkje, leier vidare til særskriving av orda, òg på nynorsk.

Påverknad frå engelsk er ikkje eit like dekkjande argument for denne kategorien. Ei samanblanding av binde-*s* og genitivs-*s* er ikkje like sannsynleg i engelsk, då ein i engelsk markerer genitiv anten med apostrof eller ved ein of-konstruksjon (*Nina's song* og *the leg of the chair*)<sup>20</sup>.

---

19 "Sammensetninger uten binde-*s* uttales normalt med tonem 2 når forleddet er et enstavelsessubstantiv. Sammensetninger med binde-*s* uttales helst med tonem 1 når forleddet er enstavet. Når forleddet er to- eller flerstavet, får sammensetningen samme tonem som forleddet: *søndag* og *søndagspappa* tonem 1, *gråstein* og *gråsteinsmur* tonem 2" (NRG 2006:70). Binde-*s* er elles vanlegare når forleddet er en avledning (*anleggsarbeid*, *besøksrett*) enn når forleddet er eit rotord (*stressfaktor*, *skitur*). For fleire reglar om binde-*s*, sjå NRG s. 70.

20 <http://www.eslmonster.com/article/genitive-case>

Overgangen mellom binde-*s* og genitiv er interessant. I NRG (2006:254-255) ser me korleis substantivfrasar med genitiv-*s* har ulik funksjon. Dei kan vere både bestemmarar og skildrarar. I *Karis bok* er genitivleddet ein klår eigedomsgenitiv, ein bestemmar. I *eit alle tiders selskap* ser me skildrande genitiv, i *frekkheitas nådegave* er genitiven tematisk definerande, og i *konganes konge* har me partitiv genitiv. *Et nøttetres skap* er òg partitiv genitiv (stoffgenitiv), og denne forma kan liggje nær ei samansetjing. Meir problematisk vert det for eit uttrykk som *åtteårsdagen*, kor me har ein rest av ei gamal genitivsform. For nærare forklaring om kvar dette uttrykket kan plasserast, sjå kategori A.1.5.

### A.1.3 Forleddet er eit samansett substantiv

XC1	småskole trinnet	småskoletrinnet
XE2	julepynt butikken	julepyntbutikken
XK2	actionhelt figurar	actionheltefigurar
YD1	språklek periode	språklekperiode
YH2	språklek periode	språklekperiode

Tabell 11: Kategori A.1.3

5 ulike informantar har kvar si særskriving av ei substantivsamansetjing som har eit samansett forledd. Substantiva kan òg ha eit samansett etterledd, som i ordet *lommeordbok* (NRG 2006:68), men i alle desse 5 tilfella er det forleddet som er samansett. Fordelinga mellom målformene er ganske jamn, med 2 særskrivingar på bokmål og 3 på nynorsk. Informantane har her ikkje særskrive inne i forleddet, som til dømes *små skoletrinnet* eller *jule pynt butikken*, men samansetjinga i forleddet får vere urørt. Dei samansette forledda vert berre skilt frå etterledda.

Her kan forklaringa bak særskrivinga vere at informantane ikkje høyrer kor trykket i samansetjinga ligg. Med tre rotord sette saman, kan det vere vanskeleg å høyre at samansetjinga i forleddet får eit felles hovudtrykk, og at etterleddet får bitrykket. For å unngå unødige lange ord, deler informantane då ordet mellom for- og etterledd. Påverknad frå engelsk kan òg her vere ei aktuell årsak. Då vil forklaringa bak samanskrivingane vere den same her som under kategori A.1.1. Om påverknaden frå engelsk er den verkelege årsaka, vil det samstundes vise at informantane ikkje har kunnskap nok om orddanning på norsk.

Eg vel å tru at informantane deler orda ganske enkelt ut frå lengda på dei. I to av dei tekstene som har registrerte avvik i denne kategorien, fann eg òg avvik i kategori A.1.1. Dette

gjeld tekstene XC1 og YH2. Sidan desse informantane verker utrygge i høve til samansetjing av to ledd, så vert dei òg utrygge i samansetjing av tre ledd.

#### A.1.4 Samansetjing med avvikande bruk av bindestrek

XA1	skarre r rulle r ng lyden rulle eller skarre r lese og skrive opplæring "lurifaks" ordene rulle- og skarre r	skarre- <i>r</i> rulle- <i>r</i> ng-lyden rulle- eller skarre- <i>r</i> lese- og skriveopplæring "lurifaks"-ordene rulle- og skarre- <i>r</i>
XD1	/ bokstaven	/-bokstaven
XE1	her og nå situasjonen	her-og-nå-situasjonen
XE2	reality TV	reality-TV
XF2	her-og-nå situasjonen	her-og-nå-situasjonen
XG1	skarre r rulle r lese og skrivevansker lese og skrivevanske	skarre- <i>r</i> rulle- <i>r</i> lese- og skrivevansker lese- og skrivevanske
XG2	barn/foreldre forholdet	barn/foreldre-forholdet
YA1	ng lyden lese og skriveopplæring	ng-lyden lese- og skriveopplæring
XH1	alle barna vitsene	alle-barna-vitsene
XJ1	f, s og j lydene r fonemet konsonant- og vokal fonemene	<i>f</i> -, <i>s</i> - og <i>j</i> -lydene <i>r</i> -fonemet konsonant- og vokalfonemene
XJ2	heime - reise - heime strukturen	heime-reise-heime-strukturen
XM1	konsonantbokstaven eller bokstavene	konsonantbokstaven eller -bokstavene
XO2	lese og skriveopplæringa lese- og skrive opplæringa	lese- og skriveopplæringa lese- og skriveopplæringa
XP1	"nesten" lukke /r/ fonemet	"nesten"-lukke /r/-fonemet
XQ2	lese- og skrive opplæring	lese- og skriveopplæring
XS2	her- og nå-situasjonen	her-og-nå-situasjonen
XT1	vinn/vinn situasjon	vinn/vinn-situasjon
XV1	/r/ fon /l/ fon	/r/-fon /l/-fon
XW1	/r/ fonemet	/r/-fonemet
XX2	m og ng-lyden l og rl-lyden	<i>m</i> - og <i>ng</i> -lyden(e) <i>l</i> - og <i>rl</i> -lyden(e)
YD1	TV program 9 åring	TV-program 9-åring
YF2	ein og to-åringar	ein- (eitt-) og to-åringar

Tabell 12: Kategori A.1.4

Dette er den største gruppa av særskrivingar, med heile 39 ulike variantar. Heile 28 avvik er henta frå bokmålstekster, og dei utgjer omtrent 72 prosent av avvika i denne kategorien. Nynorsktekstene har 11 avvik, som er dei siste 28 prosentane. Avvik i denne gruppa er vanlegare på bokmål enn nynorsk, jf. problemstilling U2. Det er òg ei vanskeleg ordgruppe, og reglane for samanskriving her er utfordrande å få eit godt oversyn over. Eg vil kalle dette for ei gruppe med *akademiske feil*, sidan reglane for desse samansetjingane kan vere kompliserte og utfordrande.

I følgje Norsk Referansegrammatikk nyttar ein bindestrek i følgjande tilfelle:

– når forleddet er et egennavn (proprium) og skrives med stor forbokstav [...] – når ordgrupper er forledd [...] – når forleddet angir himmelretning e.l. og etterleddet er et stedsnavn [...] – når forleddet er et kortord [...] – når to like vokaler støter mot hverandre [...] – i ord som *natt-tog*,  *fjell-land* for å unngå å få tre like konsonanter etter hverandre. (NRG 2006:89)

Det er semje om at bruk av bindestrek i nokre tilfelle kan lette lesinga (jf. Sprakrådet<sup>21</sup>). Dette er vanleg å gjere i lettlesbøker, på stader der det er valfritt om ein vil nytte bindestrek eller ikkje, "til dømes der to vokalar eller tre konsonantar støyter saman, eller viss ordet er sett saman av lange eller framande ledd" (ibid.). På den andre sida er bindestrek slett ikkje valfritt alle stader. Om ein då ikkje nyttar bindestrek der ein skal, så vil det påverke både lesinga og kommunikasjonen<sup>22</sup>.

Eit vake auge vil kunne sjå at nokre ord i lista ovafor ikkje har avvikande bruk av bindestrek, men orda har særskrivingar likevel. Sjølv om bindestreken er på plass der han skal vere, så har nokre informantar særskrive etterleddet i samansetjinga. Dette gjeld orda *rulle- og skarre r* (XA1), *konsonant- og vokal fonemene* (XJ1), *lese- og skrive opplæringa* (XO2) og *lese- og skrive opplæring* (XQ2). Eg har valt å plassere dei i kategorien med bindestrekord, sidan dette er samansetjingar som skal ha bindestrek. Ein kan diskutere om etterleddet her skulle vore plassert i ein annan kategori, som til dømes "verb + substantiv", for dei to siste døma. Men der er etterleddet del av ei ordgruppe, difor vil eg føre avvika opp her.

For eit par særskrivingar i lista er det ganske forståeleg at bindestrekane er utelate. Det gjeld orda */r/ fonemet* (XP1), */r/ fon*, */l/ fon* (XV1), og */r/ fonemet* (XW1). Eg vil tru at informantane anten har gløymt eller med vilje utelate bindestrek etter fyrste ledd, sidan dei faktisk viser at dei veit at dei skal skrive eit fonem mellom to skråstrekar. I *r fonemet* (XJ1) er det meir tydeleg at bindestreken burde vere der. Eg vil likevel stille alle dei 5 nemnde orda i

---

21 <http://sprakradet.no/nn-no/Sprakhjelp/Skriveregler-og-grammatikk/Eitt-eller-fleire-ord/>

22 [http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler\\_og\\_grammatikk/Bindestrek/](http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Bindestrek/)

dette avsnittet i same kategori, sidan det i alle tilfelle eigentleg skal vere ein bindestrek mellom for- og etterleddet, i tillegg til skråstrekar.

Det er interessant og kanskje litt overraskande å sjå at informantane vel å utelate bindestrek i så mange tilfelle som dei faktisk gjer. Ein kunne i alle fall vente ein meir gjennomført bruk av bindestrek i korte samansetjingar, som *skarre r* (XA1) og *9 åring* (YD1). Mange av dei andre samansetjingane kan, som sagt, vere av ein meir akademisk art. Her kan ein spørje om reglane for bruk av bindestrek er for vanskelege, sidan det er tydeleg at informantane ikkje har kunnskap nok innan dette feltet. Med heile 39 særskrivingar, må denne kategorien få mykje oppmerksomd. Som svar på spissformuleringa i problemstilling U1, kap. 4.2.2, kan eg slå fast at dette er den gruppa som er mest utsett for særskriving i mitt tekstmateriale. Alle avvika kan fortelje at reglane ikkje er fullt internaliserte, og informantane er utrygge i høve til når dei skal nytte bindestrek og ikkje. Eit døme på dette er informant XF2, som i *her-og-nå situasjonen* verkeleg freistar å binde ledda saman med bindestrek, men ho får ikkje knytt ordgruppa i fyrste ledd saman med sisteleddet.

Hjå informant XX2 er manglande bruk av bindestrek etter fyrste ledd knytt saman med sviktande samsvarsbøying. Kombinasjon av fleire avvik i samansetjingane *m og ng-lyden* og *l og rl-lyden* tyder klart på manglande internaliserte normer om rettskriving. Desse to avvika er dei einaste særskrivingane informant XX har i nynorskteksta si. Dette kan syne ein tendens om at reglar for bindestreksamansetjingar er dei mest utfordrande å få grep om, og at utryggleik i høve til bindestreksamansetjingar kan føre til anten slurv eller utryggleik på andre område, som til dømes samsvarsbøying. Her vil eg òg nemne særskrivinga i tekst XC2, "*l* bokstaven". Der trur eg bruk av kursiv i fyrsteleddet har overskygga kravet om bindestrek mellom dei to ledda. Det kan hende at informanten ikkje veit at ein skal knyte *l*-en i fyrsteleddet saman med etterleddet, sidan det ikkje er eit eige ord, men berre ein bokstav. *L*-en og etterleddet utgjer i denne samanheng eit samla ord eller uttrykk, og ei bindestrek mellom dei er naudsynt for å få fram denne samanhengen.

I særskrivingane i tekst XE2 og YD1 er det avvik frå regelen om bindestrek når forleddet (eller etterleddet) er kortord eller initialord (jf. NRG 2006:89, 133). Her har me særskrivingane *reality TV* og *TV program*. I baa tilfelle ser me at ledda er nært knytt saman, men trykket i uttalen vert fordelt som to like hovudtrykk, i staden for hovud- og bitrykk.

Heile 12 av avvika høyrer heime i kategorien om koordinering av samansette ord. Vil me stryke ein del av eit ord, som i *lese og skriveopplæringa* (for *leseopplæringa og skriveopplæringa*), må me erstatte ordet med ein bindestrek. Om me utelet bindestreken, som til dømes informant XO har gjort her, vil kommunikasjonen skurre, og samanhengen mellom

*lese og skriveopplæringa* vert mindre tydeleg. Dette inkluderer òg dei orda eg nemnde ovafor, der bindestreken er på plass, men etterleddet er særskrive. "Når samansette ord er koordinerte, kan etterleddet i fyrste konjunkten strykast når det er identisk med etterleddet i den siste konjunkten. Dette førekjem fyrst og fremst i skriftspråket" (NRG 2006:1150). Fleire døme på dette er *rulle eller skarre r* (XA1) og *konsonant- og vokal fonemene* (XJ1). I tillegg har me eit døme på følgjande: "Stryking av forleddet i den siste konjunkten kan også forekomme einskilde gonger i skriftspråk" (NRG 2006:1151). Dette gjeld samansetjinga *konsonantbokstaven eller bokstavene* (XM1). Reglane for dette er klare, men det er tydeleg at dei ikkje er internaliserte hjå alle informantane.

To av særskrivingane syner uttrykk med bruk av skråstrek. Dette gjeld orda *barn/foreldre forholdet* (XG2) og *vinn/vinn situasjon* (XT1). I følgje nettsidene til Språkrådet, brukast skråstrek i nokre samansetjingar saman med bindestrek<sup>23</sup>. Dei nemnde døma fell inn under denne kategorien. Avvika ligg, heilt klart, i at bindestrekane ikkje er tekne med, og samansetjingane er difor særskrivne. Det er berre to avvik i denne kategorien under samansetjingar med bindestrek, så ein kan ikkje generalisere ut frå desse funna. Avvika kan likevel syne ein utryggeleik i bruk av både skråstrek og bindestrek, og at bruken av dei i same samansetjing kan vere vanskeleg. Reglane for dette kan vere vanskelege å få oversikt over, sjølv om ein på nettsidene til Språkrådet kan lese om når ein bør nytte skråstrek og når ein bør byte skråstreken med ein bindestrek. Skråstrek kan tyde både *og* og *eller* (jf. fotnote 23).

Kan hende det ikkje er rimeleg å vente at informantane skal ha oversikt over alle reglar som er oppført i Norsk Referansegrammatikk. Internaliseringa av reglane skal optimalt sett skje gjennom skulegangen. Det er tydeleg at fleire informantar ikkje har full oversikt over reglane for samansetjingar og bruk av bindestrek, sidan dette er den største gruppa med særskrivingar. Det er mogleg ein kan forklare dette ut frå manglande undervisning i emnet. Eit av læreverka for allmennlærerstudiet, til dømes, tek ikkje med reglar for denne kategorien i presentasjonen av særskriving og samanskiving. Dette er Kulbrandstad (2005) si lærebok "Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder". Bindestreksamansetjingar er ein av dei mest krevjande kategoriane å få oversikt over, og difor er det uheldig at dei ikkje er nemnt i dette læreverket. Det kan hende at fleire lærarar er utrygge sjølve, og at dei difor ikkje rettleiar elevane nok i dette emnet. Den skriftlege mengdetreninga og rettleiinga knytt til ho er viktig.

I vedlegg 5 ser me noko av det studentane skal kunne lære elevane sine, når dei vert

---

23 <http://sprakradet.no/nn-no/Sprakhjelp/Skrivereglar-og-grammatikk/Skraastrek/>

ferdig utdanna lærarar. Her er grunnleggjande orddanning på norsk eit tema, knytt til eit døme frå ei lærebok for sjette klasse. Dette er med andre ord tema desse studentane har vore gjennom i allmennlærerstudiet sitt. Kunnskapsløftet er den skulereforma som vart vedteken av Stortinget i 2004. "Kunnskapsløftet stiller nasjonale krav og målsettinger for skolen, men gir skolene frihet til å velge arbeidsmåter og organisering selv" (Hølleland 2007:19). Kvar skule og kvar lærar har ei stor utfordring i å nå dei måla som vart sett i Kunnskapsløftet og dei enkelte læreplanane. I læreplanverket for Kunnskapsløftet er det fire generelle delar. Dei enkelte faga har individuelle læreplanar, som er bygde på *kompetansemål*. Desse seier kva elevane skal meistre og kunne gjere, ut frå den kunnskapen dei har tileigna seg gjennom dei enkelte faga (Hølleland 2007:32-33). Dei *grunnleggjande ferdigheitene* i læreplanane krev mellom anna at ein skal kunne uttrykkje seg skriftleg - i tråd med skriftspråksnormene. Desse grunnleggjande ferdigheitene gjeld mellom anna lesing og skriving. Grunnen til at eg nemner dette så konkret her, er at det er heilt vesentleg at lærarane meistrar dei normene som dei igjen skal lære vidare til elevane sine. Kategori A.1.4 er det klaraste dømet på rettskrivingsreglar som allmennlærerstudentane ikkje har godt nok grep om.

### A.1.5 Substantiv som definerer alder

XB1	1-2 års alderen	1-2-årsalderen
	seks års alderen	seksårsalderen
XC1	5-6 års alderen	5-6-årsalderen
XF2	4 års-alderen	4-årsalderen
XH1	4 års alderen	4-årsalderen
	6års alderen	6-årsalderen
XK2	7-8 års alderen	7-8-årsalderen
	7 års alderen	7-årsalderen
	6-7 års alderen	6-7-årsalderen
XY2	6års alderen	6-årsalderen
	seks års alderen	seksårsalderen
	3-4 års alderen	3-4-årsalderen
YC1	5-6 års alderen	5-6-årsalderen
YD1	7-8 års alderen	7-8-årsalderen
	1-2 års alderen	1-2-årsalderen
	3 års alderen	3-årsalderen
	6-8 års alderen	6-8-årsalderen
	6 års alderen	6-årsalderen
	6 års alderen	6-årsalderen
YG2	1 års alderen	1-årsalderen
YH2	7-8 års alderen	7-8-årsalderen
	1 til 2 års alderen	1-2-årsalderen
	3 års alderen	3-årsalderen
	6-8 års alderen	6-8-årsalderen
	9 års alderen	9-årsalderen
	6 års alderen	6-årsalderen

Tabell 13: Kategori A.1.5

Eg fann det som riktig å la desse orda få sin eigen kategori, sidan det er heile 26 avvikande måtar å skrive orda i denne kategorien på. Fordelinga mellom målformene her er ganske jamn. Her har nynorsktekstene flest avvik, med sine 14, mot dei 12 avvika i bokmålstekstene. Dei ulike forslaga spenner seg frå *seks års alderen* (XB1 og XY2), til *6års alderen* (XH1), *7 års alderen* (XK2), *1-2 års alderen* (YD1) og *1 til 2 års alderen* (YH2). Dei mange ulike måtane å skrive substantiv som definerer alder på, syner stor utryggleik.

I fyrste omgang vil eg trekkje fram dei 2 tilfella der sjølve talet er skrive med bokstavar, *seks års alderen* (XB1 og XY2). Dette er dei 2 tilfella som ikkje skal ha bindestrek i samansetjinga, jf. Korrekturavdelingen<sup>24</sup>. Alle dei andre orda skal ha bindestrek mellom talet og resten av leddet. Det er forresten valfritt om ein vil nytte tal eller bokstavar i

<sup>24</sup> <http://www.korrekturavdelingen.no/K4Bindestrek.htm>

samansetjingar med tal som fyrsteledd<sup>25</sup>. Og grunna denne valfridomen, vil eg ikkje plassere desse avvika under kategorien for bindestreksamansetjingar. Eg fryktar at denne valfridomen kan føre til utryggleik, som drøfta i innleiingskapitlet (kap. 1.2). For her er det ikkje berre valfridom innafor ei konkret målform, men valfridom når det gjeld rettskriving generelt sett.

I lista over kan me sjå at eit par informantar har mange avvik i denne kategorien. Både YD1 og YH2 har heile 6 avvik her. Det fortel at dei kan oppleve dette som ein vanskeleg kategori. Sjølve forma "års" er ein rest av genitiv. "Åre- og års- er opphavleg gamle genitivformer, *åre* i fleirtal (jf. norrønt *ára*) og *års* i eintal (jf. norrønt *árs*). På norrønt styrte preposisjonen *til* genitiv, jf. *tilårskommen* og *til års*"<sup>26</sup>. No ser me at denne resten av genitiv vert brukt i ordsamansetjingar òg. Bak til dømes inkjekjønnsordet *år*, brukar me genitivs-s, og for former som *årstal* og *årsalder*. Denne bakgrunnen kan opplevast som så komplisert, at det er lite truleg at informantane har full oversikt over han. Likevel syner alle særskrivingane i denne kategorien ein tendens om at informantane oppfattar genitivsforma i *års* som ein faktor som fører til særskriving. Eg vil her trekkje parallellar til drøftinga under kategori A.1.2. På same måte som bruk av binde-s i den kategorien ikkje skal føre til særskriving, så skal heller ikkje ein rest av ei gamal genitivsform føre til særskriving i denne kategorien. Sjølv om det er tydeleg at informantane ikkje har oversikt over dette, kan eg vere freista til å gje dei skryt for at dei (etter alt å døme) kjenner att denne genitivsforma. Likevel kan eg ikkje sjå vekk frå at orda er særskrivne, og at dette nok ein gong tyder på manglande kunnskap om rettskrivingsreglane.

---

25 <http://sprakradet.no/nn-no/Sprakhjelp/Skrivereglar-og-grammatikk/Tall/>

26 <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-42010/Historia-bak/>

## A.2 Adjektiv som forledd

XC2	minste jenta	minstejenta
XE1	felles trekk	fellestrekk
	felles kultur	felleskultur
YB2	felles trekk	fellestrekk
XJ1	første språk	førstespråk
XX1	fattig jenta	fattigjenta
XX2	norsk time	norsktime
XL2	norsk time	norsktime
	norsk timer	norsktimer
XP1	andre språk	andrespråk
XR2	fattig jenta	fattigjenta
XT1	norsk time	norsktime
	norsk time	norsktime
XU1	andre språk	andrespråk
	andre språk	andrespråk
XW1	dobbel konsonanter	dobbelkonsonanter
YH1	kristen folk	kristenfolk
YH2	norsk time	norsktime
	inquiry sirkelen	inquiry sirkelen

Tabell 14: Kategori A.2

19 særskrivingar høyrer heime i kategorien *substantiv med adjektiv som forledd*. Det skildrande forleddet er altså i 19 tilfeller skilt frå etterleddet, 11 gonger i tekster på bokmål og 8 gonger i nynorsktekster. Det syner ein tendens om at denne typen avvikande særskriving er vanlegare på bokmål enn på nynorsk, jf. problemstilling U2.

Særskriving av samansetjingar i denne kategorien fører ofte til ei endra tyding. Dette kan me sjå i dømet *andre språk* (XP1 & XU1). Særskrivinga fører ordet bort frå ei einssidig tyding som talordet i 2. *språk*, og ho kan like gjerne tolkast som eit ubunde pronomen, med tydinga *fleire andre språk*. Ved samansetjinga *andrespråk*, er det tydeleg at det er snakk om ein person sitt 2. *språk* og ikkje personens *fleire andre språk*. "I mange tilfelle kan sammensetninger av adjektiv - substantiv alternere med tilsvarende fraser" (NRG 2006:75). Dette treng ikkje endre tydinga, som til dømes i *fattig jenta* (XX1 & XR2). Det må kome tydeleg fram av konteksten kva tyding ein er ute etter, dersom ein vel å særskrive samansetjinga.

Det er tydeleg at fleire informantar har ei utfordring med å sjå at for- og etterledd i desse tilfella skal skrivast som eitt ord. Konteksten har ikkje i noko tilfelle opna for

særskrivne former og den tydinga som særskrivninga tek med seg. Difor er desse 19 særskrivningane registrerte som avvik i tekstmaterialet.

I det fyrste avviket, *minste jenta* (XC2), er det eit adjektiv i superlativform + binde-*e*. Det kan hende at same forklaring kan gjelde her, som for substantivsamansetjingane med binde-*s* (kategori A.1.2). Informantane har ei meining om at dei skal særskrive orda etter bindeelementet.

Særskrivningane *minste jenta* (XC2) og *norsk time* (XK2, XL2, XT1, YH2) peiker på korleis skilnaden mellom substantivfrasar og substantivsamansetjingar kan gje innhaldet ulik tyding. Særskrivningane av samansetjingane *minstejenta* og *norsktime* endrar den tydinga desse samansetjingane har fått nettopp som samansetjingar. I særskrivningane, som substantivfrasar, får adjektiva ein meir generell skildrande funksjon. Som del av ei samansetjing, går adjektiva inn i ei meir spesialisert og avgrensa tyding, som nemninga på ei gruppe. Eg forklarar meir om denne skilnaden i den nesten tilsvarande kategorien for avvikande samansetjingar, kategori F.2.3.

### A.3 Andre forledd

<b>Adverb som forledd</b>		
YH1	Østa vinden	Østavinden
	Østa vinden	Østavinden
	Østa vinden	Østavinden
	Norda vinden	Nordavinden
<b>Substantiv danna av verb ved konversjon</b>		
XC1	sammen heng	sammenheng
<b>Ubøygde substantiv som forledd</b>		
YD1	nonsens lek	nonsenslek
YH2	nonsens lek	nonsenslek

Tabell 15: Kategori A.3

Eg har samla 7 avvik i kategorien *substantivsamansetjingar med andre forledd*. 4 avvik har eit adverb som forledd, og alle 4 er registrerte i same bokmålstekst. Her er 6 av avvika på bokmål, og berre 1 på nynorsk. I høve til problemstilling U2 kan me slå fast at underkategoriane med andre forledd er mest særskrivne på bokmål, sjølv om tala på avvik i desse 3 kategoriane er så små at ein ikkje kan generalisere ut frå dei. Eg vil kategorisere forledda *østa-* og *norda-* til etterleddet *vinden* som ei form for stadadverbial. Dei syner ei himmelretning og seier kor vinden kjem frå, frå øst eller nord. I samansetjinga er dei gjort om til eit eigennamn, og i

eventyret dei er henta frå, er dei namn på vinden frå to av fire himmelretningar. Det er ikkje særleg vanleg å ha adverb som forledd i substantivsamansetjingar<sup>27</sup>. Og sidan alle 4 avvika er skrivne av same informant, tyder det på at dette ikkje er ein kategori det er vanleg å særskrive innan.

Det er heller ikkje så vanleg å særskrive substantivet *sammenheng* (XC1), og eg oppfattar det som eit spesielt tilfelle. Samansetjinga er danna av eit verb ved konversjon. Her gjeld dei same reglane som for avleiingar danna av verb + preposisjon, kor avleiingsbasen oftast er den samansette forma (*innbinding* av *binde inn*) (NRG 2006:86). Substantiv som er danna av verb ved konversjon "kan være avledet både av sammensatte verb og verbfraser" (NRG 2006:87). Dette avviket kjem frå verbfrasen *hengje saman*. Det er mogleg informanten har hatt denne verbfrasen i bakhovudet under særskrivninga, og at ho ikkje oppfattar samanhengen mellom dei to ledda som så sterk at dei skal setjast saman i det konverterte substantivet. Uttalen av særskrivninga fører med seg ein unaturleg pause mellom dei to ledda. Denne informanten har særskrive i fleire andre kategoriar, og det kan tyde på generell dårleg kunnskap om orddanning gjennom samansetjing på norsk. Dette kan òg fortelje at ei så spesiell særskrivning fyrst oppstår når ein særskriv i andre kategoriar. Avviket ville ikkje finnast hjå informantar med svært få særskrivningar. Til dømes har ingen av tekstene med berre ei særskrivning avvik i denne kategorien, jf. vedlegg 3. Sidan denne informanten har særskrivningar frå 4 andre kategoriar, i tillegg til dette avviket, meiner eg at avviket ikkje kan bortforklarast som slurv.

Til slutt i denne blanda kategorien finn me samansetjinga *nonsenslek* særskrive to gonger. Forleddet er eigentleg eit ubøygd substantiv, så samansetjinga kunne vorte plassert i kategorien substantiv + substantiv òg. Samstundes vil eg kalle *nonsens* for eit slag skildrande substantiv, i den grad det er mogleg. Ordet kan mellom anna tyde *meningsløyse*, *snakk*, *tøys* og *vanvidd* (jf. Berulfsen & Gundersen 2004). I denne konteksten skildrar det ein type leik som meningslaus eller tullete. Ein kan elles forklare særskrivninga av denne samansetjinga på same måte som for den andre kategorien med substantiv som forledd. Det handlar om manglande språkforståing, der ein ikkje høyrer eller ser at ledda skal samanskrivast og endar opp med å gje *nonsens* og *lek* kvart sitt hovudtrykk. Dette kan kome frå utryggleik i forhold til norma, kan hende grunna påverknad frå engelske språknormer.

---

27 "Blant adverb er det særlig *ikke/ikkje* som opptrer som forledd: *ikke-person*, *ikkevold*, *ikkeangrep(spakt)*. Men også andre kan forekomme: *nåtid*, *nestenulykke*, *straktiltak*" (NRG 2006:77-78).

## B. ADJEKTIVSAMANSETJINGAR

Denne hovudkategorien tel berre 6 avvik, fordelte på to underkategoriar. Eg vil omtale dei samla, sidan det ikkje er fleire avvik her.

B.1 Substantiv som forledd		
XB1	kjempe streng	kjempestreng
	kjempe seint	kjempeseint
	kjempe gøy	kjempegøy
XM1	lek preget	lekpreget
B.2 Adverb som forledd		
XC1	bitte liten	bitteliten
XM1	bitte små	bittesmå

Tabell 16: Kategori B.1 og B.2

Det er altså 6 særskrivingar av adjektivsamansetjingar, og alle er registrerte i tekster på bokmål. 4 av avvika har eit substantiv som forledd, og dei 2 siste har eit adverb i fyrste ledd. Det er oftast eit substantiv i forleddet i adjektivsamansetjingar. Men vidare gjeld følgjande sitat for 3 av 4 substantivforledd her: "Forledd fra flere ordklasser kan ha avbleiket betydning og bare ha en allment forsterkende funksjon" (NRG 2006:80). I fyrste underkategori har me 3 adjektiv med forsterkende forledd. Ein kan diskutere om forleddet *kjempe* er eit adjektiv eller eit substantiv (eller eventuelt eit verb). Ordstamma er strengt tatt eit substantiv, sjølv om ordet lett kan bytast ut med adjektivet *veldig*, utan store endringar i tydinga. Difor vil eg seie at substantivforleddet *kjempe* i desse 3 samansetjingane får adjektivisk bruk. Dette kjem eg attende til om litt.

Avviket *lek preget* (XM1) er eit interessant tilfelle. Ved fyrste blick kan det sjå ut som eit adjektiv, då det i konteksten som det er henta frå i informantteksta, er snakk om "lek preget øvelser" (kor det i tillegg er manglande samsvarsbøying). Forleddet er heilt klart eit substantiv, men er etterleddet eit adjektiv, slik at *lekpreget* er ei adjektivsamansetjing, eller er heile *lekpreget* partisippform av eit verb? I NRG (2006:79) kan me sjå at ord som *risikofylt* og *nærliggjande* er samansetjingar, sidan verba *\*risikofylle* og *\*nærliggje* ikkje finst. Samstundes er orda *fastlagt* og *grunnleggjande* danna av verba *fastleggje* og *grunnleggje*, og dei er med andre ord ikkje adjektivsamansetjingar, men partisipp av samansette verb. Eg var nær ved å setje *lekpreget* i same gruppe som *knivdrept*, ut frå liknande substantivforledd. Men her er tilhøvet litt meir komplisert. *Lekpreget* har ikkje ført til danninga av verbet *\*lekprege*, slik som *knivdrept* har gjeve opphav til *knivdrepe*. Ut frå danninga av dette verbet, vil me

kalle *knivdrept* for eit partisipp. Sidan *lekpreget* ikkje dannar eit verb, kan me konkludere med at dette er eit samansett adjektiv, med eit substantiv som forledd og eit adjektiv som etterledd, danna gjennom konversjon.<sup>28</sup> Ut frå denne inngåande presentasjonen, er det ikkje overraskande om informanten ikkje har full oversikt over reglane for kva som skil eit partisipp og eit adjektiv danna gjennom konversjon. Sjølv om ein kan meine at den språklege intuisjonen skulle fortalt informanten at ordet uansett ikkje skal særskrivast, så kan ein forstå om utryggleiken her har ført til særskriving.

Eg vil seie at dei 2 avvika i den siste underkategorien nesten har den same forsterkande funksjonen som dei 3 fyrste særskrivne adjektivsamansetjingane. *Bitte* er eit adverb som skildrar etterleddet. Adverb plar ofte stå til verbet og vil då modifisere, forsterke eller skildre verbet. I desse to særskrivingane står adverbet *bitte* til adjektiva *liten* og *små*,<sup>29</sup> kor det definerer eller skildrar storleiken. Det kan tyde på at forleddet *kjempe* (subst.) og forleddet *bitte* (adv.) fører til same utryggleik i høve til særskriving og samansetjing.

Om me går ut frå at me kan byte båe forledd ut med adverbet *veldig*, utan å få store endringar i tydinga, då dukkar det opp eit språkspørsmål om reglane for særskriving og samansetjing. For kvifor skal *kjempeseint* og *bitteliten* samanskrivast, når ein skal skrive *veldig streng* og *veldig liten* i to ord? Dette kan ein forklare ved at både *kjempe* og *bitte* er forledd i ei samansetjing, men *veldig* er eit adledd som til dømes uttrykkjer eigenskapen til adjektivet i ei adjektivfrase (NRG 2006:394). Ei mogleg forklaring på kvifor *kjempeseint* ikkje skal særskrivast, er at ein bruker forleddet *kjempe*- attributivt saman med adjektiv som passar til den substantiviske tydinga av *kjempe*<sup>30</sup>, altså med semantisk samsvar (som i *kjempesterk*, *kjempestor*). Sjølv om forleddet kan ha avbleika tyding og får same forsterkande funksjon som *veldig*, så endrar det ikkje den syntaktiske funksjonen. Alternativt kan me nytte *kjempe* attributivt utan semantisk samsvar, som i *kjempeseint* og *kjempegøy* (særskrivne i tekstmaterialet). Den originale tydinga av substantivet har i stor grad falt vekk (engelsk: *delexicalization*<sup>31</sup>), og det kan tenkast at dette har skjedd grunna utvida bruk av ordet. *Kjempe* får likevel ikkje same adverbiale funksjon som gradsadverbet *veldig*, som står til adjektivet på ein lausare måte, og ein kan lett byte det ut med andre gradsadverb (døme: *litt seint*, *ganske liten*).

---

28 "Mange adjektiver er konvertert fra perfektum partisipp, altså verbformer" (NRG 2006:124). Ved konvertering kan eit ord gå over i ein annan ordklasse, utan å endre den morfologiske forma, og går inn i nye funksjonar i ein ny ordklasse. Eit adjektiv konvertert frå eit partisipp, går inn i adjektiviske funksjonar (NRG 2006:125).

29 *Liten* har uregelmessig samsvarsbøying: *liten* (mask.) - *lita/liten* (fem.) - *lite* (nøytr.) - *små* (fleirtal) (NRG 2006:371).

30 I samansetjinga "kjempeliten" får me ei semantisk motseiing, eit oksymoron, kombinasjon av to kontrastar, "liten som ein *kjempe*".

31 "At every stage of linguistic history the process of logicalization, and more generally, *delexicalization*, is in progress" (<http://www.cecm.sfu.ca/~thalie/PhD/node23.html>).

Det er ikkje venta at informantane som har produsert tekstmaterialet, skal ha full oversikt over desse innfløkte forklaringane. Reglane for særskriving og samansetjing kan vere vanskelege å få tak på. Nok ein gong må eg peike på den språklege intuisjonen som Kulbrandstad òg peiker på (jf. kategori A.1.1), som heng saman med kva trykk orda i ei samansetjing får når dei vert uttalte. Denne intuisjonen kan ein kjenne på, sjølv om ein ikkje kjenner alle reglar knytt til han.

## C. VERBSAMANSETJING

I denne hovudkategorien er det i mitt tekstmateriale berre registrert 1 avvik. Dette er den hovudkategorien som er dårlegast representert, men eg vil likevel gje kategorien oppmerksomd som hovudkategori. Det eine avviket kan vise at det ikkje er vanleg å særskrive verbsamansetjingar i mitt tekstmateriale.

### C.1 Nominalt forledd

XT1	videre utvikle	videreutvikle
-----	----------------	---------------

Tabell 17: Kategori C.1

Avviket her stammar frå verbfrasen *utvikle vidare*. Ordet *vidare* er komparativforma av adjektivet *vid*, og opphavleg tyding kan vere å *utvikle ytterlegare*. Særskrivinga syner at denne informanten ikkje ser at dette uttrykket òg kan danne ei samansetjing. Det er meir vanleg å nytte den samansette forma i bokmål, mens verbfrasen er meir vanleg i ei meir munnleg nynorsk målform (NRG 2006:85).

At det berre er eit avvik i denne kategorien, kan fortelje at det ikkje er veldig vanleg å særskrive verb med nominalt forledd (eller verb i sin heilskap). Eg tør ikkje å generalisere noko ut frå eit så lite funn, men eg vil bruke funnet til å fortelje noko om denne informanten. XT1 er nemleg, som me såg i kap. 4.2.1, ein av dei fire informantane som er registrert med 10 eller fleire særskrivingar. Det kan med andre ord verke som at det ikkje er kven som helst som vel å særskrive ei verbsamansetjing, sidan denne særskrivinga finst hjå ein informant med særskrivingar frå 6 ulike kategoriar. Kan hende andre informantar ville valt å skrive samansetjinga om til ein verbfrase, om dei var utrygge på om dei skulle dele verbsamansetjinga eller ei. Eventuelt har dei god kunnskap om verbsamansetjingar, sidan alt tyder på at det berre er informant XT som er usikker på tilhøvet mellom verbfrasar og verbsamansetjingar. Difor kan eg, i likskap med Hoaas (2009), slå fast at samansetjingar som

har eit verb anten i forledd eller etterledd ikkje vert delt så ofte<sup>32</sup>. Eg vil nytte tekst XT1 i eit casestudium seinare i kapitlet.

## D. ANDRE SAMANSETJINGAR

Kategorien for *andre samansetjingar* utgjer samla sett den nest største hovudkategorien, etter substantivsamansetjingar. Denne kategorien er vidare delt inn i 5 underkategoriar, kor den fyrste (kategori D.1) har flest registrerte avvik.

### D.1 Samansetjing av preposisjonar

XF1	vesten for	vestenfor
YA2	vesten for	vestenfor
XL1	vesten for	vestenfor
	vesten for	vestenfor
XT1	innen for	innenfor
XT2	østen for	østenfor
XU1	i mot	imot
	i mot	imot
YC1	i fra	ifra
YD2	austa for	austafor
	austa for	austafor
YG1	i mot	imot

Tabell 18: Kategori D.1

Det er 15 særskrivingar i denne kategorien, og dei er ganske jamt fordelte mellom målformene. Det er greitt å dele dei fleste avvika inn i to grupper, preposisjonar med etterleddet *-for* og preposisjonar med forleddet *i-*. Avvika med etterleddet *-for* kan vere både preposisjon og adverbial. Til dømes vil ordet *innenfor* ha tydinga *på innsida av* når det vert brukt som preposisjon. Som adverb kan ordet verte brukt som *å vere innafor* - i ein krins, ein familie eller bak murane (jf. Guttu 2011). Konteksten til særskrivingane talar likevel klarast for ei kategorisering av dei som preposisjonar i denne samanhengen.

I lista her er det nokre avvik som står fram som ekstra interessante. Det er avvik som *vesten for* (XF1, YA2 & XL1), *østen for* (XT2) og *austa for* (YD2). Alle desse

32 <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt-2009/Spraaknytt-22009/Hvorfor-skal-vi-bry-oss-med-sarskriving/>

samansetjingane viser til tittelen på eventyret som innlevering B, oppgåve 1, handlar om (Østenfor sol og vestenfor måne, jf. kap. 3.3.3), og det burde difor vere klart at dette er samansetjingar som ikkje skal særskrivast. Særskriving av ord i tittelen til eventyret tyder på dårleg språkkjensle og ein form for likesæle.

Nokre preposisjonar er sette saman av preposisjonsforleddet *i-* og eit etterledd som òg er ein preposisjon. Døme på dette finn me i lista over avvika, i særskrivingane *i mot* (XU1 & YG1) og *i fra* (YC1). "De har stort sett samme betydning som tilsvarende preposisjoner uten *i-*, men brukes oftere når preposisjonen ikke har utfylling" (NRG 2006:88). Desse avvika fann eg berre i bokmålstekstene.

## D.2 Samansetjing av adverb

XA2	heimen frå	heimenfrå
XG2	heime frå	heimefrå
XY1	alt for	altfor
YD2	under vegs	undervegs

Tabell 19: Kategori D.2

Me har 4 registrerte avvik i denne kategorien. 3 av avvika fann eg i tekster på nynorsk, og det siste er frå ei bokmålstekst. Her kan me sjå ein kategori som, i motsetnad til mellom anna kategori A.2 og A.1.4, har flest avvik i tekster på nynorsk. Mengda på avvik her er likevel ikkje stor nok til å generalisere og slå fast at desse avvika er mykje meir vanleg å skrive på nynorsk enn på bokmål. Dei fleste samansette adverb har adverb eller preposisjon som etterledd, som i *altfor* (NRG 2006:87). Ut av det litle talet på avvik her, kan me seie at det ikkje er så vanleg å dele samansette ord frå denne kategorien. Likevel er det spennande å gå attende til dei informantane som er representerte her, og sjå kor mange andre ord som er særskrivne i desse tekstene. Både hjå XA2 og XY1 er dette avviket det einaste særskrivne ordet. XG2 har dette avviket som eitt av to, og YD2 har i tillegg til dette avviket dei 5 særskrivne orda i den førre kategorien, D.1. Informant XA, XY og XG kan vise at dette er ein aktuell kategori å gjere feil innan, sjølv for informantar som særskriv lite. Men sidan særskriving frå denne kategorien viser seg så lite utbreidd, kan ein ikkje stemple han som ein veldig vanleg særskrivingskategori.

Det ville vere vel så interessant å sjå nærare på dei tekstene som inneheld få særskrivingar. Sjølv om eg i innleiinga i kap. 4.2.1 sa at eg ikkje skulle fokusere så mykje på

dei tekstene, så vil eg trekkje dei fram der dei kan forklare noko om kor utbreidd ein kategori er, òg om kva type informantar som særskriv innan ulike kategoriar. Desse avvika kan syne tendensar for kva informantane er usikre på i språket.

### D.3 Samansetjing av determinativ

YA1	en hver	enhver
-----	---------	--------

Tabell 20: Kategori D.3

Med berre 1 avvik, er denne kategorien svakt representert. Det kan tyde på at særskrivingar innan denne kategorien kjem eit stykke ut i rekkja, etter at ein fyrst særskriv ord frå andre kategoriar. Informanten som har særskrive determinativet her, har òg særskrivingar frå to større kategoriar, substantivsamansetjingar med substantiv som forledd, A.1.1, og substantivsamansetjingar med avvikande bruk av bindestrek, A.1.4, jf. vedlegg 3.

I følgje *Norsk Referansegrammatikk* (2006:219-220) er *enhver* ein kvantor, eit determinativ, som uttrykkjer anten mengd eller kvantitet. Andre kvantorar, som *alle* og *både*, har gruppa som heilskap som referanse, men "entallsformene *hver|kvar* og *enhver* refererer distributivt til hvert enkelt medlem i gruppa" (NRG 2006:219). I mange tilfelle bruker ein *enhver* utan kjerne, eller med generell tyding som determinativt adledd. Denne presentasjonen kan peike på ei mogleg årsak til at dette determinativet er særskrive. Informanten kan ha tenkt på det synonyme uttrykket *hver* og *en*, med referanse til kvar enkelt medlem i den gruppa det er snakk om. I den teksta særskrivinga er registrert, står avviket i følgjande kontekst: "(...) vil ikke disse bli uttalt på samme måte i en hver situasjon" (tekst YA1). Informanten meiner kan hende ha at særskrivinga meir tydeleg får fram dei einskilte situasjonane det er snakk om. Ulempa er at særskrivinga hemmar kommunikasjonen noko, jf. kap. 2.2.5, då ein kan stoppe opp og lure på om det er snakk om berre ein situasjon eller kvar situasjon. Dette er to ulike semantiske tolkingar, som hadde vore resultatet om ein hadde stroke anten *en* eller *hver*.

Særskrivinga fann eg i ei tekst på bokmål. I ei nynorsktekst ville ein mykje heller skrive "kvar og ein" eller "alle", og då ville ikkje særskriving vore ei problemstilling. Det er likevel å vente at ein på bokmål òg skal høyre og sjå at særskrivinga her er eit avvik frå norma.

#### D.4 Samansetjing av konjunksjon

XG1	etter som	ettersom
-----	-----------	----------

Tabell 21: Kategori D.4

Det dukka opp ei særskriving av ein konjunksjon òg. Her har me eit døme på ei særskriving som ikkje har rot i at ein deler ei samansetjing midt i det semantiske innhaldet, men riv ordet i to mellom to morfemgrenser. Informanten som har delt konjunksjonen *ettersom*, har særskrivingar frå fleire andre kategoriar. Det tyder med andre ord på at ei tekst med få særskrivingar ikkje har avvik registrert i denne kategorien, som vedlegg 3 syner tydeleg.

Å innleie leddsetningar er ein av dei viktigaste funksjonane til konjunksjonen *ettersom* (NRG 2006:1035). Men ordet får ei ny tyding når ein særskriv det. Den mest opplagte tydinga av ordet ut av konteksten det er henta frå, er *ettersom = fordi*, og ikkje den tydinga ordet får etter særskrivinga, *etter som = etter kvart som*, jf. Språkrådet<sup>33</sup>. Dette kan fortelje at informanten ikkje er kjent med at ordet får ulike tydingar, alt etter om det er sær- eller samanskrive.

Forklaringa bak denne særskrivinga kan, i tillegg til dårleg kjennskap til tydinga av ordet, vere korleis trykket i ordet ligg. I særskrivinga av ordet, vert *som* trykklett. Her er referansen til tidlegare forklaring tydeleg (jf. kategori A.1.1). Trykket i samansetjinga syner eit hovudtrykk og eit bitrykk. Denne særskrivinga er eit av dei klaraste døme på at dette ikkje er to hovudtrykk, men eitt ord.

#### D.5 Deling i morfemgrense

XJ1	fin nes	finnes
-----	---------	--------

Tabell 22: Kategori D.5

Dette må vere den særskrivinga i tekstmaterialet som vekker mest oppsikt. Ho skil seg veldig frå dei andre, for dette ordet er ikkje ei samansetjing i utgangspunktet, før særskrivinga. Til vanleg vert orda delte der dei har ei semantisk endring, mellom to ulike rotord og tydingar, eller mellom to morfemgrenser, som i førre kategori. Difor er det noko spesielt med ei deling midt i ei morfemgrense, i eit ord som ikkje er ei samansetjing ein gong. Dette er eit døme på langt komen særskriving. Kan hende informanten her har vore ekstra merksam på stavingane

<sup>33</sup> <http://sprakradet.no/nn-no/Sprakhjelp/Skriveregjar-og-grammatikk/Eitt-eller-fleire-ord/>

ordet er bygt opp av og difor har sett inn eit mellomrom mellom dei to stavingane. Denne spesielle særskrivinga er registrert midt på ei line, det er altså ikkje snakk om deling av eit ord ved lineskift. I så fall ville det vore riktig å dele ordet midt mellom den doble konsonanten, men ein hadde då trengt ei bindestrek etter *fin-*, før lineskift, som forklart i kap. 4.2.2.

Her er det òg greitt å streke under at denne særskrivinga ikkje er den einaste i tekst XJ1. Informanten har særskrive substantiv frå fleire ulike kategoriar. Det kan sjølvsagt vere at ein kan forklare delinga av ordet *finnes* som rein slurv, eit uheldig ekstra mellomrom midt i eit ord. Om så er tilfelle, kan ein likevel slå fast at denne typen slurv ikkje bør førekome i ei fagtekst. Dette er eit av dei mest tydelege eksempla på at særskrivingar kan vere støy i kommunikasjonen, jf. kap. 2.2.7.

Det er nok lettare å skrive avvik av denne typen når ein skriv på data, enn når ein skriv for hand. På data dannar ein pausar ved eit lite trykk på tasten for mellomrom. Det kan vere lett å lage eit mellomrom i til dømes ordet *mellom rom* på data, utan at ein meiner noko med det og rettar seg inn att med det same. Og om då dei to einingane ikkje vert markerte med raud strek under seg, kan det vere lett å sjå forbi det ekstra mellomrommet. Med denne tanken bak i hovudet, kan det vere lettare å forklare eller tone ned denne litt underlege særskrivinga.

#### 4.2.4 OPPSUMMERING AV SÆRSKRIVINGAR

Kategoriane:	Avvik			Prosent	Til saman:
	BM	NN	T.S.		
A.1.1. Subst + subst	23	5	28	17,6	
A.1.2. Subst + -s + subst	4	2	6	3,8	130
A.1.3. Samansett forledd + subst	2	3	5	3,1	avvik
A.1.4. Bindestrek + subst	28	11	39	24,5	81,8
A.1.5. Aldersdefinering + subst	12	14	26	16,4	prosent
A.2. Adj + subst	11	8	19	12,0	
A.3. Andre forledd + subst	6	1	7	4,4	
B.1 Subst + adj	4	0	4	2,5	6 avvik
B.2 Adv + adj	2	0	2	1,3	3,8 prosent
C.1 Verb	1	0	1	0,6	
D.1 Preposisjonar	8	7	15	9,5	Andre:
D.2 Adverb	1	3	4	2,5	22
D.3 Determinativ	1	0	1	0,6	avvik
D.4 Konjunksjon	1	0	1	0,6	13,8
D.5 Morfemgrenser	1	0	1	0,6	prosent
<i>Til saman:</i>	105	54	159	100	

Tabell 23: Oppsummering av særskrivingar

For å samle trådane etter presentasjonen av særskrivingane, vil eg vise tala for avvik i dei ulike kategoriane i ein oppsummerande tabell, tabell 23 på førre side. Ei liknande oversikt hadde eg under kategori A, tabell 8, s. 57, men den gjaldt berre samansetjingane av substantiv, uavhengig av målformer. Tabellen her syner den konkrete skilnaden mellom talet på avvik i dei ulike målformene. Her ser me òg korleis særskrivingsprosenten varierer mellom grupper av ord som høyrer til i ulike ordklasser. Prosenttala er runda opp eller ned til berre ein desimal.

Det er stor variasjon i talet på særskrivingar i dei ulike kategoriane. Medan 4 underkategoriar berre har 1 avvik, finst det kategoriar med både 28 og 39 avvik. Det er samansetjingane av substantiv som samla er den største gruppa med særskrivingar. Heile 130 avvik høyrer heime her. Elles er det relativt få særskrivingar i dei andre kategoriane. Kva som vidare karakteriserer avvika, kjem eg attende til i oppsummeringa av særskrivingar og samansetjingar, i kap. 4.2.7.

Dei 105 særskrivingane i bokmålstekstene er 66 prosent av det totale talet på særskrivingar. Særskrivingane i nynorsktekstene, 54 avvik, utgjør då 34 prosent. Det er 3 underkategoriar som har fleire avvik registrert i nynorsktekstene enn i tekstene på bokmål. Dette er kategoriane *substantiv med samansett forledd* (A.1.3), *substantiv som definerer alder* (A.1.5) og *adverbsamansetjingar* (D.2). Dette summerer opp dei mange svara under kvar kategori i høve til problemstilling U2. Det er merkbart fleire avvik i tekstene på bokmål enn i tekstene på nynorsk.

Vedlegg 3 summerer opp kva kategoriar som har mange og få særskrivingar, og korleis særskrivingane spreier seg i studentgruppa. I tillegg ser me her kva kategoriar dei med få særskrivingar har særskrive i, og kva kategoriar informantar med mange særskrivingar har registrerte avvik innan. 13 tekster har berre ei særskriving og 11 av desse er nynorsktekster. Dei 13 tekstene med berre ei særskriving, har særskrivingar innan følgjande 6 kategoriar:

	KATEGORI	STUDENTAR
A.1.1	Substantiv + substantiv	2
A.1.4	Bindestrek	4
A.1.5	Aldersdefinerer + substantiv	1
A.2	Adjektiv + substantiv	2
D.1	Preposisjonar	2
D.2	Adverb	2

Tabell 24: Tekster med ei særskriving

Her er 6 av 16 kategoriar representerte. Det er stor spreing på kva kategori avviket høyrer heime i når tekstene berre har 1 avvik av denne feiltypen. På den andre sida syner vedlegg 3 at det finst tekster med avvik frå opptil 7 ulike kategoriar, og då er det gjerne fleire avvik i fleire kategoriar. To tekster med mange avvik kjem eg attende til i casestudien seinare, i kap. 4.5.

#### 4.2.5 SAMANSETJINGAR

Samansetjingar er ikkje særskrivingar. Kategorien er likevel så lik at eg vil presentere dei samansetjingane som er registrerte i tekstmaterialet i forlenginga av særskrivingane. Det er på langt nær like mange samansetjingar som særskrivingar, men dei avvika som er registrerte, vil eg ha med i avhandlinga. I mitt tekstmateriale har informantar 39 gonger sett saman to syntagme som skal stå kvar for seg. Dei 39 samansetjingane vert kategoriserte på liknande måte som særskrivingane, og dei er førte opp i same tabell, tabell 5, i kap. 4.2.2. Eg vil no presentere dei konkrete samansetjingane i tråd med denne kategoriseringa, omtrent på same måte som med særskrivingane. Nokre kategoriar og avvik går eg litt mindre i djupna på, sidan hovudfokuset her er tilhøvet mellom særskrivingar og samansetjingar i dei enkelte tekstene.

I kap. 4.2 har eg sett inn ein tabell som syner fordelinga av talet på særskrivingar i tekstene. Ein lik tabell kan her syne kor mange samansetjingar eg har registrert. Ein ser at det på langt nær ikkje er så mange som for særskrivingane.

TAL PÅ AVVIK	TAL PÅ BM-TEKSTER	TAL PÅ NN-TEKSTER	TIL SAMAN
0	<b>18</b>	<b>25</b>	= 43
1	<b>12</b>	<b>6</b>	= 18
2	<b>3</b>	<b>0</b>	= 3
3	<b>0</b>	<b>1</b>	= 1
4	<b>1</b>	<b>2</b>	= 3
TIL SAMAN	= 34	= 34	= 68

Tabell 25: Fordeling på samansetjingar i tekstene

Talet på avvik varierer frå 0 til 4 i kvar tekst. Berre 3 tekster har 4 samansetjingar, 2 tekster har 2 samansetjingar og 18 tekster har ei samansetjing. Totalt sett er det 25 tekster som inneheld samansetjingar, og det er 36,8 prosent av tekstene. Heile 43 tekster er utan avvikande samansetjingar, og dei utgjer 63,2 prosent. Det er flest bokmålstekster som inneheld samansetjingar, med 16 tekster som har ei eller fleire samansetjingar. På nynorsk er det berre 9 tekster med samansetjingar. Det er likevel i nynorsktekstene me finn 3 av dei 4 tekstene

med flest samansetjingar.

## E. PREPOSISJONSFASAR

Samansetjingar av ulike preposisjonsfrasar utgjør den største gruppa med avvik her. Her er 26 av 39 avvik registrerte.

### E.1 Ulike preposisjonsfrasar

XA2	tilslutt	til slutt
	tilslutt	til slutt
	idet	i det
	tilstede	til stede
XB2	imorgon	i morgen
XC1	tilrette	til rette
XF1	tilsammen	til sammen
	østenforsol	østenfor sol
YA1	foreksempel	for eksempel
	foreksempel	for eksempel
YB1	nestsiste	nest siste
XJ1	tilslutt	til slutt
XJ2	tilslutt	til slutt
XL2	pårundgang	på rundgang
XM2	innpå	inn på
XX1	tilslutt	til slutt
XX2	tilslutt	til slutt
YG2	etterkvart	etter kvart
YH1	tilslutt	til slutt
	tilslutt	til slutt
	tilslutt	til slutt
	tilslutt	til slutt
YH2	tilslutt	til slutt
	tilslutt	til slutt
	utifrå	ut i frå
	utifrå	ut i frå

Tabell 26: Kategori E.1

Det er ganske vanleg å setje saman preposisjonsfrasar som skal vere særskrivne, og heile 15 ulike tekster samansett dei 26 orda i denne kategorien. 3 av dei tekstene som har 4 samansetjingar, har alle avvika i denne kategorien. Det er 12 avvik frå bokmålstekstene og 14 avvik frå tekstene på nynorsk, og i denne store kategorien er det ei ganske jamn fordeling

mellom målformene. Det er like vanleg å setje saman ord i denne kategorien i båe målformer, jf. problemstilling U2.

Heile 15 avvik her har preposisjonen *til-* som forledd. 12 av desse avvikande samansetjingane gjeld ordet *tilslutt* (XA2, XJ1, XJ2, XX1, XX2, YH1 & YH2). Bruk av denne samansetjinga kan kome av samanblanding med det samansette verbet *tilslutte*, som vert mest nytta i passiv form og perfektum partisipp, som i "*Han står tilslutta eit parti*", jf. Norsk Ordbok.<sup>34</sup> Likevel er det mykje i tekstene som tyder på at det ikkje er verbet *tilslutte* informantane har tenkt på, sidan det ikkje ville passe inn i konteksten. Preposisjonsfrasen *til slutt* er synonymt med adverbet *omsider*, og det er denne tydinga kontekstane legg til rette for. Om informantane, med tanke på den samansette verbforma, vel å setje saman orda *til* og *slutt* òg når orda utgjer ein preposisjonsfrase, så syner dette at dei ikkje har godt nok grep om rettskrivingsnormene.

Feil samansetjing av denne preposisjonsfrasen finn me i båe målformer. På nynorsk er ikkje verbet *tilslutte* ført opp i ordlista, men berre det ubøygde adjektivet *tilslutta*. Samanblanding mellom det samansette verbet og adverbialet er difor ikkje ei god forklaring for avvika på nynorsk. Den mest naturlege forklaringa for samansetjinga her er utryggleik og dårleg kjennskap til norma, ein utryggleik som mange informantar syner.

For samansetjinga *utifrå* (YH2) er det litt andre tilhøve som gjeld. Det finst tilfelle der samansetjinga er riktig, men då er samansetjinga eit ubøygd adjektiv som tyder *framifrå*. I den teksta dette ordet er henta frå, syner konteksten at det er den synonyme tydinga *ut av* informanten meiner, når han skriv *utifrå*. Her er sisteleddet *-ifrå* ein samansett preposisjon, som dei fleste preposisjonar er (NRG 2006:415). Feil samansetjing av forleddet *ut-* til det allereie samansette etterleddet, skapar ei treledda samansetjing. Det kan i mange tilfelle vere riktig, som til dømes for særskrivingane i kategori. A.1.3. Men her skal altså ikkje forleddet setjast saman med etterleddet. Samansetjinga her kan tyde på ei samanblanding av forleddet *ut-* og andre retningsbestemmande preposisjonar, som kan gå inn i samansetjingar med *-over* og *-etter* som etterledd. Døme på dette er den riktige samansetjinga *utover* (NRG 2006:429).

Den siste tolkinga er lite sannsynleg, rett og slett fordi me har sett at denne teksta (YH2) inneheld sær mange særskrivingar, i tillegg til dei 4 samanskivingane. Eg vil difor ikkje tru at den inngåande forklaringa ovafor kan vere den verkelege årsaka til feilskrivinga her. Årsaka til samansetjinga er mest sannsynleg samanblandinga med det ubøygde adjektivet *utifrå*. Informanten har kanskje vore usikker på om han skulle sær- eller samanskrive ordet.

---

34 Guttu 2011 (www.ordnett.no)

Sidan retteprogrammet på PC-en til informanten ikkje har feilmarkert samansetjinga, har han trudd dette var ein riktig skrivemåte. Samanblandinga fører så til eit anna semantisk innhald i ordet.

For avvika *tilstede* (XA2), *imorgen* (XB2), *tilrette* (XC1) og *pårundgang* (XL2), i tillegg til dei 15 avvikande samansetjingane av *tilslutt*, er hugseregelen eg nemnde i kap. 4.2.2 grei å vise til. Samansetjingane byrjar med anten *av-*, *for-*, *i-*, *med-*, *om-*, *over-*, *på-* eller *til-*, og dei skal då oftast særskrivast.

Avviket *tilstede* (XA2) kan på same måte som *tilslutt* ovafor verte samanblanda med eit samansett verb. Verbet *tilstede* tyder *tillate* eller *gi*, og vil sjølvsagt gje teksta eit heilt anna semantisk innhald. Her er forleddet *til-* ein preposisjon som skal vere særskriven frå etterleddet i denne preposisjonsfrasen, *til stede*. På nynorsk skulle ein dessutan skrive *til stades* i dette tilhøvet, og det er jo endå eit avvikande tilfelle ved denne samansetjinga.

Samansetjinga *innpå* (XM2) er nærast eit tvilstilfelle, som eg godt kan drøfte litt ekstra. Å samansetje dei to ledda er ikkje feil, sidan samansetjinga *innpå* er både eit adverb og ein preposisjon. Som adverb kan det mellom anna tyde *bortimot* og *nesten*, og som preposisjon er nokre tydingar *bort til* og *like ved*. Samansetjinga treng altså ikkje å vere feil. Eg vil likevel påstå, i den konteksten eg fann ho, at det hadde vore meir riktig å særskrive ho til *inn på*. I teksta står ho i denne setninga: "Disse 11 funksjonar skal eg kome innpå i analysen (...)". Her vil eg seie at den semantiske tydinga bak ei særskrivning vil vere meir riktig. Særskriv ein samansetjinga, kjem førsteleddet i fokus. For informanten vil ikkje berre gå *bort til* desse funksjonane, ho vil gå nærare *inn på* dei. Ho vil utdjupe, forklare dei nøyare.

To av avvika i denne kategorien gjeld det eg vil kalle eit fast uttrykk, *for eksempel*, som er registrert som ei samansetjing, *foreksempel*, i tekst YA1. Denne teksta har 7 særskrivningar og 2 samansetjingar. Det er ikkje overraskande med samansetjingar i denne teksta, for ho kan syne at særskrivningar i ei tekst fort kan henge saman med andre feiltypar i same tekst, jf. kap. 1.1. Eg vil fort tenkje at samansetjinga av preposisjonsfrasen er eit klart døme på uheldig slurv. Sidan det er 2 registrerte samansetjingar av denne preposisjonsfrasen, og baa avvik er registrerte i same avsnitt, vil eg tru det er meir som ligg bak denne samansetjinga. Det kan rett og slett verke som at denne informanten ikkje har kunnskap nok om rettskrivingsnormene på bokmål.

## F.2 ANDRE AVVIKANDE SAMANSETJINGAR

Eg har delt resten av samansetjingane inn i 5 underkategoriar her, og 2 av kategoriene har berre 1 avvik.

### F.2.1 Nominalt forledd

XT1	barnsspråkutvikling	barns språkutvikling
-----	---------------------	----------------------

Tabell 27: Kategori F.2.1

Dette er det einaste avviket som har nominalt forledd. Her har me eit døme på at ei substantivfrase med genitivs-*s* er samansett med adleddet sitt. Forleddet i substantivfrasen, *barns-*, er eit døme på eit genitivsledd med possessiv tyding (NRG 2006:254). Genitivleddet er ein bestemmar som syner eigedom til etterleddet, som i *Karis bok* (jf. kategori A.1.2). Det er truleg at informanten her har sett saman dei to ledda for å streke under dette tilhøvet mellom ledda, sjølv om eigedomen mellom dei kjem tydeleg og riktig fram gjennom ein genitivs-*s* i ei særskriving.

På den andre sida har same informant særskrivinga *lærings situasjon* i same tekst. Her har me, som nemnt i kategori A.1.2, ein binde-*s* mellom for- og etterledd i det som skal vere ei samansetjing. Funnet av samansetjinga *barnsspråkutvikling* (XT1) er eit døme på trua eg har om at nokre informantar kan blande saman bruken av binde-*s* og genitivs-*s*. Denne informanten syner dårleg kunnskap om skilnaden mellom desse, og det fører til avvikande språkføring innan både særskriving og samansetjing. Resultatet vert ein skurrande og dårleg kommunikasjon.

### F.2.2 Tal som fyrste ledd

XA1	2.språk	2. språk
XK1	11funksjoner	11 funksjoner
XM1	4-6år	4-6 år

Tabell 28: Kategori F.2.2

For alle desse 3 avvika, henta frå bokmålstekster, kan den fyrste tanken vere at samansetjingane rett og slett er slurv. Det mellomste avviket, *11funksjoner* (XK1), vil eg i alle

høve forklare som feil i utføringa. Mangelen på eit mellomrom mellom talet *11* og substantivet *funksjoner* leier ikkje til endra tyding eller særleg svekka kommunikasjon.

For samansetjinga *2.språk* (XA1) kan det vere litt meir utryggleik bak skrivemåten, og samansetjinga kan kome som påverknad frå samansetjinga me ville hatt om talet hadde vore skrivi med bokstavar, *andrespråk*. Men ved bruk av ordenstal, som i fyrsteleddet 2. her, skal me ha eit mellomrom mellom fyrste og andre ledd. Ordenstal har i tillegg eit punktum bak seg<sup>35</sup>.

For det siste avviket her, *4-6år* (XM1), er det eit mellomrom som manglar. Denne skrivemåten har like trekk med særskrivinga *6års alderen* (XH1 & XY2) for substantiva som definerer alder. Her er mellomromma mellom talet og det følgjande leddet tatt vekk, mest tenkjeleg for å syne at ledda høyrer saman. Medan det for *6års alderen* skal vere ein bindestrek etter talet, skal det i *4-6år* berre vere eit mellomrom. Årsaka bak sistnemnte avvik kan anten forklarast som ein kunnskapsfeil eller som feil i utføringa. Det er ei ulempe at eg ikkje kan observere informanten i skrivesituasjonen eller lese tankane hennar (om det hadde vore mogleg).

### F.2.3 Adjektiv som fyrste ledd

XF2	egosentrisktale spontansang språklegeferdigheiter	egosentrisk tale spontan sang språklege ferdigheiter
XG1	minimalepar	minimale par
XI1	gamletrollkjerringa	gamle trollkjerringa
YG1	gamletrollkjerringa	gamle trollkjerringa

Tabell 29: Kategori F.2.3

Denne kategorien inneheld 6 avvik, med 3 på kvar målform. Her har me ein kategori som står nesten motsett av kategorien for særskriving av substantivsamansetjingar, med adjektiv som forledd, kategori A.2. Medan det i den kategorien ville vere riktig med samansetjing av ledda, skal dei i desse substantivfrasane vere særskrivne.

Adjektiver som *gamle* og *voksne* er bestemmende for referansen på en annen måte. De spesialiserer eller innsnevrer referansen til substantivfrasen ved at de angir eller beskriver en egenskap ved kjernen. Adledd av denne typen omtales som beskrivere. (NRG 2006:234)

---

35 [http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler\\_og\\_grammatikk/Tall/#ordenstall](http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Tall/#ordenstall)

Adjektiv er den vanlegaste typen skildrarar, og dei står framfor kjernen i ein substantivfrase. Om adjektivfrasen sjølv har etterstilte adledd, kan han òg stå etter kjernen.<sup>36</sup> Her ligg den viktigaste skilnaden mellom denne kategorien og den tilnærma tilsvarande kategorien for særskrivingane, kategori. A.2. Det finst mange substantivsamansetjingar med adjektiv som forledd, og adjektivet kan stå både i positiv (døme: *ungkar*), komparativ (døme: *betrevitar*) og superlativ form (døme: *bestemor*) (jf. NRG 2006:74-75). I nokre tilfelle skal eit adjektiv stå som forledd i ei substantivsamansetjing, og i mange tilfelle kan desse samansetjingane alternere eller vekslast med frasar som er jamgode. "Når sammensetningen har fått en spesialisert (oftest avgrenset) betydning, kan ikke sammensetning og frase brukes om hverandre" (NRG 2006:75). Mine informantar lager samansetjingar som burde vore ei substantivfrase med eit adjektiv som adledd framfor kjernen, som til dømes *gamletrollkjerringa* (XI1 & YG1). Dette skulle vore ei substantivfrase: *den gamle trollkjerringa*.

Den viktigaste rolla til eit adjektiv er å skildre substantivet. Uttrykket får ein meir generell valør om det vert sett saman til ei substantivsamansetjing. *Fintfolk* er til dømes nemninga på ei gruppe menneske som kan få same karakteristikk eller omtale. Denne samansetjinga har fått ei spesialisert tyding. Det same gjeld for substantivsamansetjinga *gamleheim*, og tydinga vert endra om me erstattar samansetjinga med ei substantivfrase: *gamle heim(ar)*. Det finst ikkje ei samansetjing av *gamletrollkjerring* som nemning på ei gruppe. Det informantane her er var ute etter, var å seie at denne trollkjerringa var gamal. I denne substantivfrasen vil ein kunne byte ut adjektivet med eit anna, sidan trollkjerringa òg kunne vore *skjønn*, *skrukkete*, *rar*. Avvika i morfologien endrar semantikken og gjer kommunikasjonen her òg vanskelegare å forstå.

#### F.2.4 Samansetjing med bindestrek

XA1	tjukk-l	tjukk l
XE1	lese-og-skriveferdighet	lese- og skriveferdighet

Tabell 30: Kategori F.2.4

Desse avvika har, i motsetnad til avvika i særskrivingskategori A.1.4, for mykje bruk av bindestrek. I det fyrste avviket er eit skildrande adjektiv knytt for nært saman med det leddet som skildrast. Her står samansetjinga i klar motsetnad til dei særskrivne substantiva med

<sup>36</sup> Jf. Lie 2003:20, 26 og NRG 2006:268

adjektiv som forledd, kategori A.2. Her kjem nemleg det riktige semantiske innhaldet fram berre når ein særskriv uttrykket.

Samansetjinga *lese-og-skriveferdighet* (XE1) høyrer heime i kategorien om koordinering av samansette ord. I kategori A.1.4 kommenterte eg manglande bruk av bindestrekar i særskrivingane. I dette avviket ser me for mykje bruk av bindestrekar. Denne informanten har òg to avvikande særskrivingar av ord med bindestrek, og det syner ein generell utryggleik i høve til korleis ein skal (og ikkje skal) nytte bindestrek i ordsamansetjingar i norsk.

### F.2.5 Interjeksjon

XR1	Bæbæ (lille lam)	Bæ, bæ, lille lam
-----	------------------	-------------------

Tabell 31: Kategori F.2.5

Den siste samansetjinga her vil eg kalle ganske uviktig. Det er ein interjeksjon som er gjenteken to gonger etter kvarandre, og dei er skrivne i eitt ord. Det er mest truleg slurv bak denne samansetjinga, og her vert heller ikkje det semantiske innhaldet endra. Tekst XR1 inneheld ingen særskrivingar, og denne samansetjinga er den einaste. Eg vil difor seie at denne informanten meistrar rettskrivinga godt, og eg vil ikkje vekte denne utføringsfeilen meir enn naudsynt.

### 4.2.6 OPPSUMMERING AV SAMANSETJINGAR

Eg vil samle trådane etter presentasjonen av samansetjingane i ein lik tabell som i oppsummeringa av særskrivingane i kap. 4.2.4, tabell 23.

Kategoriane:	Avvik			Prosent
	BM	NN	T.S.	
E.1. Ulike preposisjonsfrasar	12	14	26	66,6
F.2.1 Nominalt forledd	1	0	1	2,6
F.2.2 Tal fyrste ledd	3	0	3	7,7
F.2.3 Adjektiv fyrste ledd	3	3	6	15,4
F.2.4 Med bindestrek	2	0	2	5,1
F.2.5 Interjeksjon	1	0	1	2,6
<i>Til saman:</i>	22	17	39	100

Tabell 32: Oppsummering av samansetjingar

Tabellen syner fordelinga mellom kategoriane, og han summerer opp kor mange avvik det er i dei ulike kategoriane og i dei to målformene. Her er prosenttala runda opp eller ned til ein desimal, som vanleg. Tabellen syner at òg innan denne feiltypen er det fleire avvik i bokmålstekstene enn i nynorsktekstene, jf. problemstilling U2. Det er ikkje stor skilnad. 56,4 prosent av avvika er i tekstene på bokmål, og avvika i tekstene på nynorsk utgjer 43,6 prosent. Med berre 39 avvik totalt, er dette ein type avvik som er lite utbredt.

Dei fleste avvika, på båe målformer, finn me i den fyrste kategorien. 26 avvik, heile 66,6 prosent, gjeld samansetjingar av preposisjonsfrasar. Det er her den største utryggleiken ligg. Dei 13 andre avvika er delt over 5 kategoriar, og dei utgjer til saman 33,4 prosent av avvika. Dei 39 avvikande samansetjingane er fordelte på til saman 25 tekster, og dei resterande 43 tekstene i datamaterialet er fri frå samansetjingsavvik. Av dei 25 tekstene med samansetjingar, er det heile 16 tekster på bokmål. Berre 9 tekster på nynorsk har samansetjingar, av 34 moglege. Det er likevel, som me så i tabell 25 i innleiinga i kap. 4.2.5, blant desse 9 nynorsktekstene me finn 3 av dei 4 tekstene med flest samansetjingar.

#### **4.2.7 SÆRSKRIVINGAR OG SAMANSETJINGAR**

Eg vil knyte funna frå presentasjonen av samansetjingane saman med særskrivingane, for å sjå om det er nokon samanheng mellom dei to avvikskategoriane som liknar mykje på kvarandre. Tilhøvet mellom særskrivingar og samansetjingar vil eg summere opp i høve til problemstillingane U1 og U2. Eit endeleg svar på hovudproblemstillinga er fyrst mogleg etter presentasjonen og drøftinga av funna i neste hovudkategori, feiltype 2. Feiltypeane vil saman òg svare på problemstilling U3.

*U1: Meistrar informantane dei fastsette normene i høve til avvika særskriving og samansetjing?* Svaret på dette vil eg byggje på gjennomgangen som følgjer her. I fyrste omgang kan eg slå fast at informantane meistrar normene om når ein skal særskrive to ord betre enn når ein ikkje skal særskrive dei. Det er altså mange fleire avvik i særskrivingane, 159 avvik, enn i samansetjingane, 39 avvik.

Det er òg stor variasjon hjå dei ulike informantane, når det gjeld kor godt dei meistrar normene. Talet på særskrivingar varierer til dømes frå 0 til 12 i dei ulike tekstene. Gjennomsnittet er 3,5 særskrivingar i dei 46 tekstene med avvik. Desse 46 tekstene utgjer 67,6 prosent av tekstene. Dei resterande 22 tekstene er utan særskrivingar. Det er likevel ikkje slik alle informantane bak desse tekstene meistrar normene betre enn dei som har skrive dei 46 andre tekstene. Kvar informant har skrive to tekster kvar, og i kap. 4.2.1 såg me at det berre er tre informantar som ikkje har særskrive verken i bokmålsteksta eller nynorskteksta si.

Vidare er det fleire av dei 46 tekstene som har få særskrivingar. 30 av desse tekstene har berre 1-3 avvik, medan 16 tekster har fleire enn 3 særskrivingar.

Når det gjeld samansetjingane, er det registrerte avvik i 25 tekster, og dei utgjør berre 36,8 % av tekstene. Dei resterande 43 tekstene er utan dette avviket. 18 av dei 25 tekstene med samansetjingar har berre eitt avvik. Gjennomsnittet på avvik i desse tekstene er berre 1,6. Dette viser at sjølv om det er registrerte avvik i fleire tekster, så har fleirtalet av tekstene få registrerte avvik. Med eit så lite tal, står ikkje denne avvikskategorien fram som ein kategori informantane har store vanskar med. Som ein kan sjå i vedlegg 6, har berre 6 av informantane avvikande samansetjingar i både tekstene sine. 16 informantar har ingen samansetjingar, verken i bokmål eller nynorsk. Dei siste 10 informantane har samansetjingar i berre ei av målformene.

*U2: Har studentane merkbar fleire avvik i ei av målformene?* Dei 46 tekstene med særskrivingar er fordelt likt i dei to målformene. Men sjølv om det er like mange tekster på bokmål og på nynorsk med særskrivingar, så fordeler det konkrete talet på avvik seg ikkje likt mellom målformene. Det er 105 særskrivingar i bokmålstekstene og 54 i nynorsktekstene. Det er samla sett merkbar fleire avvik på bokmål enn på nynorsk. I oppsummeringa av særskrivingane i kap. 4.2.4, peika eg på at det berre er 3 underkategoriar som har fleire avvik på nynorsk enn på bokmål. Av dei 13 tekstene som berre har ei særskriving, er 11 tekster på nynorsk. Avvik i desse tekstene spreiar seg over 6 ulike kategoriar (jf. tabell 24 side 83). For nynorsktekstene kan dette syne ein liten utryggleik i høve til nokre kategoriar. Mange bokmålstekster har fleire avvikande særskrivingar og gjerne opp til 7 avvik inne i same kategori. Dette kan fortelje at særskriving er eit litt meir utbredt skrivemønster i bokmål. 12 kategoriar har flest avvik på bokmål, og 3 har flest avvik på nynorsk. I "Vegen vidare" i kap. 5.4 vil eg kome attende til dette, sidan det heilt klart vil vere spennande i andre forskingsarbeid å freiste å finne årsaka bak denne skilnaden mellom målformene.

Det er ikkje alltid klar samanheng mellom mange særskrivingar i ein informant si bokmålstekst og hans/hennar nynorsktekst. Informant XT har 12 særskrivingar på bokmål og 3 på nynorsk, og informant YD har 10 særskrivingar på bokmål og 6 på nynorsk. Informant YH har derimot mange særskrivingar i både målformer, med 10 på bokmål og 12 på nynorsk.

Tekstene med samansetjingar er heller ikkje like jamt fordelt mellom målformene. Det er 16 bokmålstekster med samansetjingar, og berre 9 nynorsktekster. Det konkrete talet på avvik er likevel meir jamt fordelt. For medan det er 22 avvik i bokmålstekstene, er det 17 avvik i nynorsktekstene. Tilhøvet mellom målformene er meir jamt enn talet på fordelinga mellom tekstene skulle seie. Dette skuldast det eg nemnte i kap. 4.2.5, nemleg at 3 av dei 4

tekstene som har flest samansetjingar, er tekster på nynorsk. 6 kategoriar har flest avvik på bokmål, og den siste har like mange avvik i båe målformer. Det er litt fleire avvik i tekstene på bokmål enn i tekstene på nynorsk, òg her. Men sidan det er lite vanleg å gjere dette avviket, har eg ført samansetjingar opp som ein type underkategori under særskrivingane.

*U2: Kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet?* Avvika i både særskrivingar og samansetjingar er delte inn i fleire kategoriar. Dette syner stor variasjon i ulike typar særskrivingar og samansetjingar i tekstmaterialet. I tillegg til at det er fleire avvik på bokmål enn på nynorsk, syner dei kategoriane med flest avvik kva som karakteriserer avvika i tekstmaterialet. Aller flest særskrivingar fann eg i den store gruppa substantivsamansetjingar. 130 av 159 særskrivingar høyrer heime her, og det er heile 81,8 prosent av alle særskrivingane.

Fleire av underkategoriane i denne gruppa har mange avvik, og desse syner kva type kategoriar som flest informantar har særskrive innan. Den største underkategorien til substantivsamansetjingane er bindestreksamansetjingane. (Døme: *her og nå situasjonen* (XE1).) Dette er ei komplisert gruppe, med mange ulike utfordringar. Reglane for desse samansetjingane kan vere kompliserte og vanskelege å få oversikt over, og eg har tidlegare kalla dei for *akademiske feil*. Den nest største gruppa er samansetjingar med substantiv i både for- og etterledd. (Døme: *uttale måte* (XN2).) Her er det 28 avvik. Dette er ein av dei mest grunnleggjande kategoriane, og fleire informantar har fleire avvik i denne kategorien. Dette kan syne ein tendens om at når denne avvikstypen vert ein del av skrivemønsteret, så breier han fort om seg. Aldersdefinerande substantiv har fått sin eigen kategori, med 26 avvik. (Døme: *4 års alderen* (XH1).) Det er så mange ulike måtar å særskrive orda i denne kategorien, at eg kan slå fast at utryggleiken i høve til denne kategorien er stor. To informantar har 6 avvik kvar i denne kategorien, og desse avvika syner vidare fleire ulike måtar å særskrive denne typen ord på. Forutan substantivsamansetjingane, er særskriving av preposisjonssamansetjingar ei stor gruppe, med 15 avvik. (Døme: *vesten for* (YA2).)

Avvika i samansetjingane vert delte inn i fleire underkategoriar. Det er gruppa med avvikande samansetjing av ulike preposisjonsfrasar som er størst. Dei 26 avvika der er godt over halvparten av alle samansetjingane. Blant desse preposisjonsfrasane går særskilt samansetjinga *tilslutt* att. Nest størst er kategorien med adjektiv som fyrste ledd. (Døme: *Gamletrollkjerringa* (YG1).) Desse samansetjingane har, som eg har nemnt tidlegare, stor likskap med samansetjing av substantiv med adjektiv som forledd. Båe desse kategoriane har 6 avvik, og det er ikkje dei same informantane som har produsert avvika i dei to kategoriane. Utryggleiken når det gjeld adjektiv + substantiv, anten i ei samansetjing eller ei

substantivfrase, er stor hjå fleire informantar.

Til oppsummering av særskrivingar og samansetjingar, og for å sjå dei to avvikstypene saman, spør eg òg; *Korleis er samanhengen mellom særskrivingar og samansetjingar i tekstene?* 19 av dei 46 tekstene med særskrivingar har ei eller fleire samansetjingar. Dette er 41,3 prosent. Over halvparten av tekstene med særskrivingar har altså ingen avvikande samansetjingar. Eg fann òg 6 tekster med samansetjingar som ikkje hadde særskrivingar, men alle desse tekstene hadde berre ei samansetjing. Dette gjeld tekstene XB2, YB1, XI1, XM2, XR1 og XX1, 4 tekster på bokmål og 2 på nynorsk. Det er ikkje klar samanheng mellom særskrivingar og samansetjingar i tekstene, sjølv om funna i tekst YA1 kunne tyde på noko anna, jf. kategori E.1. Mange særskrivingar i ei tekst treng ikkje å føre til mange samansetjingar i same tekst. Det er truleg andre årsaker bak særskrivingar, enn bak samansetjingar. Sjølv om kategoriane er like, treng ikkje utryggeleik i høve til ein av dei føre direkte til utryggeleik i den andre kategorien òg. Samstundes er båe tekstene til informant YH blant dei tekstene med flest særskrivingar - og flest samansetjingar. Desse tekstene står i ei særstilling, og eg kjem attende til nynorskteksta til denne informanten i casestudiet i kap. 4.5.

## **4.3 FEILTYPE 2: AVVIK I BØYINGSMORFEMET I SUBSTANTIV**

### **4.3.1 INNLEIING**

Det kan verke som at fleire informantar har vanskar med å bøye substantiva riktig på nynorsk. Dette trass i at reglane for bøyingsmønster er klare og tydelege, med generelle hovudreglar og unntak frå desse. Ordlista er klar og konkret, med markering bak kvart substantiv for riktig bøyning og eventuelle alternativ for bøyinga. Etter at feiltype 1 har gjeve eit bilete av at det er fleire særskrivingar og samansetjingar i tekstene på bokmål, fann eg det spennande å sjå kor godt informantane meistra elementær substantivbøyning i tekster på nynorsk. Her er grunnlaget for teljing, presentasjon og drøfting dei 34 tekstene på det opphavlege *sidemålet* til informantane, som nemnt i kap. 4.1.2. I kap. 4.4 vil eg samle funna frå dei to hovudfeiltypane: særskriving og samansetjing (feiltype 1) og avvik i bøyingsmorfemet i substantiv på nynorsk (feiltype 2).

Det samanliknande perspektivet i problemstillingane vil ikkje vere like aktuelt her. Eg set dette perspektivet litt til side, for å ta det opp att i oppsummeringa av tilhøvet mellom dei to feiltypane. For denne feiltypen vil andre del av problemstilling U1 styre drøftinga; *Meistrar informantane dei fastsette normene i høve til bøyning av substantiv på nynorsk?* Eg vil

konkretisere ho vidare gjennom siste ledd av problemstilling U2; *Kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet?*

#### 4.3.2 SUBSTANTIVBØYING PÅ NYNORSK

Fremst i Nynorsk Orddliste (Hellevik 2006:9-14) finn me ein minigrammatikk, som mellom anna syner ei god oversikt over substantivbøyinga. Den følgjande framstillinga er henta frå desse sidene<sup>37</sup>. Her står det vanlege mønsteret for bøying i alle tre kjønn, og dei viktigaste unntaka er førte opp. Det er særskilt bøyinga i fleirtal det kan vere vanskeleg å få oversyn over, sjølv om dei fleste substantiva følgjer eit vanleg, regelrett bøyingsmønster. Det er rimeleg å vente at alle informantane har hatt tilgang til denne ordlista og minigrammatikken, under arbeidet med nynorskteksta si.

Dei fleste hankjønnsorda har følgjande bøying i eintal og fleirtal:

EINTAL		FLEIRTAL	
Ubestemt	Bestemt	Ubestemt	Bestemt
<i>Ein båt</i>	<i>båten</i>	<i>båtar</i>	<i>båtane</i>

Tabell 33: Hankjønnsbøying

Eintal har i ubestemt form artikkelen *ein*, og i bestemt form er endinga *-en*. I fleirtal har ubestemt form endinga *-ar*, og bestemt form har *-ane*. Ein del hankjønnsord har òg endingane *-er* og *-ene* i fleirtal, med [*-ar*, *-ane*] som sideformer<sup>38</sup>. Også ord som endar på *-nad* og *-a* skal ha *-er* og *-ene* i fleirtal, men dei har òg sideformer på *-ar* og *-ane* (jf. Hellevik 2006:10).

Vidare har ein del hankjønn samandraging i fleirtal (t.d. *kalender - kalenderen - kalendrar - kalendrane*). Nokre ord har omlyd og *-en*, *-ene* i fleirtal (t.d. *bror - broren - brør - brørne*).

Ord som har uregelrette former i fleirtal, står fullstendig førte opp i ordlista.

Hokjønnsord har denne bøyinga i eintal og fleirtal:

37 Ein meir utførleg presentasjon av substantivbøyinga finst i NRG (2006:182-202), og denne vil eg kome attende til i presentasjonen av funna nedafor.

38 "Dei viktigaste hankjønnsorda med fleirtal *-er* [*-ar*], *-ene* [*-ane*] er desse: *gjester, kvister, leder, lem(m)er, let(t)er, luter* el. *lotter, mon(n)er (føre-), sauer, stader, ven(n)er, bekker, benker, legger, rygger, sekker, strenger, stilker, vegger, venger*" (Hellevik 2006:9).

EINTAL		FLEIRTAL	
Ubestemt	Bestemt	Ubestemt	Bestemt
<i>Ei sol</i>	<i>sola</i>	<i>soler</i>	<i>solene</i>

Tabell 34: Hokjønnsbøying

I ubestemt form eintal er artikkelen *ei*, og endinga er *-a* i bestemt form. Fleirtalsendingane er *-er* i ubestemt form og *-ene* i bestemt form. Nokre hokjønnsord får *-ar* og *-ane* i fleirtal, med *[-er, -ene]* som sideformer<sup>39</sup>. Ein regel som er viktig å merke seg, særskilt før den kommande presentasjonen av avvika, er at dei mange hokjønnsorda på *-ing* og *-ning* alltid skal ha *-ar* og *-ane* i fleirtal. Nettopp denne regelen er viktig for informantane å merke seg, og eg kjem att til han fleire stader i drøftinga. "Verbalsubstantiv på *-(n)ing* er utan unntak hokjønnsord, mens nemningar på personar og dyr er hankjønnsord (t.d. sørlending), når ikkje det biologiske kjønnet tilseier at det er hokjønnsord (t.d. kjerring)" (Hellevik 2006:11). Svake hokjønnsord kan ha sideform på *[-a]* i ubestemt form eintal og *[-or, -one]* i fleirtal, og sterke hokjønnsord kan ha sideform på *[-i]* i bestemt form eintal. Og vidare får ord på *-el* og *-er* samandraging i eintal (t.d. *hulder - huldra*) og i fleirtal (t.d. *huldrer - huldrene*). I ordlista står òg dei hokjønnsorda med omlyd og *-er, -ene* i fleirtal, samt orda med uregelrett bøying i fleirtal fullstendig førte opp.

Inkjekjønnsord har ei litt annleis bøying, og det er denne bøyinga som skil seg mest frå substantivbøyinga på bokmål. Kan hende det er difor inkjekjønnsord dannar store problem for informantane, særleg i fleirtalsformene.

EINTAL		FLEIRTAL	
Ubestemt	Bestemt	Ubestemt	Bestemt
<i>Eit hus</i>	<i>huset</i>	<i>hus(-)</i>	<i>husa</i>

Tabell 35: Inkjekjønnsbøying

Det spesielle med inkjekjønnsorda er bøyinga i fleirtal. I eintal er bøyinga lite spesiell. Orda får artikkelen *eit* i ubestemt form og endinga *-et* i bestemt form. Men i ubestemt form fleirtal står inkjekjønnsorda utan ending, og endinga er *-a* i bestemt form fleirtal. Tre ord har òg ei eldre bøying på *-a* og *-o*, i tillegg til den regelrette bøyinga. Dette gjeld orda *auge, hjarte* og

39 "Dei viktigaste hokjønnsorda med fleirtal *-ar* *[-er]*, *-ane* *[-ene]* er desse: *elvar, heiar, helgar, myrar, reimar, røysar, vikar, øksar, øyar*" (Hellevik 2006:11).

øyre (t.d. *hjarde - hjartet - hjarte - hjarta*; el. *hjarta - hjarta - hjarto - hjarto*). Sideforma på [-i] i bestemt form fleirtal, er ikkje ført opp i ordlista, men nemnd i grammatikken. I bestemt form fleirtal kan nokre ord på *-el, -der* og *-ter* få samandraging (t.d. *fengslet, teatret*), men dei kan òg få full form, som andre inkjekjønnsord (t.d. *fengselet, teateret*). Men om orda har ei trykklett ending på *-el* og *-en*, får dei samandraging i bestemt form fleirtal. Dei alle fleste framandorda har bøying som regelrette inkjekjønnsord. Dei har inga ending i bestemt form fleirtal. For dei uregelrette framandorda som har valfri bøying i fleirtal, er det ført opp fullstendig oversikt over bøyinga i ordlista.

Det finst òg ei gruppe substantiv som har valfritt kjønn på nynorsk, på same måte som i bokmål. Dei er markerte i ordlista, som til dømes i *plante -a, -er, -ene; -en, -ar, -ane*. " Vel eitt bøyingsmønster og bruk det gjennom heile teksten"<sup>40</sup>, er rådet som ofte vert gjeve. Desse orda vil få ein eigen kategori i presentasjonen av funna nedafor, i kap. 4.3.4.

### 4.3.3 KATEGORISERING

<b>1. UBESTEMT EINTAL</b>		<b>3. UBESTEMT FLEIRTAL</b>	3.1 Hankjønn får hokjønn
	1.1 Hankjønn får hokjønn		3.2 Hankjønn får inkjekjønn
	1.2 Hankjønn får inkjekjønn		3.3 Hokjønn får hankjønn
	1.3 Hokjønn får hankjønn		3.4 Hokjønn får inkjekjønn
	1.4 Hokjønn får inkjekjønn		3.5 Inkjekjønn får hankjønn
	1.5 Inkjekjønn får hankjønn		3.6 Inkjekjønn får hokjønn
	1.6 Inkjekjønn får hokjønn		3.7 Hokjønn på <i>-ing</i> får <i>-er</i>
<b>2. BESTEMT EINTAL</b>		<b>4. BESTEMT FLEIRTAL</b>	4.1 Hankjønn får hokjønn
	2.1 Hankjønn får hokjønn		4.2 Hankjønn får inkjekjønn
	2.2 Hankjønn får inkjekjønn		4.3 Hokjønn får hankjønn
	2.3 Hokjønn får hankjønn		4.4 Hokjønn får inkjekjønn
	2.4 Hokjønn får inkjekjønn		4.5 Inkjekjønn får hankjønn
	2.5 Inkjekjønn får hankjønn		4.6 Inkjekjønn får hokjønn
	2.6 Inkjekjønn får hokjønn		4.7 Hokjønn på <i>-ing</i> får <i>-ene</i>

Tabell 36: Kategorisering i feiltype 2

40 [http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Raad/Nynorsk\\_sjoelvhjelp/](http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Raad/Nynorsk_sjoelvhjelp/)

Runnestø viser i Språknytt 2/2002<sup>41</sup> til eit grunnlagsmateriale utarbeidd av Aud Søyland, etter oppmoding frå Språkrådet, med tittelen "Typar feil i nynorsk". Eg har nytta den kategoriseringa Søyland har nytta i si framstilling som utgangspunkt for kategoriseringa av feiltype 2: *Feil i bøyingsmorfemet i substantiv på nynorsk*. Søyland skil mellom eintal og fleirtal. Ho har funne ut at mange elevar ikkje tenkjer på samanhengen mellom eintal og fleirtal i bøyinga av substantiv. Eg har vidare delt både eintal og fleirtal inn i hovudkategoriane *ubestemt* og *bestemt*, med fleire underkategoriar, vist i tabellen under. Dei ulike hovudkategoriane er nummererte frå 1 til 4, med 6 til 7 underkategoriar i kvar. Det er 6 kategoriar som ikkje har registrerte avvik. Dette gjeld dei kategoriane eg har merka med grå bakgrunn, kategoriane 1.4, 2.2, 2.5, 2.6, 3.4 og 4.7.

Eg vil difor ikkje kommentere desse kategoriane i gjennomgangen i kap. 4.3.4. Innan kvar hovudkategori er det éin underkategori utan avvik, medan hovudkategori 2 har tre underkategoriar utan avvik. Fordelinga av avvika mellom dei ulike hovudkategoriane kan sjåast i tabell 37 under. Vidare fordeling av avvik inne i dei fire hovudkategoriane, vil eg nytte som ei oppsummering etter presentasjonen av avvika i kvar underkategori.

KATEGORI	TAL	PROSENT
1. Eintal ubestemt	117	35,9
2. Eintal bestemt	56	17,1
3. Fleirtal ubestemt	108	33,0
4. Fleirtal bestemt	46	14,0
<i>Til saman</i>	327	100

Tabell 37: Fordeling i hovudkategoriane

På same måte som for særskrivingane i feiltype 1, i kap. 4.2.4, vil eg presentere ei detaljert oversikt over kor mange avvik dei ulike informantane har registrert i kvar hovudkategori. Tabellen viser òg kor mange substantiv som har riktig bøyingsmønster i dei fire hovudkategoriane, i kvar informanttekst.

41 [http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_2002/Spraaknytt\\_2002\\_2/Nynorsknorma\\_i\\_endring/](http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_2/Nynorsknorma_i_endring/)

TEKST	EINTAL		FLEIRTAL		<i>Til saman:</i>
	UBESTEMT:	BESTEMT:	UBESTEMT:	BESTEMT:	
XA2	3/92	6/141	7/14	3/17	19/264
XB2	1/67	2/186	1/18	1/3	5/274
XC2	0/69	2/168	0/30	0/16	2/283
XD2	6/80	0/198	1/25	0/20	7/323
XE2	1/78	1/138	2/46	0/33	4/295
XF2	5/110	0/91	4/55	1/40	10/296
XG2	5/93	1/154	2/31	2/13	10/291
YA2	7/85	0/203	2/20	1/13	10/321
YB2	0/67	2/177	0/22	2/21	4/287
XH2	2/56	0/147	0/32	1/24	3/259
XI2	3/94	0/63	4/49	1/42	8/248
XJ2	3/77	6/230	4/21	3/37	16/365
XK2	3/117	0/76	10/48	0/28	13/269
XL2	4/102	1/90	8/69	0/16	13/277
XM2	1/71	3/141	1/23	0/13	5/248
XN2	2/100	3/118	3/84	1/35	9/337
XO2	3/91	0/78	4/64	4/41	11/274
XP2	2/76	0/193	1/23	1/19	4/311
XQ2	9/91	0/62	1/60	1/40	11/253
XR2	4/69	0/156	5/30	0/15	9/270
XS2	0/108	0/96	8/92	0/52	8/348
XT2	2/77	3/148	4/19	4/9	13/253
XU2	5/89	0/173	1/24	2/11	8/297
XV2	5/89	0/134	3/26	3/11	11/260
XW2	2/73	0/266	2/23	0/14	4/376
XX2	1/118	1/110	3/87	0/57	5/372
XY2	3/105	3/75	4/62	2/44	12/286
XZ2	1/129	1/72	1/81	0/66	3/348
YC2	4/69	2/160	3/22	2/8	11/259
YD2	5/72	2/241	0/22	0/19	7/354
YE2	4/76	2/164	2/9	4/1	12/250
YF2	4/163	3/113	3/103	2/34	12/413
YG2	5/161	12/175	9/131	5/50	31/517
YH2	12/119	0/101	5/80	0/24	17/324
<b><i>Til saman:</i></b>	<b>117/3133</b>	<b>56/4838</b>	<b>108/1545</b>	<b>46/886</b>	<b>327/10402</b>
<b><i>Gj.snitt:</i></b>	<b>3,4/92,1</b>	<b>1,6/149,3</b>	<b>3,2/45,4</b>	<b>1,4/26</b>	<b>9,6/305,9</b>

Tabell 38: Oversikt over avvik i hovudkategoriane i tekstene

Tabellen syner fyrst talet på avvik i kvar hovudkategori, og deretter står talet på riktige substantivsbøyingar i dei same kategoriane. Kolonnen heilt til høgre syner dei totale tala for avvik og riktige bøyingsformer i kvar tekst. Nedst i tabellen ser me dei samla tala på avvik i

dei fire hovudkategoriane, samt gjennomsnittet for både avvik og riktige former.

Talet på avvik i kvar hovudkategori varierer frå 0 til 12 (i tekst YG2 og YH2). Dei totale tala, i kolonnen til høgre, gjev eit inntrykk av kor mange avvik det er til saman. Dei gjev ytterlegare informasjon om mengda i kvar tekst. Døme på dette er tekstene YE2 og YF2. Både tekster har 12 avvik til saman, men mengda på riktig bøygde substantiv er 250 i tekst YE2 og 413 i YF2. Talet på avvik vert difor større, i høve til riktige substantiv, i tekst YE2. Den samla avviksprosenten i desse tekstene er  $\approx 5$  prosent i tekst YE2 og  $\approx 3$  prosent i tekst YF2. Å rekne ut ein avviksprosent gjev ikkje eit fullstendig bilete i feiltype 2. Variasjonen på avvik i dei fire hovudkategoriane er stor for mange informantar. Medan desse to tekstene har ei ganske jamn fordeling mellom kategoriane, har til dømes tekst XK2 10 av 13 avvik i hovudkategori 3. Den samla avviksprosenten for denne teksta på  $\approx 5$  prosent vil ikkje vise denne variasjonen mellom hovudkategoriane. Difor har eg heller ikkje rekna ut ein avviksprosent for kvar tekst i feiltype 2, som eg gjorde for feiltype 1 (sjå tabell 7 s. 56). I presentasjonen av hovudkategori 4 seinare viser eg til den konkrete avviksprosenten i eit par tekster for berre denne hovudkategorien.

Det er 327 avvik i substantivbøyinga i nynorsktekstene. Det er omtrent 9,6 avvik i gjennomsnitt for kvar tekst. Talet på avvik i dei ulike tekstene varierer frå 2 til 31. Det er ingen nynorsktekst som er utan avvik i substantivbøyinga. Variasjonen er stor her òg, på same måte som for særskrivingane. I vedlegg 4 finst ei detaljert oversikt over kva underkategoriar dei ulike tekstene har registrerte avvik i, på same måte som vedlegg 3 syner dei ulike særskrivingskategoriane dei ulike tekstene har registrerte særskrivingsavvik i.

I kap. 4.2.1 står det ein tabell over fordelinga i det totale talet på særskrivingar i dei ulike tekstene. Her vil ein liknande tabell syne fordelinga på substantivavvik.

TAL PÅ AVVIK	TAL PÅ NN-TEKSTER
2 - 4	7
5 - 7	5
8 - 10	8
11 - 13	10
14 - 16	1
17 - 19	2
31	1
<i>TIL SAMAN</i>	34

Tabell 39: Fordeling på substantivavvik i tekstene

Det er stor variasjon i talet på avvik i tekstene. Dei fleste tekstene finn me i gruppene med 8-10 og 11-13 avvik, kor heile 18 tekster er representerte. Dette er tilnærma 53 prosent av tekstene. I gruppene med 14-16 og 17-19 avvik finn me til saman 3 tekster. Ei tekst står aleine på topp, med 31 avvik. Dette er ei oppsummering av tala i denne tabellen.

#### **4.3.4 AVVIK I BØYINGSMORFEMET**

Her vil eg presentere dei ulike avvika i feiltype 2 og sjå kva type feil som er mest vanleg. Dette vil syne ulike mønster i avvika. Presentasjonen vil følgje inndelinga i dei fire hovudkategoriane. Eg vil kommentere nokre ord nærare, men i hovudsak vil eg omtale to og to underkategoriar under eitt. I kvar hovudkategori er to og to underkategoriar knytt nærare saman, jf. tabell 36: *Kategorisering av feiltype 2*. Dette gjeld til dømes at hankjønn kan få anten hokjønns- eller inkjekjønnsbøying i alle hovudkategoriane. Difor vil eg i dei hovudkategoriane der hankjønn har fått både hokjønn og inkjekjønn, knyte desse underkategoriane saman og drøfte dei under eitt. Det same gjeld dei gongene hokjønn eller inkjekjønn har fått bøyingsmønster frå baa dei andre kjønna. I kategori 3 og 4 er det òg ein ekstra kategori, og avvika her vil verte omtala aleine.

I presentasjonen vil eg sjå attende til kap. 4.3.2 og kommentere korleis avvika i dei ulike kategoriane avvik frå bøyingsreglane eg har presentert. Etter presentasjonen av avvika vil eg summere opp tala over korleis avvika fordeler seg i underkategoriane, til kvar hovudkategori. Etter dei fire hovudkategoriane vil eg presentere ein ekstra kategori. Dette gjeld dei substantiva som kan ha to ulike kjønn på nynorsk. I nokre tekster får ord frå denne kategorien bøyingsmønster frå ulike kjønn i anten ubestemt og bestemt eintal eller fleirtal, eller dei har ei form i eintal og ei anna form i fleirtal.

#### **1. UBESTEMT FORM EINTAL**

Den fyrste hovudkategorien er delt inn i 6 underkategoriar, med registrerte avvik i 5 av dei. Kategori 1.1 og 1.2 vert knytt saman, og det same vert kategori 1.5 og 1.6. Kategori 1.3 står aleine, sidan det ikkje er registrerte avvik i kategori 1.4.

## 1.1 og 1.2 Hankjønnsord får hokjønns- eller inkjekjønnsbøying

1.1 Hankjønnsord får hokjønns	1.2 Hankjønnsord får inkjekjønns
XA2 ei analyse	XU2 eit blunk
XB2 ei analyse	YH2 eit leik
XD2 ei ljosstubb ei epoke	
XG2 ei føresetnad	
XJ2 ei nase	
XO2 ei luftstrøm	
XP2 ei forteljartradisjon	
XV2 ei nase ei plass ei gong	
XW2 ei gong	
YD2 ei gong	
YE2 ei gullrokk	

Tabell 40: Kategori 1.1 og 1.2

Her har me 14 tilfelle der hankjønnsord får hokjønns og 2 tilfelle der hankjønnsord får inkjekjønns. Det er vanlegare å gje hankjønnsorda hokjønnsbøying enn inkjekjønnsbøying i ubestemt eintal. I den fyrste kategorien får kvart einaste avvik hokjønnsartikkelen *ei* nytta i staden for den artikkelen hankjønnsorda skal ha, *ein*. På same måte får båe avvik i den andre kategorien feil kjønn ved bruk av inkjekjønnsartikkelen *eit*. Det er 11 informantar med avvik i kategori 1.1, men berre 2 av dei har meir enn 1 registrert avvik. 2 informantar har gjeve hankjønnsord inkjekjønnsbøying. Dette er ikkje dei same informantane som har gjeve hankjønnsord hokjønnsbøying. Dei som har gjeve hankjønnsorda hokjønnsbøying, kan ha vore påverka av talemålet sitt då dei skreiv. Mange av informantane har ein vestegdsk dialekt, der hokjønnsorda er mange. 13 ulike informantar har registrerte avvik i desse kategoriane.

Avviket i tekst XU2, *eit blunk*, er eit godt døme på feilskriving grunna påverknad frå bokmål. I Bokmålsordboka<sup>42</sup> ser me at substantivet *blunk* kan ha både hankjønns- og inkjekjønnsbøying på bokmål, " blunk -en/-et; -, -a/-ene" (ibid.). Det er likevel mest vanleg at ein nyttar inkjekjønns for dette ordet på bokmål, og informanten har truleg tenkt at dette gjeld i nynorsk òg. Den språklege intuisjonen til informanten er truleg knytt til kva som er vanleg kjønn for dette ordet på bokmål, og difor har ho nytta inkjekjønnsartikkelen føre ordet.

I kategori 1.1 er det 3 tilfelle der substantivet *gong* (XV2, XW2 & YD2) får hokjønnsartikkel. Dette trur eg skuldast at ordet *gong* (el. *gang* på bokmål) ofte får

42 Fjeld (2011)

hokjønnsartikkel i ulike målføre. Eventuelt kan informantane vere forvirra av den bøyinga som står bak ordet i ordlista; "gong-en, -er [-ar], -ene [-ane]" (Hellevik 2005:132). Dette hankjønnsordet har same fleirtalsbøying som hokjønnsorda, på *-er* og *-ene*. Informanten kan difor tru at ordet skal ha hokjønnsartikkel. Dette verker samstundes ikkje så sannsynleg, sidan ordlista viser til *-en* i bestemt form eintal. Det er meir truleg at informantane her let sitt eige målføre spele inn, sidan substantivet *gong* i fleire målføre er eit hokjønnsord.

Det er ikkje veldig utbreidd å gje hankjønnsord feil kjønn i ubestemt eintal. Kvar informant har her mellom 1 og 3 avvik. Det er fleire avvik i kategori 1.1 enn 1.2, og det er difor vanlegare å gje hankjønnsorda hokjønnsbøying enn inkjekjønnsbøying.

### 1.3 Hokjønnsord får hankjønnsbøying

XA2	ein verd	XM2	ein reise	XZ2	ein form
	ein innsikt	XN2	ein opning	YC2	ein reise
XD2	ein reise		ein forståing		ein reise
	ein skildring	XO2	ein staving		ein rekke
	ein avslutning		ein hindring		ein forteljing
XF2	ein rolle	XP2	ein åtvaring	YD2	ein reise
	en rolle	XQ2	ein beskriving		ein reise
	ein regiytring		ein beskriving		ein avslutning
	ein språkending		ein bevisstheit		en verd
	ein rolle		ein forklaring	YE2	ein misgjerning
XG2	ein forbanning		ein staving		ein forbanning
	ein sjølvdyrking		ein hindring		ein ferd
	ein plikt		ein innsnevring	YF2	ein fantasiverd
	ein sak		ein framstilling		ein løve
YA2	ein forenkling		ein feilvurdering		ein undervisningsøkt
	ein innleiing	XR2	ein rekkefølge		ein oppsummering
	ein stund		ein forbanning	YG2	ein framdriftskilde
	ein åtvaring		ein reise		ein gruppe
	ein forventning		ein reise		ein form
	ein misgjerning*	XT2	ein framtid		ein løve
	ein forenkling		ein reise		ein språkutveking
XI2	ein rolle	XU2	ein misgjerning	YH2	ein forståing
	ein rolle		ein forventning		ein forklaring
	ein rolle		ein reise		ein forklaring
XJ2	ein mishandling		ein misgjerning		ein oppgåve
	ein forbanning	XV2	ein heimkome		ein verd
XK2	ein setning		ein reise		ein utfolding
	ein handling	XW2	ein oppgåve		ein innvirkning
	ein verden	XX2	ein moglegheit		ein øving
XL2	ein side	XY2	ein leik-holdning		ein framsyning
	ein evne		ein form		en verden
	ein rolle		ein bevisstheit		
	ein form				

Tabell 41: Kategori 1.3

Med heile 96 avvik, er dette den klart største gruppa av substantiv som får feil kjønn. 28 ulike informantar har gjeve hokjønnsord hankjønnsbøying i ubestemt eintal, heile 82,4 prosent av dei 34 informantane. Det er opp til 10 avvik hjå dei ulike informantane, og berre 5 av dei 28 informantane har 1 avvik her. Dette tyder på eit avvikande bøyingsmønster som i nokre tekster verkeleg har breidd om seg. På same måte som i Søyland si kartlegging av typar feil i KAL-materialet<sup>43</sup>, kan eg slå fast at det ikkje ser ut til å vere grenser for kva type hokjønnsord som kan få hankjønnsbøying.

Det er likevel ei gruppe av ord som går att. Dei aller fleste orda her, heile 46 av 96, er hokjønnpå *-ing*. Dette er 48 prosent av orda i denne kategorien, og 18 ulike informantar står bak desse avvika. "Dei fleste substantiva har same kjønn på nynorsk som på bokmål"<sup>44</sup>. Men substantiv på *-ing* er som regel hokjønnpå, sjølv om dei i nokre tilfelle kan vere hankjønnpå (det er som regel ord på *-ning* med konkret tyding) (ibid.), jf. kap. 4.3.2. Sjølv om dei fleste substantiva på *-ing* får hokjønnpå i nynorsk, får dei ofte hankjønnpå i ulike målføre og i bokmålet.

Dei andre orda er relativt varierte. Uliskskapen i bøyning av orda i bokmål og nynorsk er felles for sær mange av orda her. Mange av hokjønnsorda får nemleg hankjønnpå bokmål, eller valfritt kjønn. Dette gjeld mellom anna to av orda som går att i tabellen over, nemleg *ein reise* (hjá 8 informantar) og *ein rolle* (hjá 3 informantar). I bokmål har desse substantiva både hokjønns- og hankjønnsbøying. Målføret åt han som skriv vil då spele inn på val av kjønn. (Ord med valfritt kjønn på nynorsk kjem eg attende til i kategori 5 nedafor.)

Det siste avviket her, *en verden* (YH2) skil seg klart ut frå dei 95 andre avvika i denne kategorien. Her er det ikkje berre ein hankjønnsartikkel som gjev ordet feil kjønn, men like mykje sjølvforma på ordet. Informant YD har i si tekst både gjeve dette hokjønnsordet hankjønnsartikkelen *en* (og han har samstundes ein stavefeil i artikkelen), samt at han har nytta bokmålsvarianten av det nynorske hokjønnsordet *verd*. Dette gjev ei dobbel grunngeving til plasseringa av avviket *verden* i denne kategorien. Informant YH har gjeve hokjønnsordet *verd* hankjønnsform både ved å nytte bokmålsforma *verden* og å gjeve ordet hankjønnsartikkel. Dette ordet har ulikt kjønn på bokmål og nynorsk.

---

43 [www.sprakrad.no/upload/nyno02aso.doc](http://www.sprakrad.no/upload/nyno02aso.doc)

44 <http://www.sprakrad.no/Tema/Skole/Nynorsk.nett.no/Minigrammatikk/Substantiv/>

## 1.5 og 1.6 Inkjekjønnsord får hankjønns- eller hokjønnsbøying

1.5 Inkjekjønnsord får hankjønns		1.6 Inkjekjønnsord får hokjønns	
XD2	ein vaksentilvære	XE2	ei forståingsfelleskap
XH2	ein bilete ein symbol		
YH2	ein svar		

Tabell 42: Kategori 1.5 og 1.6

Her har 4 inkjekjønnsord fått hankjønnsartikkel og 1 inkjekjønnsord fått hokjønnsartikkel i ubestemt eintal. Avvik er henta frå 4 ulike tekster. Det er relativt få inkjekjønnsord som får feil kjønn i denne hovudkategorien. Ved å knyte denne tabellen saman med tabell 38 i kap. 4.3.3, med oversikt over avvik i hovudkategoriane i dei ulike tekstene, ser me at det er stor skilnad i kva type informantar som gjev inkjekjønnsorda feil kjønn her. Den fyrste teksta, XD2, har i alt 7 avvik i feiltype 2. I tekst XH2 er det 3 avvik i bøyinga, og 2 av dei finn me her. (Det siste avviket i denne teksta høyrer heime i kategori 3.1.) Tekst YH2 har heile 17 avvik, og desse avvikane er spreidde over fleire ulike kategoriar. XE2 har totalt 5 avvik. Dei informantane som bøyer inkjekjønnsorda feil i ubestemt eintal, har mellom 3 og 17 avvik i substantivbøyinga totalt sett.

Substantiva *bilete*, *symbol* og *svar* får inkjekjønnsord på bokmål òg, på same måte som dei i nynorsk skal ha inkjekjønnsord. Etterleddet i *vaksentilvære* er det nynorske ordet for *tilværelsen*, eit ord som på bokmål får hankjønnsbøying. Om det er samanblanding med bokmålsforma som er årsaka til feilskrivinga i dette tilfellet, er bruk av hankjønnsartikkel forståeleg. Men i dei tre andre orda i kategori 1.5, kan ikkje hankjønnsforma forklarast ut frå påverknad frå bokmål. Her må det vere andre årsaker til bruk av feil artikkel og kjønn. Dette kan peike attende til kap. 2.2.5, der eg har referert Tislevoll (1998), som hevda at regelbrot skuldast feil i utføringa og ikkje i systemet. Informantane viser her at dei ikkje kjenner dette systemet godt nok - i alle høve ikkje innan denne kategorien. Normativ språkskildring vil difor kalle desse avvikane frå norma for *feil utføring*.

I avviket *ei forståingsfelleskap* (XE2) ser me eitt døme på at artikkelen til samansetjinga samsvarer med forleddet og ikkje etterleddet. Hadde ordet her vore *ei forståing*, ville artikkelen vore riktig. Men etterleddet i determinative samansetjingar er kjernen i samansetjinga, og det avgjer difor kjønn til samansetjinga. jf. kap. 4.2.1. Sidan etterleddet her er eit inkjekjønnsord, vil rett artikkel vere inkjekjønnsartikkelen *eit*.

Alle underkategoriane til kategori 1, *eintal ubestemt*, kan summerast opp i tabell 43

under. Tabellen viser at det er 117 registrerte bøyingsavvik i hovudkategori 1, fordelt på 5 ulike kategoriar. Me ser av tabellen at det er stor variasjon i kva underkategoriar avvika i eintal ubestemt opptrer i. Ingen hokjønnsord har fått inkjekjønnsbøying, og berre eitt inkjekjønnsord har fått hokjønnsbøying. Den største og mest overraskande gruppa er kategori 1.3, der heile 96 hokjønnsord har fått hankjønnsbøying. Dette høge talet er 82 prosent av avvika i denne hovudkategorien og 29 prosent av dei samla avvika i substantivbøyinga. Heile 28 av 34 informantar er representerte med avvik i denne kategorien. Dette er den kategorien kor flest informantar ikkje meistrar bøyingsreglane, jf. problemstilling U1.

Det kan tyde på at det ikkje alltid er like lett å høyre kva kjønn substantiva har på nynorsk. Den språklege intuisjonen er ikkje alltid til hjelp når informantane skriv på det som har vore sidemålet deira. Nokre reglar må ein berre lære, som til dømes reglane for hokjønnsord på *-ing*. Det er desse hokjønnsorda som oftast får feil kjønn i kategori 1.3. Dessutan står all bøying ført oversiktleg opp i ordlista, og informantane har hatt tilgang til ho i skrivinga si. 3 av kategoriane i denne hovudkategorien har få avvik, og 1 kategori har ingen registrerte avvik. Skilnaden mellom desse kategoriane og kategori 1.3 er særst stor.

	KATEGORI	AVVIK	PROSENT
<b>1. UBESTEMT EINTAL</b>	1.1 Hankjønn får hokjønn	14	12,0
	1.2 Hankjønn får inkjekjønn	2	1,7
	1.3 Hokjønn får hankjønn	96	82,0
	1.4 Hokjønn får inkjekjønn	0	0,0
	1.5 Inkjekjønn får hankjønn	4	3,4
	1.6 Inkjekjønn får hokjønn	1	0,9
	<i>Til saman</i>	<i>117</i>	<i>100</i>

Tabell 43: Oppsummering hovudkategori 1

## 2. BESTEMT FORM EINTAL

Det er, som me skal sjå i tabell 46 litt seinare, til saman 56 avvik i denne hovudkategorien. Eg har registrert avvik i 3 av 6 underkategoriar. Det er berre hokjønnsord som får bøying frå baa dei to andre kjønna, og difor knytar eg berre kategori 2.3 og 2.4 saman i framstillinga nedafor.

## 2.1 Hankjønnsord får hokjønnsbøying

XA2	tretalsregla	XN2	nesa
	nesa		nasa
XC2	nasa	XT2	nesa
XE2	tvila		nasa
XG2	myta		nasa
XJ2	nasa	XX2	nasa
	nasa	YC2	heima
	nasa	YD2	nesa
	nasa		gonga
	slutta	YE2	gonga
XM2	nesa		gonga
	nesa		
	nesa		

Tabell 44: Kategori 2.1

I denne underkategorien er det 24 hankjønnsord som har fått hokjønnsending, fordelt på 12 ulike tekster. Talet på avvik i dei ulike tekstene varierer frå 1 avvik i 5 tekster til 5 avvik i tekst XJ2.

Det er særskilt påfallande her at heile 16 av avvika gjeld ordet *nesa* (7 avvik) eller *nasa* (9 avvik). To informantar har prøvd seg med baa former av ordet. Riktig bøying er *ein nase - nasen* (jf. Hellevik 2005). Her har truleg informantane sine målføre hatt innverknad på skrivemåten. Dette er samstundes eit av dei substantiva som får valfritt kjønn i det tilsvarande ordet *nese* på bokmål, og det er nok hokjønnsforma som vert mest brukt. Bøyinga i nynorsk skil seg ut, sidan dette ordet berre kan ha hankjønnsbøying.

## 2.3 og 2.4 Hokjønnsord får hankjønns- eller inkjekjønnsbøying

2.3 Hokjønn får hankjønn			2.4 Hokjønn får inkjekjønn		
XA2	innlendingen	YF2	rollen	XJ2	heimkomet
	innlendingen		språkutviklingen		
	moren		undervisningsøkten		
	verden	YG2	tiden		
XB2	årsaken		kranglingen		
	siden		språkutviklingen		
XC2	verden		rollen		
YB2	reisen		rollen		
	reisen		rollen		
XL2	rollen		formen		
XN2	verden		formen		
XY2	stemmen		stemmen		
	stemmen		gruppen		
	rollen		mimingen		
XZ2	rollen		økten		
YC2	natten				

Tabell 45: Kategori 2.3 og 2.4

Både kategori 2.3 og 2.4 er hokjønnsord som får feil kjønn gjennom bøyingssendingar. Skilnaden mellom talet på avvik i kategori 2.3 og 2.4 er så stor, at det kan verke rart å tale om dei samla. Heile 31 av hokjønnsorda får hankjønnsending, og berre 1 hokjønn får inkjekjønnsending. Kategori 2.3 er den største avvikskategorien i hovudkategori 2.

I kategori 1.3 såg eg at dei fleste hokjønnsorda som fekk hankjønnsbøying i ubestemt eintal, var hokjønn på *-ing*. I bestemt eintal er ikkje denne gruppa av ord like godt representert, sjølv om 6 av avvika her nettopp er hokjønnsord på *-ing*. Det er òg, som i kategori 1.3, ein del registreringar av substantiva *reisen* (YB1) og *rollen* (XL2, XY2, XZ2, YF2 & YG2). Desse orda kan som nemnt i kategori 1.3 ha to ulike kjønn på bokmål, medan dei i nynorsk er hokjønnsord.

I nokre målføre er det vanleg at mange hokjønnsord får hankjønnsending. Hadde fleire av informantane til dømes vore frå Bergensområdet, ville dette vore ei god forklaring på den store mengda hokjønnsord med hankjønnsbøying i både ubestemt og bestemt form eintal. Dette er det såkalla *samkjønnsystemet* ved substantiva, jf. Skjekkeland (2005:177). Men særskilt få av mine informantar kjem frå Vestlandet. Dei fleste er frå Sørlandet og Austlandet, som omtalt i kap. 3.5.2. Avhandlinga mi går ikkje nærare inn på talemålstilknyttinga. Eg vil berre nøye meg med å seie at det er godt mogleg at mengda på avvik i hokjønnsorda heng saman med informantane sitt talemål, utan at eg vil gå meir i djupna på dette.

Dei tre underkategoriene med bøyingsavvik i hovudkategori 2, *bestemt eintal*, kan summerast opp i følgjande tabell:

	KATEGORI	AVVIK	PROSENT
<b>2. BESTEMT EINTAL</b>	2.1 Hankjønn får hokjønn	24	42,9
	2.2 Hankjønn får inkjekjønn	0	0,0
	2.3 Hokjønn får hankjønn	31	55,3
	2.4 Hokjønn får inkjekjønn	1	1,8
	2.5 Inkjekjønn får hankjønn	0	0,0
	2.6 Inkjekjønn får hokjønn	0	0,0
	<i>Til saman</i>	<i>56</i>	<i>100</i>

Tabell 46: Oppsummering hovudkategori 2

I tabell 37 såg me at dette er ein av dei to hovudkategoriene med færrest avvik. Det er berre avvik i 3 av 6 underkategoriar her. Kategori 2.4 har berre 1 registrert avvik, medan det er 24 og 31 avvik i dei to andre underkategoriene. Det er dei to kategoriene der hankjønnsord får hokjønnsbøying (kategori 2.1) og hokjønnsord får hankjønnsbøying (kategori 2.3) som har flest avvik her. Det er ingen avvik i kategoriene der inkjekjønnsord kan få feil bøying, og eg kan difor slå fast at informantane meistrar inkjekjønnsbøyinga godt i *eintal bestemt*.

I både hovudkategori 1 og 2 er det dei underkategoriene der hokjønnsorda får hankjønnsbøying, som har flest avvik. Dette heng truleg nært saman med at mange hokjønnsord får hankjønnsending, eller har valfritt kjønn, på bokmål.

### 3. UBESTEMT FORM FLEIRTAL

I hovudkategori 3 har eg funne avvik i 6 av 7 underkategoriar, og eg vil difor knyte saman kategori 3.1 og 3.2, 3.5 og 3.6. Kategoriene 3.3 og 3.7 står aleine. Eg har ikkje registrert avvik i den siste kategorien, 3.4.

### 3.1 og 3.2 Hankjønnsord får hokjønns- eller inkjekjønnsending

3.1 Hankjønnsord får hokjønnsending				3.2 Hankjønnsord får inkjekjønnsending	
XA2	vinder	XO2	samanhenger	XA2	analytikare
	vinder	XR2	talgdråper		sigre
XE2	bokstaver	XS2	bokstaver	XE2	karikatur
XF2	regler		farger	XO2	allofon
	biler		rolleleiker		allofon
	fiende	XU2	talgdråper		allofon
XJ2	funksjoner	XW2	talgdråper		
	talgdråper	XX2	elever		
XK2	regler		elver <sup>45</sup>		
	regler	XY2	koder		
	regler	YF2	språkleiker		
	figurer	YG2	uttrykksmåter		
	bokstaver		planer		
	bokstaver		hager		
	klappeleiker		leiker		
	spilleregler		pirater		
XL2	timer		blyanter		
	dialoger		bevegelser		
	situasjoner	YH2	samanhenger		
XN2	samanhenger		språkkoder		
	elever		regler		
	bokstaver		klappeleiker		

Tabell 47: Kategori 3.1 og 3.2

I kategori 3.1 er det 44 avvik, medan det i kategori 3.2 berre er 6 avvik. Det er her òg, i likskap med dei to førre hovudkategoriane, vanlegare å gje hankjønnsorda hokjønnsbøying enn inkjekjønnsbøying. Kategori 3.1 er den kategorien med flest avvik i *fleirtal ubestemt*, og dei utgjer 40 prosent av avvika i denne hovudkategorien. Talet på avvik i dei ulike tekstene varierer frå 1 til 8.

Dei tre informantane som har registrerte avvik i kategori 3.2, har òg avvik i kategori 3.1. Dette tyder på at desse tre informantane er usikre på korleis dei skal bøye hankjønnsord i ubestemt fleirtal. Eg ville nesten venta at informantar som var usikre i bøyinga av substantiv i fleirtalsformene fort ville gje hokjønnsorda *-ar-ending*. I *ubestemt fleirtal* er det heller motsett; Det er fleire hankjønnsord som får hokjønnsbøying enn hokjønnsord som får hankjønnsbøying, jf. kategori 3.3. Det er likevel mange inkjekjønnsord som får hankjønnsending. Dette kjem eg attende til i kategori 3.5.

<sup>45</sup> Forma *elver* er stavefeil av substantivet *elever*. Det er altså ikkje snakk om *ei elv*, men om *ein elev*.

Her ser me, som i neste kategori, at fleire informantar blandar dei to substantiva *ei regle* (rim og regler) og *ein regel* (norm/rettesnor). Det fyrste substantivet er eit hokjønnsord, og det skal ha *-er* og *-ene* i fleirtalsbøyinga. Substantivet *regel* er eit hankjønnsord med samandraging i fleirtal (jf. NRG 2006:183-184), og bøyinga vert då *regel - regelen - reglar - reglane* (Hellevik 2005:277). Ut av konteksten substantiva står i, kan me sjå om den riktige endinga i ubestemt fleirtal skal vere *-er* eller *-ar*. I dei 5 tilfella i kategori 3.1 er det tydeleg at informantane eigentleg skriv om *reglar*. Sidan båe former finst, som bøyingsformer av kvart sitt ord, vil ikkje retteprogrammet på datamaskinane registrere at dette er feil bøyingsending i den gjevne konteksten. Informantane har truleg ikkje registrert at dei har skrive orda feil, då skriveprogramma ikkje har gjort dei merksame på det.

Eg vil kommentere nokon av orda i kategori 3.2 nærare. Ein kritisk lesar vil kanskje vere i stuss over at eg har plassert avvika *analytikare* og *sigre* (XA2) i kategorien der hankjønnsord får inkjekjønnsbøying. Om dette mønsteret hadde vore heilt gjennomført, ville hankjønnsord stått i same form i *ubestemt fleirtal* som i *ubestemt eintal*, jf. bøyingsreglane i kap. 4.3.2. Forma ville då vore *analytikar* og *siger*. Her er det difor ein brest mellom eintal og fleirtal, sidan forma er annleis i fleirtal. Hankjønnsorda har likevel ikkje fått hankjønnsendinga *-ar*, men dei har same ending som dei inkjekjønnsorda som endar på *-e* i *ubestemt eintal* òg *ubestemt fleirtal*. Døme: *eit tre - fleire tre*. (Eg vil presisere at inkjekjønnsord som ender på til dømes *-er* (*hinder* og *krater*) òg følgjer hovudregelen i bøyinga.)

Plasseringa av hankjønnsorda i denne kategorien er likevel problematisk. Endinga i *analytikare* og *sigre* har ikkje berre ein *-e* som ending, men *-re*. Ingen paradigme har *-re* som fleirtalsbøying i nynorsk. Difor er det meir tenkjeleg at feilskrivningane her er ein bokmålisme, der nokre substantiv på *-er* (både *analytiker* og *siger*) kan få samandraging i ubestemt form fleirtal (jf. NRG 2006:171-172). Båe desse avvika er difor påverka av bokmålsbøying, og det er difor grunn til å diskutere om dei høyrer heime i den kategorien kor dei er plasserte. I teksta til denne informanten er det 19 avvik i feiltype 2, og dette gjev meg grunnlag til å seie at denne informanten ikkje meistrar bøyingsreglane til substantiva på nynorsk. Eg har valt å ha med dei to avvika her for å understreke utryggleiken hjå denne informanten, og avvika er plasserte i den kategorien der dei (meir eller mindre) kan høyre heime.

Vidare har me òg 3 tilfelle av at hankjønnsordet *allofon* (XO2) står utan ending i *ubestemt fleirtal*. Dette substantivet har, i motsetnad til *analytikare* og *sigre*, fått same form i både *ubestemt eintal* og *fleirtal*. Eg vil tru at informanten opplever dette ordet som eit vanskeleg og ukjend ord, og ho handsamar det då anten som eit ubøygdt substantiv eller som

eit inkjekjønnsord. I ordlista kan me derimot sjå at substantivet *allofon* får hankjønnsbøying både på nynorsk og bokmål.

### 3.3 Hokjønnsord får hankjønnsbøying

XI2	rollar
	rollar
XR2	trollmaktar
XS2	reglar
XT2	reisar
XY2	reglar
YF2	remsar
YG2	rollar

Tabell 48: Kategori 3.3

Det er i *ubestemt fleirtal* fleire hankjønnsord som får hokjønnsbøying enn talet på hokjønnsord som får hankjønnsbøying. Dette er tilfellet i båd hovudkategoriar med fleirtalsavvik. Det er 8 avvik i denne kategorien, og dei er skrivne av 7 informantar. To av informantane har her, på same måte som fleire informantar i førre kategori, blanda saman ubestemt fleirtal av substantiva *ei regle* og *ein regel*. Eg vil ikkje gå meir inn på dette her, men eg må slå fast at informantane i båd tilfelle her skriv om *rim* og *regl-er*.

3 av avvika i denne gruppa gjeld substantivet *rolle*. Dette er òg eit av dei substantiva som har valfritt kjønn (hankjønn eller hokjønn) på bokmål, medan det på nynorsk berre er hokjønn, jf. Hellevik (2005:284). Dei to informantane som har gjeve ordet feil kjønn her, har truleg stolt på intuisjonen dei har - i høve til hovudmålet sitt - og ikkje sett på dette som ei feilskrivning (sjølv om ordlista vil fortelje dei noko anna).

### 3.5 og 3.6 Inkjekjønnsord får hankjønns- eller hokjønnsbøying

3.5 Inkjekjønnsord får hankjønnsbøying				3.6 Inkjekjønnsord får hokjønnsbøying			
XA2	hjelpemidlar	XQ2	hjelpemidlar	XA2	hjelpemidler	XV2	problemer
XD2	hjelpemidlar	XS2	materialar	XG2	menneskjer	XW2	kleder
XG2	punkter		materialar	XJ2	løfter	XX2	dømer
YA2	hjelpemidlar		materialar	XL2	minutter	XY2	begreper
	hjelpemidlar	XV2	eksemplar	XM2	kleder	XZ2	yrker
XI2	emnar		hjelpemidlar	XR2	kleder	YE2	punkter
	materialar	XY2	materialar		menneskjer	YG2	selskaper
XJ2	hjelpemidlar	YC2	hjelpemidlar		punkter	YH2	signaler
XX2	hovudområdar		hjelpemidlar	XS2	ynskjer		
	virkeidlar		hjelpemidlar	XT2	løfter		
XP2	løftar	YE2	hjelpemidlar		løfter		
					løfter		

Tabell 49: Kategori 3.5 og 3.6

Nest etter kategori 3.1 er dette dei to underkategoriene med flest avvik i hovudkategori 3. Det er ei ganske jamn fordeling mellom avvika i kategori 3.5 og 3.6. 22 inkjekjønnsord får hankjønnsbøying og 20 inkjekjønnsord får hokjønnsbøying. Desse 42 avvika kan fortelje at fleire informantar slit med inkjekjønnsbøyinga i *ubestemt fleirtal*. Det kan vere vanskeleg å bøye inkjekjønnsord i denne hovudkategorien, sidan bøyingsmønsteret her skil seg særskilt mykje frå bøyinga i bokmål, jf. bøyingsreglane i kap. 4.3.2.

Det er heile 23 ulike informantar som gjev inkjekjønnsorda anten hankjønns- eller hokjønnsending her, og 7 informantar har avvik i både kategoriar. At informantane gjev inkjekjønnsorda ei ending dei ikkje skal ha, vil eg kalle for ein type *redupliserande* trekk. Reduplisering er nemninga på at ord eller delar av ord gjentas (NRG 2006:53). Her får inkjekjønnsorda ei ekstra ending, der dei eigentleg skal stå utan ending. Dette vil eg tru kjem av utryggleiken informantane kjenner på i bøyinga av inkjekjønnsord i fleirtal, og dei endar opp med å gje orda endingar dei ikkje skal ha. Dei har ikkje godt nok grep om bøyingsreglane, jf. problemstilling U1.

Tidlegare i denne hovudkategorien såg me ikkje nokon hokjønnsord med inkjekjønnsbøying (kategori 3.4), og det var berre 6 hankjønnsord som stod fram som inkjekjønnsord (kategori 3.2). Dette fortel at det, forutan kategori 3.1, er flest avvik i dei to kategoriene der inkjekjønnsorda får feil kjønn.

### 3.7 Hokjønnsord på -ing får -er

Hokjønn på -ing får -er	
XA2	kjerringer
XB2	kjerringer
XF2	erfaringer
XL2	regjytringer rolleytringer ytringer språkhandlingar
YF2	ellinger

Tabell 50: Kategori 3.7

I kategori 3.7 finn me 8 avvik, skrivne av 5 informantar. 4 av desse informantane har berre eitt avvik kvar i denne kategorien, og den siste informanten (XL2) har 4 avvik. Denne informanten har til saman 13 avvik i feiltype 2. Denne avviksgruppa skil seg frå dei andre, ved at det her er avvik knytt til eit av unntaka frå bøyingsregelen om at hokjønnsord skal ha *-er* i *ubestemt fleirtal*. Det vil difor vere interessant å sjå om dei informantane med avvik her òg har gjeve hokjønnsord på *-ing* feil kjønn i *ubestemt* og *bestemt eintal*, jf. tabell 51 under.

I denne tabellen tyder eit plussteikn (+) at informanten har feilskrivningar i den aktuelle kategorien, og eit minusteikn (-) tyder at informanten ikkje har feilskrive hokjønnsord på *-ing* i denne kategorien.

	UE	BE	UF
XA2	-	+	+
XB2	-	-	+
XF2	+	-	+
XL2	-	-	+
YF2	+	+	+

Tabell 51: Oversikt over hokjønn på *-ing*

Denne litle tabellen syner at berre éin av informantane har gjeve hokjønnsord på *-ing* feil kjønn både i *ubestemt eintal*, *bestemt eintal* og *ubestemt fleirtal*. To informantar har avvik i høve til denne gruppa hokjønnsord i *eintal*, då anten i *ubestemt* eller *bestemt* form. Dette tydeleggjer at det for berre ein informant er eit gjennomført avvikande bøyingsmønster gjeldande hokjønnsord på *-ing*. Det er berre 2 (XF2 & YF2) av dei 18 informantane som ga

hokjønnsord på *-ing* hankjønnsartikkelen *ein* i *ubestemt eintal*, som har registrerte avvik i kategori 3.7. Eg fann ingen avvik i bøyning av hokjønnsord på *-ing* i *bestemt fleirtal*.

I *ubestemt fleirtal* er det 6 underkategoriar med til saman 108 registrerte avvik. Gjennomsnittet på avvik i desse 6 kategoriane er 18. Men variasjonen er stor, og ein kategori har heile 44 avvik. Dette er den kategorien som har mange avvik i alle dei tre presenterte hovudkategoriane, nemleg hankjønnsord som får hokjønnsbøyning. Den kategorien som har færrest avvik her, er kategori 3.2. Fordelinga på avvik i kategoriane er framstilt i følgjande tabell:

	KATEGORI	AVVIK	PROSENT
<b>3. UBESTEMT FLEIRTAL</b>	3.1 Hankjønn får hokjønn	44	40,7
	3.2 Hankjønn får inkjekjønn	6	5,6
	3.3 Hokjønn får hankjønn	8	7,4
	3.4 Hokjønn får inkjekjønn	0	0,0
	3.5 Inkjekjønn får hankjønn	22	20,4
	3.6 Inkjekjønn får hokjønn	20	18,5
	3.7 Hokjønn på <i>-ing</i> får <i>-er</i>	8	7,4
	<i>Til saman</i>	<i>108</i>	<i>100</i>

Tabell 52: Oppsummering hovudkategori 3

Her ser ein òg kor høg prosent talet på avvik i dei ulike kategoriane utgjer, i høve til det samla talet på avvik i hovudkategori 3.

#### 4. BESTEMT FORM FLEIRTAL

På same måte som i førre hovudkategori har eg i kategori 4 registrert avvik i 6 av 7 underkategoriar. Her er det registrerte avvik i alle dei 6 "vanlege" kategoriane (4.1 - 4.6), og berre kategori 4.7, *Hokjønn på -ing får -ene*, står utan avvik. Det er, som me skal sjå i tabell 56 under, berre 46 avvik totalt i den fjerde hovudkategorien. Det er difor ikkje mange avvik i dei fleste kategoriane her. I tabell 38 på side 100 ser me at talet på avvik i denne hovudkategorien likevel kan vere høgt. Eg har talt kor mange riktige former som høyrer heime i dei ulike hovudkategoriane. Ser me tala på avvik i til dømes tekst XT2 og YE2, ser

me at b e tekster har 4 avvik i *bestemt fleirtal*. XT2 har 9 rette b yingar av ord i denne kategorien, og YE2 har 1 rett b yning. Tala p  avvik verker st rre, n r avvika utgjer 30,8 og 80 prosent av dei samla orda i denne hovudkategorien<sup>46</sup>.

#### 4.1 og 4.2 Hankj nnsord f r hokj nns- eller inkjekj nnsb yning

4.1 Hankj�nnsord f�r hokj�nns		4.2 Hankj�nnsord f�r inkjekj�nns	
XF2	reglene	XN2	spr�klyda
XH2	reglene	XO2	spr�klyda
YF2	leikforskerne		spr�klyda
	medelevene		t-lyda
YG2	dragene	XT2	bokstava
			gjenstanda

Tabell 53: Kategori 4.1 og 4.2

Det er nesten like mange avvik i kategoriane 4.1 og 4.2. Her har 5 hankj nnsord f tt hokj nnsb yning og 6 hankj nnsord f tt inkjekj nnsb yning. Avvika her er skrivne av 7 ulike informantar, og dei har mellom 1 og 4 avvik kvar i desse to kategoriane.

To av avvika i den fyrste kategorien gjeld b yning av det tidlegare dr fta ordet *regel* (sj  kategori 3.1 og 3.3). I b e tekster (XF2 & XH2) vil det rette ordet vere *reglane*, som fleirtal av hankj nnsordet *regel*, og ikkje fleirtal av hokj nnsordet *regle*. Informant XF2 har gjeve dette hankj nnsordet hokj nnsending i b de *ubestemt* og *bestemt fleirtal*.

I kategori 4.2 har to informantar (XN2 & XO2) gjeve hankj nnsordet *spr klyd* feil b yingsending i *bestemt fleirtal*. Ei truleg  rsak til dette kan vere at dei, p  same m te som for avviket i kategori 1.6, har late forleddet i samansetjinga styre b yinga. Men det er etterleddet som er kjernen i samansetjinga, jf. kap. 4.2.1, og kj nnet til samansetjinga vert difor avgjort av etterleddet *lyd*.

Det er interessant at informantane bak avvika i kategori 4.2 her gjer det motsette av det som skjer i kategoriane 3.5 og 3.6 over, og 4.5 og 4.6. I staden for   leggje ekstra endingar til inkjekj nnsord som ikkje skal ha ending i *ubestemt fleirtal* og *a*-ending i *bestemt fleirtal*, forkortar informantane endingane til dei 6 hankj nnsorda her.

B yingsreglane for hankj nnsord p  nynorsk skil seg mindre fr  b yning av hankj nnsord p  bokm l, enn det dei spesielle b yingsreglane for inkjekj nnsord gjer elles, trur eg. Dette fortel meg at informantar som gjev hankj nnsord inkjekj nnsb yning i fleirtal

46 XT2:  $4 \times 100 / (4+9) \approx 30,8$  prosent, YE2:  $4 \times 100 / (4+1) = 80$  prosent

gjerne har avvikande bøyning i fleire andre kategoriar òg. Dette stemmer for informantane i kategori 4.2. Tekstene XO2 og XN2 har avvik i 5 ulike kategoriar, medan XT2 har avvik i 6 ulike kategoriar. Kva kategoriar dette er snakk om, ser ein i vedlegg 4.

#### 4.3 og 4.4 Hokjønnsord får hankjønns- eller inkjekjønnsbøyning

4.3 Hokjønnsord får hankjønns		4.4 Hokjønnsord får inkjekjønns	
XI2	rollane	XQ2	tenna
XP2	nettane	YE2	saka
XY2	tennan		

Tabell 54: Kategori 4.3 og 4.4

Det er til saman 5 hokjønnsord som får feil kjønn i den fjerde hovudkategorien. 3 hokjønnsord har fått hankjønnsending, og 2 hokjønnsord har fått den *a*-endinga som inkjekjønna skal ha i *bestemt fleirtal*. Det er 5 ulike informantar som har skrive desse avvika, og alle har 1 avvik.

Eg vil drøfte avviket *tennan* i tekst XY2 litt nærare. Dette hokjønnsordet har fått hankjønnsbøyning. Det kan henge saman med at dette substantivet har valfritt kjønn på bokmål, der det kan ha anten ho- eller hankjønns. I avviket her manglar det ein *e* i endinga av ordet, for at ordet skal få full hankjønnsbøyning. Men om eg ser avviket opp mot informasjonen eg fekk gjennom samtykkeskjemaet, kan eg kanskje forklare bortfallet av *e-en*. Informanten har skrive at ho har talemålsbakgrunn frå Indre Vest-Agder, og her har dette talemålet truleg spilt inn. Hjø Skjekkeland (2005:175-176) ser me korleis fleire hankjønnsord får *tostavingsformer*, som til dømes i bøyninga av hankjønnsordet *hest*, i Fjotland i Vest-Agder: "*hest 'hesten hesta hestan*" (ibid.). Dette kan vere forklaringa bak avviket *tennan* hjå denne informanten, at det vert påverka av dette bøyingsmønsteret.

Informant XY er samstundes den informanten som har hatt nynorsk som hovudmål på barne- og ungdomsskulen. Dette vart nærare omtala i kap. 2.1.2, som "den nynorske lekkasjen". Utan å vere for streng, så skulle ein tru at den språklege intuisjonen til denne informanten hang nærare saman med nynorske bøyingsreglar. Men denne informanten har 12 avvik i nynorskbøyninga, jf. tabell 38, fordelt på 8 kategoriar. For å sjå kva kategoriar dette er, viser eg til vedlegg 4.

#### 4.5 og 4.6 Inkjekjønnsord får hankjønns- eller hokjønnsbøying

4.5 Inkjekjønnsord får hankjønnsbøying			4.6 Inkjekjønnsord får hokjønnsbøying		
XA2	punktane	XU2	punktane	XG2	kjennetegene
	hjelpemidlane		punktane	YG2	ordene
	augne	XV2	tallane		ordene
XB2	trollane		tallane		rimene
XG2	hjelpemiddelane		hjelpemidlane		
YA2	hjelpemidlane	XY2	regelverkane		
YB2	spørsmålane	YC2	hjelpemidlane		
	valane		hjelpemidlane		
XJ2	hjelpemidlane	YE2	punktane		
	hjelpemidlane		punktane		
	hjelpemidlane		hjelpemidlane		
XT2	hjelpemidlane	YG2	materialane		
	hjelpemidlane				
	hjelpemidlane				

Tabell 55: Kategori 4.5 og 4.6

Den klart største avvikskategorien i hovudkategori 4 er inkjekjønnsord som får hankjønnsbøying. Det er 26 inkjekjønnsord i denne gruppa, i tillegg til 4 inkjekjønnsord som får hokjønnsbøying. Det er tydeleg at fleire informantar har vanskar med å bøye inkjekjønnsord rett i *bestemt fleirtal*. Me ser dei same tendensane som i kategori 3.5 og 3.6. Særs mange inkjekjønnsord får ei ending i fleirtal som dei ikkje skal ha, ein type redupliserande trekk. Medan dei i kategori 3.5 og 3.6 ikkje skulle hatt nokon ending, så skulle inkjekjønnsorda berre hatt *a-ending* her.

Halvparten av feilskrivningane i kategori 4.5 gjeld avviket *hjelpemidlane*. Informant XG har gjeve ordet feil staving i tillegg, *hjelpemiddelane*. I gjennomgangen av bøyingsreglane i kap. 4.3.2 såg me at inkjekjønnsord på trykklett *-el* får samandraging i fleirtal. Mange feilskrivningar av dette ordet vekker oppsikt. Det er heile 8 informantar som har dette avviket. Det er mogleg at informantane vekslar mellom bokmåls- og nynorskbøying her. Inkjekjønnsordet *hjelpemiddel* er eitt av dei inkjekjønnsorda med ending på *-el*, som på bokmål "har alternativt flertall med og uten endelsen *-er*" (NRG 2006:179) i *ubestemt fleirtal* og endinga *-ene* i *bestemt fleirtal*. I nynorsk har ikkje ordet valfri ending, det er berre *a-endinga* som gjeld her.

Avvika i kategoriane i *bestemt fleirtal* kan summerast opp i denne tabell 56 under.

	KATEGORI	AVVIK	PROSENT
<b>4. BESTEMT FLEIRTAL</b>	4.1 Hankjønn får hokjønn	5	10,9
	4.2 Hankjønn får inkjekjønn	6	13,0
	4.3 Hokjønn får hankjønn	3	6,5
	4.4 Hokjønn får inkjekjønn	2	4,4
	4.5 Inkjekjønn får hankjønn	26	56,5
	4.6 Inkjekjønn får hokjønn	4	8,7
	4.7 Hokjønn på <i>-ing</i> får <i>-ene</i>	0	0,0
	<i>Til saman</i>	<i>46</i>	<i>100</i>

Tabell 56: Oppsummering hovudkategori 4

Det er, som nemnt, 46 avvik i denne hovudkategorien. Dette er den kategorien med færrest avvik totalt, og det er liten utryggleik knytt til bøying av substantiv i *bestemt fleirtal*. 5 av underkategoriane har få avvik her. Men kategori 4.5 har langt fleire, med 56,5 prosent av avvika i denne hovudkategorien. I *bestemt fleirtal* er det altså flest inkjekjønnsord som får avvikande bøying, jf. problemstilling U2.

I vedlegg 4 kan me sjå at det er stor spreing i kva for nokon informantar som har registrerte avvik i dei ulike kategoriane her. Berre 4 av dei 21 informantane med avvik i *bestemt fleirtal* har avvik i meir enn ein underkategori i hovudkategori 4.

## 5. SUBSTANTIV MED TO KJØNN

Denne gruppa med substantiv utgjer ein eigen kategori. Me har sett i drøftinga at fleire substantiv på bokmål kan ha valfritt kjønn, og det same gjeld for ein del ord på nynorsk. I tabellen er alle hankjønnsbøyingar merka med feit skrift. Talet bak ein del av orda syner kor mange gonger dei vart skrivne i same tekst, inkludert ordet som er ført opp i tabellen. (I tekst XJ2 er det til dømes 8 tilfelle av ordet *prøva*, ikkje 9.)

	EINTAL		FLEIRTAL	
	UBESTEMT	BESTEMT	UBESTEMT	BESTEMT
XA2	<b>ein prøva</b>	hovudprøva prøva (3)	prøver <b>prøvar</b>	<b>prøvane</b>
XD2	ei prøve (2)	<b>prøven</b> hovudprøva (3) prøva (3)		
XG2	<b>ein prøve (3)</b> ei prøve	prøva (2)		
YB2	<b>ein prøve</b>	<b>prøven</b> hovudprøva (2) prøva		
XI2		tala (2) <b>talen (4)</b>		
XJ2		prøva (8) prøven (4) hovudprøva (2)		
XK2			ordklasser	<b>ordklassane</b>
XP2		prøva (2) <b>prøven</b>		
XR2	<b>ein prøve</b>	prøva (2)		
XW2	ei prøve <b>ein uthaldsprøve</b>	<b>prøven (2)</b>		
XX2		teksta <b>teksten</b>		
YD2	<b>ein prøve</b> ei prøve	<b>prøven</b>		
YE2	<b>ein prøve (3)</b>	prøva		
YG2		<b>samtalen (2)</b>	<b>samtalar (2)</b> dialogsamtaler	

Tabell 57: Oversikt over substantiv med to kjønn

I tekstmaterialet mitt registrerte eg at 14 informantar nytta forskjellig kjønn på same ord, ein eller fleire gonger. Dette bryt med regelen frå kap. 4.3.2. For desse substantiva skal ein velje ei form og halde seg til ho i heile teksta, for å unngå at lesarane skal få inntrykk av at teksta er rotete og bøyninga er lite konsekvent. Her gjev dei substantiva ulikt kjønn i anten *ubestemt* og *bestemt eintal* eller *fleirtal*, eller dei vekslar på kva kjønn orda får i *eintal* og *fleirtal*. Det er mest tydeleg at ikkje alle informantar ser samanhengen mellom *ubestemt* og *bestemt* form.

Kort oppsummert er det 14 informantar som har nytta to kjønn for same ord i same tekst, på ulike måtar. For 11 av tekstene er det berre registrert to ulike kjønn for same substantiv i eintal - med ulikt kjønn i ubestemt og bestemt form. To tekster (XA2 & YG2) vekslar på kjønna mellom eintal og fleirtal, der informant XA òg nyttar ulike kjønn i fleirtal, med forskjellig kjønn i ubestemt og bestemt form her òg. I tekst XK2 fann eg berre veksling mellom ulike kjønn i fleirtal.

Det er flest tilfelle der informantane nyttar to ulike kjønn på same substantiv i eintal. To tekster har varierte former i eintal og fleirtal, og to tekster har ulike kjønn mellom fleirtalskategoriane. Eg venta at fleire feilskrivningar her skulle syne ein brest mellom eintal og fleirtal, og eg vart difor overraska over at dei aller fleste avvika i kategori 5 har gjeldt variasjon internt i eintalsbøyinga.

Eg vil ikkje telje orda i denne tabellen som konkrete avvik. Til det vert denne kategorien for komplisert, og det vil vere vanskeleg å vite kva som skal teljast som riktige og avvikande bøyingar av substantiva med to kjønn. Avvika oppstår ved at informantane nyttar ulike kjønn på same ordet, og dei registrerte avvika kan heller teljast som tilfelle av ein ekstra avvikstype hjå desse 14 informantane. Funna her set klare strekar under svaret på spørsmålet i problemstilling U1: Desse informantane meistrar ikkje bøyingreglane for substantiva i nynorsk fullt ut.

#### **4.3.5 OPPSUMMERING AV SUBSTANTIVBØYINGA**

For å oppsummere avvika i feiltype 2 på ein oversiktleg måte, vil eg nytte ein tabell som syner tal på avvik i dei ulike kategoriane. I kap. 4.2.4 har eg ein liknande tabell, som oppsummering av avvik i særskriving. I motsetnad til tabell 23, vil ikkje samanlikninga mellom målformene ha ein eigen kolonne her. (Difor vil heller ikkje fyrste del av problemstilling U2 vere aktuell.) Eg vil i staden syne kor stor prosentdelen er for avvik i dei ulike hovudkategoriane er. Dei resultata tabellen summerer opp, vil eg bruke til å svare på andre del av problemstilling U2: *Kva karakteriserer avvika i denne feiltypen?* Denne tabellen kan, saman med presentasjonen og drøftinga av feiltype 2, gjere dei ulike mønstra for avvikande bøying tydeleg.

Tabellen her knytar saman dei oppsummerande tabellane for kvar hovudkategori. Me ser at det er flest avvik i hovudkategori 1, der dei 117 avvika utgjer nesten 36 prosent av alle avvika i denne feiltypen. Hovudkategori 4 er minst, med 14 prosent av avvika. Den vidare fordelinga inne i hovudkategoriane, er omtalt i gjennomgangen ovafor.

	TAL	PROSENT	TIL SAMAN
1.1	14	12,0	117 avvik = 35,9 prosent
1.2	2	1,7	
1.3	96	82,0	
1.4	0	0,0	
1.5	4	3,4	
1.6	1	0,9	
<i>T.S.</i>	<i>117</i>	<i>100</i>	
2.1	24	42,9	56 avvik = 17,1 prosent
2.2	0	0,0	
2.3	31	55,3	
2.4	1	1,8	
2.5	0	0,0	
2.6	0	0,0	
<i>T.S.</i>	<i>56</i>	<i>100</i>	
3.1	44	40,7	108 avvik = 33,0 prosent
3.2	6	5,6	
3.3	8	7,4	
3.4	0	0,0	
3.5	22	20,4	
3.6	20	18,5	
3.7	8	7,4	
<i>T.S.</i>	<i>108</i>	<i>100</i>	
4.1	5	10,9	46 avvik = 14,0 prosent
4.2	6	13,0	
4.3	3	6,5	
4.4	2	4,4	
4.5	26	56,5	
4.6	4	8,7	
4.7	0	0,0	
<i>T.S.</i>	<i>46</i>	<i>100</i>	

Tabell 58: Oppsummering av substantivavvik

U2: Kva karakteriserer avvika i denne feiltypen? Det er dei to hovudkategoriane med *ubestemt* eintal og fleirtal som har flest avvik. *Ubestemt eintal* har litt fleire avvik enn *ubestemt fleirtal*. På same måte har *bestemt eintal* litt fleire feil enn *bestemt fleirtal*, som er den kategorien med færrest avvik.

Det er stor variasjon i både talet på avvik i dei ulike tekstene, kva kategoriar dei ulike informantane har bøyingsavvik innan, og kva type avvik som er mest vanleg i eintal og fleirtal. Alle informantane i avhandlinga har avvik i feiltype 2, og talet på avvik i tekstene varierer frå 2-31 i dei ulike tekstene.

I *ubestemt eintal* er det kategori 1.3, *hokjønnsord får hankjønnsbøying*, som står fram med klart flest avvik. Det er denne kategorien som har flest avvik av alle dei 28 underkategoriane. Dei 96 avvika her utgjer 82 prosent av avvika i hovudkategori 1, og heile 29 prosent av det samla talet på avvik i feiltype 2. 28 av 34 informantar har avvik i kategori

1.3, og dette er den kategorien kor flest av informantane ikkje meistrar bøyingsreglane. Dei fleste av avvika her er knytt til hokjønnsord på *-ing*.

Det er avvik i tre ulike kategoriar i *bestemt eintal*. Det er kategori 2.3 som har flest avvik her, *hokjønnsord får hankjønnsbøying*. Dei 31 avvika her utgjer 55,3 prosent av avvika i denne kategorien og 9,4 prosent av alle avvik. Nest største kategori er kategori 2.4, der 24 *hankjønnsord får hokjønnsbøying*.

I dei to hovudkategoriane med fleirtalsbøying er situasjonen annleis. I *ubestemt fleirtal* er det kategori 3.1 som får flest avvik, *hankjønnsord som får hokjønnsbøying*. Dei 44 avvika her er 40,7 prosent av avvika i denne hovudkategorien. Etter dette kjem dei to kategoriane med avvik i inkjekjønnsbøyinga. Der fann eg til saman 42 avvik, 22 i kategori 3.5 og 20 i kategori 3.6. I hovudkategori 3 er det berre 8 hokjønnsord som har avvikande bøying, og alle desse får hankjønnsendingar.

Den siste hovudkategorien har færrest avvik. Den kategorien med flest avvik her, heile 56,5 prosent i *bestemt fleirtal*, er kategori 4.5 med 20 *inkjekjønnsord som får hankjønnsbøying*. I tillegg får 4 *inkjekjønnsord hokjønnsbøying*. Det er elles generelt få avvik i denne kategorien.

Oppsummert er det ulike kategoriar som står fram med flest avvik i *eintal* og *fleirtal*. For dei to hovudkategoriane i *eintal* er det tydeleg at flest avvik dreier seg om hokjønnsord som får hankjønnsbøying. Neste kategori er hankjønnsord som får hokjønnsbøying. Utryggleiken gjeld i fyrste omgang om substantiva skal ha *hankjønns-* eller *hokjønnsbøying*. Det er særst få avvik i inkjekjønnsbøyinga i *eintal*, med berre 5 avvik i *ubestemt* og ingen i *bestemt* form. I *fleirtal* er det derimot mange fleire feil i inkjekjønnsbøyinga. Sjølv om det er kategorien der hankjønnsord får hokjønnsbøying som har flest feil i *ubestemt fleirtal*, kjem inkjekjønnsorda like bak. I *bestemt fleirtal* får inkjekjønnsorda til saman 65,2 prosent av avvika. Dette er eit svar på spørsmålet til problemstilling U2, sidan ein her ser eit mønster som karakteriserer avvika i feiltype 2 i dei 34 tekstene.

*U1: Meistrar informantane dei fastsette normene i høve bøying av substantiv i nynorsk?* Når det gjeld problemstilling U1, er svaret variert. I kap. 4.3.3 syner tabell 39 kor mange tekster som har mange og få avvik. Tala varierer frå 2 til 31 avvik per tekst, og dei fleste tekstene har mellom 8 og 13 avvik. Nokre informantar har difor få avvik, og dei meistrar stort sett reglane godt. På den andre sida har mange av informantane særst mange avvik. 3 tekster har mellom 14 og 19 avvik, og 1 tekst har heile 31 avvik. 3 av desse tekstene finn me òg i "kategori 5", der dei har gjeve substantiv to kjønn. Dette gjeld tekst XA2, XJ2 og

YG2. Eg vil seie at mange informantar syner stor utryggeleik i høve til bøyingsreglane for substantiv på nynorsk.

#### 4.4 TILHØVET MELLOM FEILTYPANE

I gjennomgangen tidlegare i dette kapitlet har me sett kor mange avvik det fanst i tekstmaterialet i dei to feiltypane. No vil eg summere opp tala og funna frå dei to feiltypane og sjå på tilhøvet mellom dei.

Feiltype 1, *særskriving og samansetjing*, viste fyrst at det var langt fleire avvik i tekstene på bokmål enn i tekstene på nynorsk. Det er 159 særskrivingar, fordelt på 46 tekster - 23 tekster på kvar målform. Det er altså særskrivingar i *67,6 prosent* av dei totalt 68 tekstene i tekstmaterialet. Talet på særskrivingar i tekstene varierer frå 0 til 12 avvik, og gjennomsnittet er 3,5 avvik i dei 46 tekstene der dette avviket er registrert. 16 tekster har fleire avvik enn gjennomsnittet, jf. tabell 4 s. 50. Eg fann 105 av dei 159 særskrivingane i tekster på bokmål. Dette er 66 prosent av det totale talet på særskrivingar. Dei resterande 54 avvika, 34 prosent, er frå tekster på nynorsk.

Som ei undergruppe i feiltype 1, var det 39 avvikande samansetjingar, fordelt på 25 tekster. *36,8 prosent* av tekstene hadde denne feiltypen, og berre 8 informantar hadde samansetjingar i både tekstene sine. Gjennomsnittet på denne avvikstypen var 1,6 - fordelt på dei 25 tekstene eg fann samansetjingar i. 7 tekster hadde fleire avvik enn gjennomsnittet, jf. tabell 25 s. 84.

Det er færre samansetjingar enn særskrivingar i tekstmaterialet. Difor er det òg særskrivingane som er hovudfokus i feiltype 1. Berre 3 informantar står utan særskrivingar, både i bokmål og nynorsk, medan 16 informantar er utan samansetjingar. I både avvikstypar i feiltype 1 er det fleire avvik i bokmål enn i nynorsk. Feiltype 1 er altså ein meir utbreidd feiltype i bokmålet. Gjennomgangen har òg vist at det ikkje er klar samanheng mellom ein informant si bokmålstekst og hans eller hennar nynorsktekst. Det er heller ikkje klar samanheng mellom mange særskrivingar og samansetjingar i tekstene. Det er 198 avvik til saman i særskrivingar og samansetjingar. Det samla gjennomsnittet for desse er 5,8 hjå kvar av dei 34 informantane, når dei 198 avvika vert delte på alle dei 34 informantane, uavhengig om dei hadde avvik i både tekstene sine eller ikkje.

I feiltype 2, *avvik i bøyingsmorfemet i substantiv*, er det 327 avvik. Her er det òg berre halvparten av tekstene som er grunnlag for teljinga. *Alle tekstene* har registrerte avvik, frå 2 til 31 avvik i dei ulike tekstene. Gjennomsnittet er 9,6 avvik, og 14 tekster har fleire avvik enn

kva gjennomsnittet viser, jf. tabell 39, s 101.

Det er mange fleire avvik i feiltype 2 enn i feiltype 1. Berre halvparten av tekstene er tekstgrunnlag for feiltype 2, og det aukar skilnaden mellom feiltypane. Det er likevel ei tekst frå kvar av informantane. For medan den fyrste feiltypen viste langt fleire avvik i bokmålstekstene, har feiltype 2 vist at det likevel er mange rettskrivingsavvik i tekstene på nynorsk. Tilhøvet mellom avvika i dei to feiltypane er vist i denne tabellen:

	<b>XA</b>	<b>XB</b>	<b>XC</b>	<b>XD</b>	<b>XE</b>	<b>XF</b>	<b>XG</b>	<b>YA</b>	<b>YB</b>	<b>XH</b>	<b>XI</b>	<b>XJ</b>
BM : Feiltype 1	10	5	7	1	5	3	8	9	1	3	1	6
NN : Feiltype 1	5	1	1	0	2	5	2	1	1	0	0	2
NN : Feiltype 2	19	5	2	7	4	10	10	10	4	3	8	16
	<b>XK</b>	<b>XL</b>	<b>XM</b>	<b>XN</b>	<b>XO</b>	<b>XP</b>	<b>XQ</b>	<b>XR</b>	<b>XS</b>	<b>XT</b>	<b>XU</b>	<b>XV</b>
BM : Feiltype 1	3	2	4	0	0	3	0	1	0	13	4	2
NN : Feiltype 1	5	3	1	1	2	0	1	1	1	3	0	0
NN : Feiltype 2	13	13	5	9	11	4	11	9	8	13	8	11
	<b>XW</b>	<b>XX</b>	<b>XY</b>	<b>XZ</b>	<b>YC</b>	<b>YD</b>	<b>YE</b>	<b>YF</b>	<b>YG</b>	<b>YH</b>		
BM : Feiltype 1	2	1	1	0	5	10	0	0	3	14		
NN : Feiltype 1	1	3	4	0	0	6	0	1	2	16		
NN : Feiltype 2	4	5	12	3	11	7	12	12	31	17		

Tabell 59: Tilhøvet mellom feiltypane i tekstene

I dei to radene som er merka med feiltype 1, ei for kvar målform, står det samla talet for særskrivingar og samansetjingar i tekstene. Informant XJ, til dømes, har 6 særskrivingar og samansetjingar i bokmålsteksta si. I nynorskteksta har ho 2 særskrivingar og samansetjingar og 16 avvik i substantivbøyinga. Eg har tidlegare nemnt, i kap. 4.2, at tre informantar, XI, XZ og YE, ikkje har særskrivingar i nokon av tekstene sine. Tabellen her viser at XI likevel har 1 avvik i feiltype 1 på bokmål, og dette er då eit samansetjingsavvik.

Tabellen viser at det ikkje er klar samanheng mellom dei to feiltypane. Alle informantane har fleire avvik i feiltype 2 enn i feiltype 1 i tekstene på nynorsk. Dette vil eg knyte saman med den opphavlege hypotesen, der eg forventa fleire avvik i det som har vore sidemålet til studentane. Kan hende denne hypotesen ikkje var heilt feil. Om me ser på tala i fyrste og siste line for kvar informant (feiltype 1, bokmål, og feiltype 2), ser me at 28 informantar har fleire avvik i feiltype 2 i nynorsktekstene sine enn i feiltype 1 i bokmålstekstene. Dei har fleire avvik i det opphavlege sidemålet sitt i den morfologiske kategorien *avvik i bøyingsmorfemet i substantiv*, enn dei har i hovudmålet sitt i kategorien om orddanning ved samansetjing, *særskriving og samansetjing*. Avvika i nynorsktekstene er altså både fleire og av ein annan karakter.

Dei 9 informantane som ikkje har nokon avvik i feiltype 1 i nynorskteksta si, har mellom 3 og 12 avvik i feiltype 2 i dei same tekstene. Til dømes har informant YE ingen avvik i feiltype 1, verken på bokmål eller nynorsk, men han har likevel 12 avvik i feiltype 2.

Feiltype 1 er ein meir utbredt avvikstype i hovudmålet til informantane. Og dei informantane som hadde få eller ingen særskrivingar og samansetjingar i tekstene sine på nynorsk, har vist at dei likevel kan ha så mange som 12 avvik i substantivbøyinga i dei same tekstene. Studiet av den fyrste feiltypen var ikkje tilstrekkeleg til å gje eit godt nok bilete av kor godt informantane meistrar skriftnormene i det som tidlegare har vore sidemålet deira. Undersøkinga av feiltype 2 har vist at alle informantane har avvik i substantivbøyinga på nynorsk, somme langt fleire avvik enn andre.

Talet på avvik varierer veldig mellom dei ulike informantane. Variasjonen er stor, med baa ytterpunkt representert. Majoriteten av informantane ligg på eit mellomnivå. Det totale talet på avvik hjå kvar informant, kan ein sjå i den oppsummerande tabellen under:

<b>XA</b>	<b>XB</b>	<b>XC</b>	<b>XD</b>	<b>XE</b>	<b>XF</b>	<b>XG</b>	<b>YA</b>	<b>YB</b>	<b>XH</b>	<b>XI</b>	<b>XJ</b>
34	11	10	8	11	18	20	20	6	6	9	24
<b>XK</b>	<b>XL</b>	<b>XM</b>	<b>XN</b>	<b>XO</b>	<b>XP</b>	<b>XQ</b>	<b>XR</b>	<b>XS</b>	<b>XT</b>	<b>XU</b>	<b>XV</b>
21	18	10	10	13	7	12	11	9	29	12	13
<b>XW</b>	<b>XX</b>	<b>XY</b>	<b>XZ</b>	<b>YC</b>	<b>YD</b>	<b>YE</b>	<b>YF</b>	<b>YG</b>	<b>YH</b>		
7	9	17	3	16	23	12	13	36	47		

Tabell 60: Totalt tal på avvik hjå kvar informant

Informant XZ er den informanten som har færrest avvik, med berre 3 bøyingsfeil i feiltype 2. Flest avvik har informant YH, med totalt 47 avvik. Desse informantane representerer ytterpunktta i tekstmaterialet. YG er den informanten med nest flest avvik, og heile 31 av dei 36 avvika er frå feiltype 2.

*U3: Kva kan funna i feiltypane fortelje om denne studentgruppa?* Tala i dei to siste tabellane, tabell 59 og 60, kan fortelje meir om studentgruppa. Det er framfor alt stor variasjon i kor godt informantane meistrar dei to feiltypane og kor mange avvik dei har i rettskrivingsnormene på baa målformer. Nokre informantar har sær få avvik, og dei få avvika kan truleg ikkje fortelje om noko feilmønster i desse tekstene. I fleire tilfelle er det, som me har sett i presentasjonen over, stor grunn til å tru at ein del avvik er slurvefeil, og dei kan truleg ikkje seie noko om manglande kunnskapar hjå informantane. Sær mange informantar ligg "midt på treet" i kor godt dei meistrar skriftnormene. Variasjonen er òg stor hjå dei ulike informantane når det gjeld kva underkategoriar i dei to feiltypane som dei har flest avvik i.

Det er likevel nokre informantar som har langt fleire avvik enn dei andre, og desse informantane representerer dei mest oppsiktsvekkande tala på feilskrivningar.

Vidare kan tabellen her òg knyttest saman med den fordelinga mellom gutar og jenter som eg nemnte i kap. 3.5.2. Dei 26 informantane som er jenter (alle som er koda med ein X), har eit gjennomsnitt på 13,5 avvik til saman i dei to feiltypane. Gutane, 8 informantar (koda med ein Y), har 21,6 avvik i gjennomsnitt.<sup>47</sup> Dette er nesten 8 fleire avvik i gjennomsnitt for gutar enn jenter. Ved å sjå attende til tabell 59, kan eg sjå korleis tala på avvik i båd feiltypar fordeler seg mellom kjønna. I feiltype 1 er det eit gjennomsnitt på 8,6 avvik i tekstene skrivne av gutar. Jentene har eit gjennomsnitt på 5 avvik.<sup>48</sup> I feiltype 2 har gutane 13 avvik i gjennomsnitt, og jentene har 8,6 avvik. I båd feiltypar har dei 8 gutane eit høgare tal på avvik enn jentene. Fordelinga mellom gutar og jenter er ikkje jamn, og eg kan ikkje generalisere på grunnlag av desse tekstene (jf. kap. 3.3.2). Skilnaden i talet på avvik innan båd kjønn viser ein tendens i studentgruppa. Det ville vore spennande å sjå nærare på om det er ein klar årsak til at gutar har eit høgare tal på avvik i båd feiltypar enn jenter. Eg kjem attende til dette i kap. 5.4.

Me såg nettopp at det i gjennomsnitt er fleire avvik hjå gutar enn jenter. Men det gjennomsnittlige avviket for kvar klasse er veldig jamt. I kap. 3.4 drøfta eg om den skeive fordelinga mellom klassane kunne svekke pålitelegheita i avhandlinga mi, men eg kom fram til at det ikkje var grunn til å tru at det var store skilnader mellom klassene. Det er 9 informantar (dei 9 fyrste i tabellen, XA–YB) frå den eine klassen og 25 (alle frå XH–YH) frå den andre. Faren var mellom anna at dei to ulike klassane, med kvar sin faglærer, kunne ha fått ulike instruksar og undervisning i norskfaget, når det gjaldt innlevering av desse tekstene. Gjennomsnittet på avvik for dei 9 informantane i den eine klassen er 15,3. Dei 25 informantane i den andre klassen har 15,5 avvik i gjennomsnitt. Båd klassar har difor eit samla tal for gjennomsnittlige avvik som ligg nært opp til det totale gjennomsnittlige talet på avvik, 15,5.

To casestudiar kan peike på fleire tilhøve hjå to av informantane i studentgruppa. Desse casestudiane kan fortelje meir om den delen av studentgruppa som har mange avvik i feiltype 1.

---

<sup>47</sup> Det samla talet på avvik i "jentetekstene" er 352. Dette har eg delt på 26 jenter. Tekstene til gutane har 173 avvik til saman, og det vert 21,6 avvik i gjennomsnitt i dei 8 tekstene.

<sup>48</sup> Alle tala i dette avsnittet er rekna ut på grunnlag av alle tekstene i tekstmaterialet. Det er ikkje berre dei tekstene som har registrerte avvik i feiltypane som er grunnlaget. Difor er tala her mindre enn dei tala som vart presentert tidlegare i kap. 4.4.

## 4.5 TO UTVALDE CASE

Sidan det er særskrivingane som har hovudfokus i feiltype 1, har eg valt ut to tekster med mange særskrivingar for ein meir inngåande casestudie. Desse casestudiane vil ikkje vise den variasjonen og bredda eg fann i tekstmaterialet, sidan båe tekster her inneheld mange feil. Men i denne avhandlinga er det feila som er i hovudfokus, difor har eg valt ut desse tekstene på grunnlag av det høge talet på avvik i dei.

Tekstene XT1 og YH2 er dei to tekstene med flest særskrivingar. Dei har 12 avvik kvar. Eg vil sjå nærare på kvar av desse tekstene som heilskap, for så å sjå på kva type særskrivingar som er framtreddane og for å studere kor mange og kva for nokon kategoriar med avvik som finst i kvar av dei, som ein heilskapsanalyse (jf. kap. 3.2.1). Eg vil òg sjå korleis tilhøvet er mellom mange særskrivingar og talet på samansetjingar i båe tekster, for å sjå om desse tekstene kan seie noko om at dei to avvikstypene heng saman eller ei. Tekst YH2 vil eg òg knyte opp mot funna frå feiltype 2, for å sjå om mange særskrivingar heng saman med mange avvik i bøyinga av substantiv i nynorsk.

Eg kan ikkje generalisere ut frå funna i desse to tekstene. Dei konkrete funna her vil syne tendensar hjå informantar som særskriv mykje. Eg vonar at eg kan seie noko om kva kunnskap informantane sit inne med, jf. drøftinga av kunnskaps- og utføringsfeil i kap. 2.2.5. Desse tekstene representerer båe målformer, og samanlikninga mellom målformene vil vere sentral her òg.

### 4.5.1 TEKST XT1

Den fyrste teksta eg vil sjå på er informant XT si tekst på bokmål. Etter grundig gjennomlesing av denne teksta ynskjer eg å komme med nokre generelle kommentarar om ho. Dette er ei tekst på 1890 ord og 4 dataskrivne sider. Teksta står fram som usamanhengande og rotete. Det finst få eller ingen avsnitt, viss ein ser bort frå nokre tilfeldige halvskrivne liner. Teksta er full av gjentakingar av dei same poenga, og mange setningar er lange og ufullstendige. Eg fann mange andre rettskrivingsavvik, i tillegg til avvikande særskrivingar. Kort oppsummert er det fleire stader avvikande bruk av *og/å*, *for/får*, *samsvarsbøying* og elles reine *stavefeil*. Språkføringa er dårleg, teksta er tung å lese og det er vanskeleg å få med seg kva informanten ynskjer å formidle gjennom ho. Kommunikasjonen gjennom teksta er stort sett sviktande. Trass i dette ser det ut som informanten har klart å svare på oppgåveteksta som ligg til grunn for denne teksta.

Når det gjeld feiltype 1, er dette ei av tekstene med flest registrerte avvik, med heile 12

særskrivingar. Tabell 7 i kap. 4.2.3 syner frekvensen for særskrivingane i dei einstilte tekstene. I tekst XT1 er det 12 avvikande og 62 riktige skrivne samansette ord. Frekvensen for avvika vert 16,2 prosent. Med andre ord vert omtrent ein sjettedel av samansetjingane særskrivne i denne teksta. I nynorskteksta til den same informanten, tekst XT2, er det 3 særskrivingar og 78 riktige samansette ord. Særskrivingsprosenten her er 3,7. Denne informanten har ein mykje større feilprosent i feiltype 1 i bokmålsteksta si, og det er for denne informanten vanlegare å særskrive på bokmål enn på nynorsk.

Særskrivingane i teksta er fordelte over 6 ulike kategoriar. Dei konkrete avvika og kategoriane ser me i tabellen under. Tabellen viser at særskrivingane fordeler seg over 4 ulike kategoriar med *samansetjingar av substantiv*, kategorien med *samansetjing av verb*, samt kategorien med *samansetjing av preposisjonar*. Dette er den einaste teksta i tekstmaterialet med særskriving av verbsamansetjingar.

KATEGORI		SÆRSKRIVING
A.1.1	Subst + subst	rolle lek rolle lek rolle lek rolle leken rolle leken verb trening
A.1.2	Subst + s + subst	lærings situasjon
A.1.4	Bindestrek + subst	vinn/vinn situasjon
A.2	Adj + subst	norsk time norsk time
C.1	Verb	videre utvikle
D.1	Preposisjonar	innen for

Tabell 61: Avvik i tekst XT1

Den fyrste kategorien, kat. A.1.1, har klart flest avvik. Elles er det berre kategori A.2 som har meir enn 1 avvik. Utryggleiken i feiltype 1 er mest knytt til samansetjing av substantiv, sidan heile 10 av 12 avvik er ulike substantivsamansetjingar. Dette kan svare på problemstilling U2: *Kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet - i denne konkrete teksta?*

Me finn 4 av dei 6 kategoriane med særskrivingar i denne teksta att i tabell 24: *Tekster med ei særskriving*, ein tabell som viser kva for nokon kategoriar informantar med berre ei særskriving har registrerte avvik innan. Dette gjeld mellom anna kategoriane A.1.1, A.1.4, A.2 og D.1. Sidan ein informant med mange særskrivingar har avvik representert i 4 av 6 kategoriar i denne tabellen, kan ein tenkje seg at særskriving byrjar i desse kategoriane. Dei kan så auke i tal og breie om seg til nye kategoriar.

Når det gjeld del to i feiltype 1, avvikande samansetjingar, så har denne teksta berre

eitt registrert avvik: *barnsspråkutvikling*. Det treng ikkje vere samanheng mellom mange særskrivingar og mange samansetjingar i ei tekst, som nemnt i kap. 4.2.7. I denne teksta er det likevel ein klar samanheng mellom mange særskrivingar og andre rettskrivingsavvik, jf. Vollan (2009) si undersøking, presentert i kap. 1.1.

#### 4.5.2 TEKST YH2

Dette er ei tekst på nynorsk, skriven av informant YH. Teksta er på 2078 ord og litt over 4 sider. I likskap med tekst XT1, viser denne teksta dårleg språkføring. Teksta har få avsnitt, sett saman av lange og usamanhengande setningar. Det er òg sær mange setningar som er ufullstendige, der det i hovudsak er subjektet som manglar. Dette svekkar kommunikasjonen. Desse setningane startar ofte med liten bokstav, etter punktum i førre setning. Teiknsetjinga er dårleg fleire stader, der til dømes spørjesetningar vert avslutta med eit punktum og ikkje-spørjande setningar vert avslutta med eit spørjeteikn. Rettskrivinga avvik på mange måtar, særleg gjennom at *verba får feil tid og bøyning*, saman med avvikande *samsvarsbøyning*. I tillegg til reine *stavefeil* vert det nytta *dialektord* frå informantens målføre fleire stader. Det er generelt vanskeleg å få tak i innhaldet i teksta. Ho kommuniserer dårleg.

I tekst YH2 er det òg 12 avvik i feiltype 1. Dette er den einaste nynorskteksta med så mange avvik. Frekvensen for avvik, jf. tabell 7 i kap. 4.2.3, er mindre her enn hjå tekst XT1. Her har me 12 registrerte avvik og 108 riktige samansetjingar. Frekvensen er 10 prosent her, mot 16,2 i førre tekst. Ein tiendedel av orda er særskrivne i denne teksta. I informant YH si tekst på bokmål er særskrivingsprosenten litt mindre. Der har informanten 10 særskrivingar og 127 riktige samansetjingar. Feilprosenten vert 7,3 i bokmålsteksta. Denne informanten har ein større frekvens av særskrivingar på nynorsk enn på bokmål, og tekstene til denne informanten vert då eit unntak frå konklusjonen om at det er fleire særskrivingar på bokmål enn på nynorsk i tekstmaterialet.

Særskrivingane er her òg spreidd over 6 ulike kategoriar. Alle særskrivingane her er ulike typar substantivsamansetjingar. Dei 4 fyrste gjeld samansetjingar som har substantiv i både for- og etterledd. 4 av 6 kategoriar har berre eitt avvik, medan kategori A.2 har 2 avvik, og kategori A.1.5 har 6 avvik. I denne nynorskteksta er utryggleiken i høve til særskriving knytt til substantivsamansetjingane, og då særleg dei samansetjingane som definerer alder. Informanten har 3 ulike måtar å særskrive samansetjingane i kategori A.1.5 på: *7-8 års alderen*, *1 til 2 års alderen* og *3 års alderen*.

KATEGORI		SÆRSKRIVING
A.1.1	Subst + subst	Litteratur liste
A.1.2	Subst + s + subst	Undervisnings time
A.1.3	Samansett forledd + subst	Språklek periode
A.1.5	Aldersdefinering + subst	7-8 års alderen 1 til 2 års alderen 3 års alderen 6-8 års alderen 9 års alderen 6 års alderen
A.2	Adj + subst	Norsk time Inquiy sirkelen
A.3	Andre forledd + subst	Nonsens lek

Tabell 62: Avvik i feiltype 1 i tekst YH2

Denne teksta er ein motsetnad til tekst XT1, når det gjeld samanhengen mellom særskrivingar og samansetjingar. Dette er ei av dei 3 tekstene i tekstmaterialet som har 4 avvikande samansetjingar. Bokmålsteksta til same informant har òg 4 samansetjingar. Samansetjingane er *tilslutt* (2 gonger) og *utifrå* (2 gonger). Samanhengen mellom desse to avvikstypene gjer det tydeleg at fleire feiltypar heng saman i denne teksta.

Sidan dette er ei nynorsktekst, er den òg representant for feiltype 2. Dei konkrete avvika i substantivbøyinga, er desse:

KATEGORI	AVVIK
1.2	eit leik
1.3	ein forståing ein forklaring ein forklaring ein oppgåve ein verd ein utfolding ein innvirkning ein øving ein framsyning en verden
1.5	ein svar
3.1	samanhenger språkkoder regler klappeleiker
3.6	signaler

Tabell 63: Avvik i feiltype 2 i tekst YH2

Det er 17 avvik knytt til denne feiltypen, og denne teksta er ei av dei 3 nynorsktekstene med flest avvik i substantivbøyinga. Tekst YH2 viser ein klar samheng mellom mengda på avvik i dei to feiltypane. 12 av avvika høyrer heime i *ubestemt eintal*. Det er 10 avvik frå den store

gruppa der hokjønner får hankjønnsbøying, kategori 1.3. 1 hankjønner får hokjønnsbøying, og 1 inkjekjønner får hankjønnsbøying - sjølv om det ikkje er mange avvik i inkjekjønnsbøying i eintal i tekstmaterialet. Det er ingen avvik i *bestemt eintal*. Dei andre 5 avvika er avvik i *ubestemt fleirtal*. Teksta har ikkje avvik i *bestemt fleirtal*. 4 av desse avvika er henta frå den største gruppa med avvik i hovudkategori 3, nemleg hankjønner som får hokjønnsbøying. Det siste bøyingsavviket er eit inkjekjønner som har fått hokjønnsbøying.

I tekstmaterialet fann eg fleire feil i inkjekjønnsbøyinga i *fleirtal* enn i *eintal*, men hjå denne informanten er det berre eitt avvik i inkjekjønnsbøying på stader. Elles viser avvika hjå denne informanten dei same trekka som heile feiltype 2, både når det gjeld kva hovudkategoriar som har flest avvik, og kva type avvik som er mest karakteristisk i dei to hovudkategoriane med flest avvik. Denne teksta er ikkje blant dei 14 tekstene med avvik i hovudkategori 5: *Substantiv med to kjønner*. Mange avvik i grunnleggjande substantivbøying treng difor ikkje hengje saman med avvik i den gruppa med substantiv som kan ha to kjønner.

På denne måten har lærerne makt til å oppdra nye generasjoner nordmenn til å uttrykke seg på korrekt norsk.  
Helge Omdal (2004a)

## 5.0 AVSLUTTING

### 5.1 BAKGRUNN OG MÅLSETJING

Bakgrunnen for denne avhandlninga var eit ynskje om å undersøkje kor godt grep allmennlærerstudentar har om språknormene i båe målformer. Oppgåva er plassert under emna språkrøkt, språknormering og rettskrivingsnormer. Denne studentgruppa er komande lærarar, og dei har ei viktig rolle. Det er forventa at dei sjølv meistrar dei fastsette normene, slik at dei kan lære normene vidare til framtidige elevar. Gjennom deira undervisninga vil elevane truleg òg internalisere dei fastsette normene. Avvik i skrivenormer treng ikkje gå ut over forståinga, men dei lagar skurr i kommunikasjonen. Det vert forventa at tekster skrivne av framtidige lærarar skal kommunisere godt, utan at rettskrivingsavvik tek fokus bort frå innhaldet og over på forma. Målet er at skriftbiletet skal vere tydeleg og korrekt.

Det overordna målet for avhandlninga var å samanlikne rettskrivinga i båe målformer. Eg hadde ikkje noko ynskje om å dra allmenne slutningar for heile allmennlærerstudiet, men eg ville freiste å gje eit korrekt bilete av den skriftspråklege dugleiken desse konkrete informantane viser i både bokmål og nynorsk. Dette samanliknande perspektivet har lege til grunn for heile forskinga. Datamaterialet er 68 tekster, skrivne av 34 allmennlærerstudentar. Alle informantane har skrivne to tekster kvar, ei på kvar målform. Tanken var fyrst å nytte bokmålstekstene som sjekkgrunnlag for nynorsktekstene. Hypotesen var at nynorsktekstene hadde fleire avvik i rettskrivinga, sidan alle informantane har hatt nynorsk som sidemål. Denne hypotesen måtte, som ein har sett i avhandlninga, endrast etter teljing av fyrste feiltype.

Eg har sett på to ulike feiltypar for å kunne svare på problemstillingane. Den fyrste feiltypen er *særskrivning og samansetjing*, ein type avvik som finst i båe målformer. Etter teljing av denne feiltypen endra eg min fyrste hypotese. Eg fann fleire avvik i feiltype 1 i tekstene på bokmål enn i tekstene på nynorsk. Men sidan avvik i nynorsktekster gjerne er av ein annan karakter, var ikkje teljing av feiltype 1 nok til å skildre kor godt informantane meistrar rettskriving i det som har vore sidemålet deira i vidaregåande skule. Feiltype 2 er knytt til *avvik i bøyingsmorfemet i nynorsk*. Teljing av denne morfologiske feiltypen kunne i stor grad stadfeste at informantane likevel hadde mange avvik i det som har vore sidemålet deira, som eg fyrst rekna med.

## 5.2 PROBLEMSTILLINGANE

Utgangspunktet for avhandlinga mi var ei hovudproblemstilling og tre underproblemstillingar. Tanken var at dei tre underordna problemstillingane saman kunne svare på hovudproblemstillinga, og oppsummeringa mi startar difor fyrst med desse tre:

U1 *Meistrar informantane dei fastsette normene i høve til avvika særskriving og samansetjing (både målformer) og bøyning av substantiv (nynorsk)?*

Denne problemstillinga gjeld både feiltypar, og svaret er blanda. Resultata frå feiltype 1 kan vise at informantane har færre avvik i samansetjingane enn i særskrivingane. Dei meistrar reglane for kva ord som *skal* særskrivast betre enn reglane for kva ord som *ikkje skal* særskrivast. Det er 159 særskrivingar i tekstmaterialet og berre 39 samansetjingar. Talet på særskrivingsavvik varierer frå 0-12 i dei 68 tekstene, og følgjeleg er variasjonen stor når det gjeld kor godt informantane meistrar normene knytt til feiltype 1. Gjennomsnittet er 3,5 særskrivingar i dei 46 tekstene kor dette avviket er registrert. Nokre tekster har opp til 3 gonger så mange avvik, men det er òg mange tekster som har færre avvik enn gjennomsnittet. For samansetjingane er gjennomsnittet berre 1,6 i dei 25 tekstene som har dette avviket. Dette er ein avvikskategori dei aller fleste informantane har få eller ingen problem med. Det er berre 4 avvik i dei 3 tekstene med flest samansetjingar.

Variasjonen er òg stor knytt til kor godt informantane meistrar rettskrivingsreglane i feiltype 2. Det er større variasjon her enn i feiltype 1. Dei 327 avvika i denne feiltypen er registrerte i halvparten av tekstmaterialet, i tekstene på nynorsk. Alle tekstene inneheld avvik i substantivbøyning, og talet på avvik varierer frå 2 til 31. Gjennomsnittet på avvik i feiltype 2 er 9,6. Dei fleste tekstene har, som gjennomsnittet viser, mellom 8 og 13 avvik. Desse tekstene syner at dei fleste informantane har ein grunnleggjande utryggleik i substantivbøyning, og det varierer kva kategoriar dei ulike informantane opplever som vanskelege. Nokre informantar meistrar reglane særskilt godt, medan andre syner langt større utryggleik enn gjennomsnittet.

U2 *Har informantane merkbar fleire avvik i ei av målformene, og kva karakteriserer avvika i tekstmaterialet?*

Fyrste del av denne problemstillinga gjeld berre feiltype 1. Svaret på denne delen av problemstillinga er ganske klar. Det er merkbar fleire avvik i tekstene på bokmål enn i tekstene på nynorsk. 105 av dei 159 særskrivingane er registrerte i tekstene på bokmål. Dei

andre 54 kjem frå nynorsktekstene. Det er nokre fleire samansetjingar i bokmålstekstene, sjølv om tilhøvet mellom målformene er meir jamt her. Bokmålstekstene har 22 samansetjingar, og nynorsktekstene har 17. Det er på bakgrunn av desse funna i feiltype 1 at eg ynskte å undersøke ein feiltype i berre nynorsktekstene, for å sjå om eg kunne finne avvik av ein annan karakter i denne målforma. Om eg ikkje hadde funne avvik i feiltype 2, måtte eg ha konkludert med at det var merkbart fleire avvik i informantane sitt hovudmål enn i sidemålet.

Gjennomgangen og drøftinga av feiltypane viser òg tydeleg kva som karakteriserer avvika i tekstmaterialet. For særskrivingane er det dei mange substantivsamansetjingane som har flest avvik, med 81,8 prosent av alle særskrivingane. Dei vidare underkategoriane her viser godt kva som karakteriserer særskrivingane. Dei fleste avvika er i kategori A.1.4, *bindestreksamansetjingar* (39 avvik). Vidare er det flest avvik i kategori A.1.1, *substantiv i for- og etterledd* (28 avvik), og kategori A.1.5, *aldersdefinerande substantiv* (26 avvik). Utanom samansetjingar av substantiv, er det *preposisjonane* som har flest avvik. Elles spreier avvika seg over fleire kategoriar med få avvik. Vedlegg 3 viser dei ulike kategoriane som informantane har særskrive innan. Dei fleste av samansetjingsavvika er knytte til ulike *preposisjonsfrasar*. Fordelinga er elles jamn blant dei andre underkategoriane, jf. vedlegg 6.

Når det gjeld feiltype 2, er det flest avvik i *ubestemt eintal* og *ubestemt fleirtal*. Den største kategorien i ubestemt eintal er dei hokjønnsorda som får hankjønnsbøying. Desse orda er òg den største kategorien i bestemt form eintal. I ubestemt form fleirtal er det hankjønnsorda som får hokjønnsbøying, som er den største gruppa. Deretter kjem inkjekjønnsord med anten hokjønns- eller hankjønnsbøying. I bestemt form fleirtal er det òg inkjekjønnsorda som representerer dei fleste avvika. Samla sett er det mest i eintalsbøying det er utryggleik i høve til om substantiva skal ha hankjønns- eller hokjønnsbøying. I fleirtalsbøyinga er utryggleiken mest knytt til inkjekjønnsbøyinga. I vedlegg 4 kan ein sjå kva kategoriar dei ulike informantane har avvik innan. Vedlegget viser òg om dei ulike informantane er usikre i bøyinga både i eintal og fleirtal.

### U3 *Kva kan funna i feiltypane fortelje om denne studentgruppa?*

Avvika hjå dei ulike informantane viser, som venta, stor variasjon i studentgruppa. Allereie fyrste gjennomlesing av tekstene ga inntrykk av store kontrastar. Teljearbeidet og kartlegginga av avvika stadfesta dette inntrykket.

Feiltype 1 er mest utbreidd i bokmålstekstene, tekster på det som har vore hovudmålet

til alle informantane. Feiltype 2, som berre er knytt til sidemålet, viser at informantar med få eller ingen avvik i feiltype 1 i nynorsktekstene sine, likevel kan ha mange avvik i desse tekstene. Avvika i feiltype 2 er av ein annan, meir morfologisk karakter.

Variasjonen i studentgruppa er altså veldig stor. Både ytterpunkt er representerte. Dei fleste informantane ligg på eit mellomnivå. Her er spørsmålet kva slags utvikling desse avviksmønstra vil få hjå dei ulike informantane. Viser desse informantane eit avviksmønster som byrjar å breie om seg? Eller er dette utryggeleik berre knytt til desse konkrete orda? Det hadde vore interessant å forske meir på dette. Ein burde då observere informantane i skrivesituasjonen og intervju dei i høve til dei ulike avvika dei skreiv. Då kunne ein fått vite kva som var feil i utføringa og kva som skuldast dårleg kjennskap til normene.

Dei informantane som har få avvik, har truleg rein slurv som årsak bak mange av avvika. Eg har tru på at dei vil kunne klare å fjerne desse avvika frå tekstene sine, då avvika truleg ikkje er internaliserte i skriftspråket. Dei vil truleg heller ikkje bringe avvika vidare til framtidige elevar. Det er dei informantane som har mange avvik, som vekker mest oppsikt. Kva er årsaka til at desse informantane meistrar skriftnormene så dårleg, og kor har undervisninga og rettleiinga svikta? Ein idé til vidare forskning kunne vere å sjå om avvika kan ha samband med tidlegare opplæring.

I kap. 4.4 såg me òg ein tendens som viser at det er fleire avvik i tekstene skrivne av gutar enn av jenter. Det er ei lite jamn fordeling mellom gutar og jenter i tekstmaterialet, sidan informantane er valde ut gjennom eit "klyngeutval". Følgjeleg kan eg ikkje generalisere ut frå denne tendensen. Det ville likevel vore spennande å sjå nærare på om desse funna vil stemme med tendensar i større informantgrupper, der fordelinga mellom jenter og gutar er jamn. Då vil ein òg undre seg over kva som er moglege årsaker til variasjonen mellom kjønna.

H1 *Kor godt meistrar eit utval allmennlærerstudentar ved Universitetet i Agder rettskrivingsnormer i både målformer?*

Ut frå svara på dei tre underordna problemstillingane ovafor, kan eg slå fast at informantane i forskinga mi meistrar rettskrivingsnormene i både målformer, målt gjennom to ulike feiltypar, *særs ulikt*. Nokre informantar har tekster utan avvik i feiltype 1 og berre yttarst få avvik i feiltype 2. På den andre sida er det nokre informantar som viser stor utryggeleik og manglande kunnskap om rettskrivingsnormene i både målformer og innan både feiltypane. Om dei fyrst har mange avvik i dei to feiltypane eg har sett på, har dei gjerne avvik i andre delar av rettskrivinga òg (sjå casestudia i kap. 4.5).

### **5.3 KVA HAR AVHANDLINGA MI VIST?**

I oppsummeringa av problemstillingane ovafor har eg vist kor ulikt dei 34 informantane meistrar normene knytt til dei to feiltypane. I fyrste omgang har gjennomgangen av særskrivingar og samansetjingar peikt på stor utryggleik knytt til enkelte kategoriar i særskrivinga. Den generelle tendensen er at informantane meistrar normene knytt til særskriving og samansetjing betre i tekstene på nynorsk enn på bokmål. Vidare har alle informantar avvik registrert i den morfologiske kategorien knytt til substantivbøyinga på nynorsk. Sjølv om det ikkje er ein klar samanheng mellom tala på avvik i dei to feiltypane, så viser dei at fleire av informantane er usikre i rettskrivinga si i båe målformer.

Det er stor skilnad på kor godt dei ulike studentane på allmennlærerstudiet meistrar rettskrivingsreglane. Båe ytterpunkt er representerte, men ekstremverdiane hjå informantane med mange avvik vekker oppsikt. Det grunnleggjande er den studentgruppa eg har henta informantar frå. Dette er framtidige lærarar. Funn av avvik i tekstene deira vil ikkje berre fortelje noko om kor godt desse informantane meistrar eller ikkje meistrar rettskrivingsnormene sjølv. Avvika i tekstene kan òg fortelje kva normer som vil bli førte vidare til elevar, når informantane (går eg ut frå) vert lærarar om nokre få år.

Målet med avhandlinga mi er på ingen måte å sparke bein under nokre allmennlærerstudentar og deira mål om å verte lærarar. Ho har vist at nokon har ein lang veg å gå, sidan ikkje alle meistrar dei fastsette normene godt nok, etter mi meining. For det er lærarane som har fått det ærefulle oppdraget med å føre språknormene vidare og å sørge for at nye generasjonar lærer og internaliserer dei normene som er fastsette av offentlege organ. Det vil difor vere ein klar fordel om lærarane sjølv har solid grep om normene. I denne samanheng har eg sett at mange av informantane er på god veg. Dei er framleis studentar, og dei har nok mykje å lære, og eg trur dei vil få ei spennande framtid i læraryrket.

### **5.4 VEGEN VIDARE**

Etter å ha gjennomført eit empirisk studie av 68 studenttekster, kva tankar sit eg då att med? Kva ville eg gjort annleis? Og kva er mine råd til framtidig forskingsarbeid innan dette fagfeltet?

Min fyrste tanke er at det ville vore spennande å undersøkje eit større tekstkorpus. Eg ville i fyrste omgang ha freista å skaffe tekster frå fulltalige klassar ved Universitetet i Agder. Endå meir spennande ville det vore å sjå på tekster frå alle utdanningsinstitusjonar i Noreg som har eit allmennlærerstudium. Undersøkinga kunne kanskje vore meir fruktbar, om ho let

seg generalisere ut til ei større mengd. Denne tråden må gjerne andre forskingsarbeid plukke opp. Her ville det òg vore spennande å ha ei meir jamn fordeling på jenter og gutar, sånn at ein betre kunne samanlikne talet på avvik mellom kjønna (jf. kap. 4.4).

I neste omgang skulle eg gjerne lagt eit anna perspektiv til i avhandlinga, nemleg ei tekstlingvistisk vinkling. Då kunne eg i større grad enn det eg fekk gjort gjennom casestudiane, sjå om tekster med mange grammatiske avvik automatisk vil ha eit dårlegare språk, når det gjeld innhaldet i tekstene og kor godt dei presenterer dei emna dei er skrivne om. Sjølv om analysen av heilskap og delar er knytt saman i forskinga mi, har eg i størst grad sett på mikrostrukturen, ordnivået, i tekstene. Casestudiane viste korleis to tekster med mange særskrivingsavvik kommuniserte dårleg. Men det er grunn til å tru at ei tekst med mange særskrivingsavvik - og andre rettskrivingsavvik - òg kan fungere godt med omsyn til mottakarmedvit, i ein samanheng av meir global art. Dette tekstlingvistiske perspektivet ville vore eit positivt tillegg i avhandlinga mi, og samstundes gjeve ho eit breiare teorigrunnlag.

Eg kunne òg ha undersøkt fleire feiltypar i dei 68 tekstene. I kap. 3.7.1 har eg argumentert for at det i denne samanheng ikkje var tid eller plass, ut frå krava til omfang, å famne over fleire feiltypar. Eg valde å gå i djupna på to feiltypar og bruke funna frå desse til å svare på problemstillingane. Det er mogleg at ei undersøking av fleire feiltypar samla sett kunne gjeve andre funn, og på den måten svart annleis på hovudproblemstillinga. Eller dei kunne ha forsterka dei kontrastane eg har peikt på mellom dei ulike tekstene.

I kap. 4.2.7 summerte eg opp funna i feiltype 1 og peika på den store skilnaden mellom målformene. Det er merkbart fleire særskrivingsavvik i tekstene på bokmål enn i tekstene på nynorsk. I denne samanheng fann eg ikkje rom for å leite etter ei forklaring av årsakene til dette funnet. Det er mogleg det kan hengje saman med påverknad frå engelsk skriftspråk, som nokon meiner fører til fleire særskrivningar i norsk skriftspråk, òg. Kan hende den nynorske målforma er meir motstandsfør i høve til slik påverknad, sidan purismen er sterkare her enn i bokmålet? Det kan òg hende at studentane finn andre utfordringar når dei skriv på sitt eigentlege sidemål, og difor konsentrerer dei seg meir om å skrive samansette ord rette. Eller kan det tenkjast at språkbyggnaden i nynorsk er enklare, slik at ein i mange tilfelle vel å skrive om mange av samansetjingane til enklare setningar? Då vert faren for å særskrive ikkje like stor. Årsaka kan òg liggje i andre skilnader mellom dei to målformene. Dette er berre nokre tankar eg har gjort meg. Eg vil oppmode andre forskarar til å sjå nærare på kva den verkelege årsaka til denne skilnaden mellom målformene kan vere.

Det ville vore spennande å følgje dei same informantane gjennom heile allmennlærerstudiet. Ei oppfølgjande undersøking av tekster skrivne om eit par år kan seie

noko om korleis dei utviklar seg gjennom studietida. Er kontrastane like store når dei er ferdig utdanna, eller har dei fått eit betre grep om rettskrivingsnormene gjennom meir skrivetrening? Eit nytt casestudium av dei same studentane som casestudia i denne avhandlinga speglar, kunne vise om kommunikasjonen hadde betra seg.

Perspektivet i høve til allmennlærerutdanninga og krava til norskfaget kunne nok vore meir utdjupa i avhandlinga mi, men eit lite drypp vert gjeve i vedlegg 5. Det hadde vore interessant å sjå på undersøkinga opp mot Kunnskapsløftet og læreplanane. Men sidan denne avhandlinga ikkje er ei masteroppgåve i pedagogikk og didaktikk, har dette fokuset vorte tona ned. Kanskje anna forskingsarbeid kunne prøvd å knyte dette saman med eit større pedagogisk perspektiv? Då kan ein undersøkje informantane si eiga opplæring i grunnskule og vidaregåande skule i høve til både målformer. Viktige spørsmål kunne vere: Korleis er undervisninga i morsmål i norsk grunn- og vidaregåande skule i dag? Er nynorskundervisninga for dårleg og mangelfull? Burde nynorskundervisninga byrje i lågare klassetrinn? Og får elevane nok mengdetrening og øving i å skrive på både målformer, sånn at skriftnormene verkeleg kan feste seg?

I veggen vidare vil informantane lære meir, og truleg vert dei lærarar om nokre år. Eg har peikt på at somme av dei nok må arbeide litt meir med rettskrivingsnormene undervegs, sånn at dei kan lære vidare riktige og gode skrivereglar til elevane sine.

Eg vil, i veggen vidare, sjå attende på eit spennande forskingsarbeid. Det har vore tidkrevjande og utfordrande. Nye funn, både i støttelitteratur og i tekstkorpuset, har ført avhandlinga mi vidare. Og om interessa mi for allmennlærerstudiet var stor då eg starta forskingsarbeidet, så er ho ikkje mindre no. Den lærdomen eg har fått gjennom arbeidet med avhandlinga, tek eg med meg vidare. Heilt sikkert vil han vere ein styrke, når eg om få år sjølv skal undervise elevar i rettskrivingsnormer innan både målformer.

## 6. LITTERATUR

- Aanes, A. (2009). Valfridom i nynorsk - eit problem for eleven? I Tvitekkja, S. (red.) *Klamme former og sær skriving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*. Oslo: Språkrådet.
- Akselberg, G. & Myking, J. (red.). (2007). *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus forlag.
- Almenningen, O. (2006). *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Det norske samlaget
- Anderson, R. (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i "nynorskland". I Akselberg, G. (red.) *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus forlag.
- Askedal, J. O. (2007). Hvordan bør fremtidens nynorsk se ut? - Et norsk fellesskapsperspektiv. *Nytt Norsk Tidsskrift* 04/2007, 378–390.
- Askeland, N. (2009). Kunnskapsløft for nynorsk? Nynorsk i lesebøker etter oppheving av godkjenningsordninga. I Tvitekkja, S. (red.) *Klamme former og sær skriving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*. Oslo: Språkrådet.
- Askeland, N. & Falck-Ytter, C. (2009). *Nynorsk på nytt. Ei idébok for studentar og lærarar*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Berulfsen, B. & Gundersen, D. (2004). *Fremmedord og synonymer blå ordbok*. (5. utgåve, 3. opplag). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Brunstad, E. (2009). Kva er god nynorsk språkføring? I Omdal, H. (red.) *Språknormering - i tide og utide?* (s. 91-108). Oslo: Novus Forlag AS.
- Caplex (s.a.). *Obstruksjon*. Lasta ned 18.03.2011, frå <http://www.caplex.no/Web/ArticleView.aspx?id=9325714>
- ESL monster (s.a.) *Genitive Case*. Lasta ned 10.02.2011, frå <http://www.eslmonster.com/article/genitive-case>
- Faarlund, J. T, Lie, S. & Vannebo, K. I. (2006). *Norsk referansegrammatikk*. (4. opplag). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Finbak, L. (2004). *Stavefeil under lupen. Presentasjon av en pedagogisk modell for å beskrive stavefeil*. Trondheim: Vox.
- Fiskerstrand, P. (2008). *Den internaliserte nynorsknormalen. Om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar*. (Masteravhandling). [http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Den\\_internaliserte\\_nynorsknormalen.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Den_internaliserte_nynorsknormalen.pdf)

- Fjeld, R. V. (2011). *Bokmål rettskrivingsordbok MED NYNORSKORD*. Lasta 26.02.2011, frå <https://vpn.uia.no/+CSCO+1h756767633A2F2F626571617267672E6162++/-CSCO-3h--36.html> (www.ordnett.no). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Fretland, J. O. (2009). Paradoks i framtidig nynorsknormering. I Omdal, H. (red.) *Språknormering - i tide og utide?*, 131–144. Oslo: Novus Forlag AS.
- Germeten, S. (red.). (2009). *Kunnskapsløftet - fra læreplankst til læreres praksis*. Universitetet i Tromsø: Eureka forlag.
- Guttu, T. (2011). *Norsk Ordbok med 1000 illustrasjoner*. Lasta 17.02.2011, frå <https://vpn.uia.no/+CSCO+1h756767633A2F2F626571617267672E6162++/-CSCO-3h--36.html> (www.ordnett.no). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Haugen, E. (1966/1968). *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre* (omsett frå engelsk utgåve: *Language Conflict and Language Planning. The Case of Modern Norwegian*, Cambridge (Massachusetts) 1966) Oslo: Universitetsforlaget.
- Hellevik, A. (2005). *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hoas, K. (2008). *Særskrivingsmønstre. En kvantitativ og kvalitativ studie av VGI-elevs sær- og samskriving av sammensatte ord i norsk*. (Masteravhandling). Lasta ned 26.01.2011, frå [http://www.duo.uio.no/publ/ILN/2008/86817/Hoas\\_Master.pdf](http://www.duo.uio.no/publ/ILN/2008/86817/Hoas_Master.pdf)
- Hoas, K. A. (2009). *Hvorfor skal vi bry oss med særskrivning?* I Språknytt nr. 2 - 2009. Lasta 25.01.2011, frå <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraaknytt-22009/Hvorfor-skal-vi-bry-oss-med-sarskriving/>
- Holme, I. M. & Solvang, B. K. (2003). *Metodevalg og metodebruk*. (3. opplag). Oslo: TANO.
- Høien, T. & Lundberg, I. (2000). *Dysleksi. Fra teori til praksis*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Hølleland, H. (red.). (2007). *På vei mot kunnskapsløftet. Begrunnelser, løsninger og utfordringer*. Oslo, Cappelens Forlag AS.
- Korrekturavdelingen (s.a.). *Bindestrek*. Lasta 17.02.2011, frå <http://www.korrekturavdelingen.no/K4Bindestrek.htm>
- Korrekturavdelingen (s.a.). *Særskrivning og sammenskriving - ikke å forveksle med orddeling*. Lasta ned 24.02.2011, frå <http://www.korrekturavdelingen.no/K4sammenskriving.htm>
- Kulbrandstad, L. A. (2005). *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. (3. utgåve). Oslo: Universitetsforlaget.
- Lie, S. (2003). *Innføring i norsk syntaks*. (5. utgave). Oslo: Universitetsforlaget.
- Lundeby, E. (1997). *Bokmålet - et språk med to røtter*. Språknytt 1 - 1997, lasta 17.01.2011,

- frå [http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Html/Spraaknytt\\_1\\_1997/#roetter](http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Html/Spraaknytt_1_1997/#roetter)
- Melby, H. (2005). *"No e æ færdi me EKSAMEN" - en undersøkelse av rettskrivingsavvik blant trønderske tiendeklassinger.* (Hovedoppgave).  
<http://www.duo.uio.no/publ/ILN/2005/26296/Melby%5B1%5D.pdf>
- Nestor, S. (s.a.). *Historia bak. TIL ÅRS OK FRIDAR.* Språknytt 4 - 2010. Lasta 14.02.2011, frå <http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Spraknytt-42010/Historia-bak/>
- Nordal, A. S. (1997) *Frå eg til jeg? : språkhaldningsundersøking : om bakgrunn for skifte av skriftspråk : frå nynorsk til bokmål.* (Masteroppgåve). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Omdal, H. (2004). *Norsklærerne og overføring av språknormer.* Språknytt 3-4 - 2004. Lasta 17.12.2010, frå [http://sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt\\_2004\\_3\\_4/Omdal/](http://sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Omdal/)
- Omdal, H. (2004). *Språknormering – med mål i sikte? Om ymse effekter av norsk språknormering i 100 år.* Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Omdal, H. & Røsstad, R. (red.). (2003). *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis.* Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Omdal, H. & Røsstad, R. (red.). (2009). *Språknormering – i tide og utide?* Oslo: Novus Forlag AS.
- Omdal, H. & Vikør, L. S. (2002). *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk.* (2. utgåve). Oslo: Cappelen.
- Prevost, T. (24.12.2003). *The process of delexicalization and functionalization.* I: Centre for experimental and constructive mathematics. Lasta ned 10.03.2011, frå <http://www.cecm.sfu.ca/~thalie/PhD/node23.html>
- Runnestø, E. (2002). *Nynorsknorma i endring.* Språknytt 2 - 2002. Lasta 15.03.2011, frå [http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_2002/Spraaknytt\\_2002\\_2/Nynorsknorma\\_i\\_endring/](http://sprakradet.no/nb-no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_2/Nynorsknorma_i_endring/)
- Sandøy, H. (1998). Talenorm i NRK. I: Fjeld, R. V. & Wangensteen, B. (red.). *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998.* (158–70). Oslo: Nordisk forening for leksikografi. Lasta 11.10.2010, frå [http://www.nb.no/utlevering/contentview.jsf?&urn=URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008090300069#&struct=DIV164](http://www.nb.no/utlevering/contentview.jsf?&urn=URN:NBN:no-nb_digibok_2008090300069#&struct=DIV164)
- Skjekkeland, M. (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying.* Kristiansand: Høyskoleforlaget.

- Slethei, K. (2006). *Grunnbok i fonetikk for språkstudenter*. (4. opplag). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag as.
- Slettemark, B. (2006). *Nynorsk som sidemål. Lærerholdninger og opplæringspraksis i grunnskolen i Oslo*. (Masteroppgave). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Språkrådet (s.a.). *Bindestrek*. Lasta ned 21.01.2011, frå [http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler\\_og\\_grammatikk/Bindestrek/](http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Bindestrek/)
- Språkrådet (s.a.). *Eitt eller fleire ord?* Lasta ned 01.02.2011, frå <http://www.sprakrad.no/nn-no/Sprakhjelp/Skriveregler-og-grammatikk/Eitt-eller-fleire-ord/>
- Språkrådet (s.a.). *Nynorsk - hjelp til sjølvhjelp*. Lasta ned 04.03.2011, frå [http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Raad/Nynorsk\\_sjoelvhjelp/](http://www.sprakrad.no/Sprakhjelp/Raad/Nynorsk_sjoelvhjelp/)
- Språkrådet (31.12.02). *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*. Lasta 20.10.2010, frå <http://www.sprakrad.no/upload/nyno02rev.pdf>
- Språkrådet (sist oppdatert 24.09.2010) *Om oss*. Lasta ned 27.09.2010, frå <http://sprakradet.no/Toppmeny/Om-oss/>
- Språkrådet (2009). *Orddeling og særskriving*. Lasta ned 01.02.2011, frå <http://www.sprakrad.no/Aktuelt-ord/Orddeling-og-sarskriving/>
- Språkrådet (s.a.). *Ordenstall (rekketall)*. Lasta 25.02.2011, frå [http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler\\_og\\_grammatikk/Tall/#ordenstall](http://sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Skriveregler_og_grammatikk/Tall/#ordenstall)
- Språkrådet (s.s.). *Skråstrek*. Lasta 01.02.2011, frå <http://sprakradet.no/nn-no/Sprakhjelp/Skriveregler-og-grammatikk/Skraastrek/>
- Språkrådet (s.a.). *Substantiv*. Lasta ned 15.03.2011, frå <http://www.sprakrad.no/Tema/Skole/Nynorsk.nett.no/Minigrammatikk/Substantiv/>
- Språkrådet (s.a.). *Tall*. Lasta ned 15.03.2011, frå <http://sprakradet.no/nn-no/Sprakhjelp/Skriveregler-og-grammatikk/Tall/>
- St.meld. nr. 35 (2007-2008). *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Lasta ned 01.10.2010, frå <http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf>
- Staurseth, H. E. (2010) *Dølen blant borgarane - ein diskursiv omgrepsanalyse av eit djervt, norsk og endå litt rått prosjekt*. (Masteravhandling). Lasta ned 21.01.2011, frå [http://brage.bibsys.no/uis/bitstream/URN:NBN:no-bibsys\\_brage\\_12732/1/Staurseth%2c%20Hanne.pdf](http://brage.bibsys.no/uis/bitstream/URN:NBN:no-bibsys_brage_12732/1/Staurseth%2c%20Hanne.pdf)
- Søyland, A. (s.a.). *Typar feil i nynorsk*. Lasta ned 11.03.2011, frå

[www.sprakrad.no/upload/nyno02aso.doc](http://www.sprakrad.no/upload/nyno02aso.doc)

- Tislevoll, J. R. (1998). *Studentnorsk. En språklig undersøkelse av eksamensbesvarelser i norsk og sosiologi*. (Hovedfagsavhandling). UiO: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap.
- Torp, A. (1984) *Liker du Gammel Ost og Krum Kaga?* Språknytt nr. 3 – 1984. Lasta ned 17.02.2011, frå [http://www.sprakrad.no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Eldre/Liker\\_du\\_Gammel\\_Ost\\_og\\_Krum\\_Kaga/](http://www.sprakrad.no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Eldre/Liker_du_Gammel_Ost_og_Krum_Kaga/)
- Torp, A. & Vikør, L. S. (2006). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (3. opplag). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Tvitekkja, S. (red.). (2009). *Klamme former og sær skriving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*. Oslo: Språkrådet.
- Utdanningsdirektoratet (s.a.). *Læreplaner*. Lasta ned 09.12.2010, frå <http://www.udir.no/Tema/Lareplaner/>
- Vikør, L. S. (1998). *Nynorskrettskrivinga på 1900-talet*. I Språknytt 1/1998. Lasta ned 17.11.2010, frå <http://sprakradet.no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/Nynorskrettskrivinga-pa-1900-talet/>
- Vikør, L. S. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus forlag.
- Vinje, F. E. (2002). *Moderne norsk. En veiledning i skriftlig framstilling – morfologiske og syntaktiske vanskeligheter*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Vollan, M. (s.a.) "*Holdnings skapende handlings planer*" - *Særskriving i studenttekster*. Språknytt 4/2007. Lasta ned 22.02.2011, frå <http://sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2007/Spraknytt-42007/Holdnings-skapende-handlings-planer/>
- Vollan, M. (2009). "...i et faglig utenfra og innenfra perspektiv..." I H. Omdal (Red.) *Språknormering - i tide og utide?*, 283–299. Oslo: Novus Forlag AS.
- Walmsnes, R. (s.a.). *Særskriving av sammensatte ord*. Språknytt 3-4/2002. Lasta 18.02.2011, frå [http://sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_2002/Spraaknytt\\_2002\\_3\\_4/Saerskriving\\_av\\_sammensatte\\_o/](http://sprakradet.no/nb-no/Topppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_3_4/Saerskriving_av_sammensatte_o/)
- Wiggen, G. (2007). *Norm og variasjon – utvalgte språkstudier 1974-2005*. I Jahr, E. H. og Trudgill, P. (red.). Oslo: Novus forlag.
- Øvregård, H. B. (08.07.2010). *Meir og betre opplæring i sidemål*. Lasta ned 14.03.2011, frå <http://www.nm.no/tekst.cfm?id=3139>

## 7. VEDLEGGSLISTE

<i>Vedlegg 1</i>	<i>Samtykkeskjema</i>	<i>Side 147</i>
<i>Vedlegg 2</i>	<i>Godkjenning frå NSD</i>	<i>Side 148</i>
<i>Vedlegg 3a</i>	<i>Kategoriar for særskriving hjå den enkelte informant</i>	<i>Side 149</i>
<i>Vedlegg 3b</i>	<i>Kategoriar for særskriving hjå den enkelte informant</i>	<i>Side 150</i>
<i>Vedlegg 4a</i>	<i>Kategoriar for substantivsavvik hjå den enkelte informant</i>	<i>Side 151</i>
<i>Vedlegg 4b</i>	<i>Kategoriar for substantivsavvik hjå den enkelte informant</i>	<i>Side 152</i>
<i>Vedlegg 5</i>	<i>Arbeidskrav for allmennlærerstudiet</i>	<i>Side 153</i>
<i>Vedlegg 6</i>	<i>Samansetjingsavvik hjå den enkelte informant</i>	<i>Side 154</i>



## VEDLEGG 2 - Godkjenning frå NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax: +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org.nr. 985 321 884

Elin Gunleifsen  
Institutt for nordisk og mediefag  
Høgskolen i Agder  
Serviceboks 422  
4604 KRISTIANSTAD S

Vår dato: 09.11.2010

Vår ref: 25433 / 3 / KS

Deres dato:

Deres ref:

### KVITTERING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 02.11.2010. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 09.11.2010. Meldingen gjelder prosjektet:

25433	<i>Sær skrivning er ny norsk. Grammatisk analyse av studenttekster på begge målformer</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet i Agder, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Elin Gunleifsen</i>
Student	<i>Irene Lohne Westad</i>


Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.


Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk\\_stud/skjema.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html). Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 15.04.2011, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen /  
  
Bjørn Henriksen

  
Katrine Utaaker Segadal

Kontaktperson: Katrine Utaaker Segadal tlf: 55 58 35 42  
Vedlegg: Prosjektvurdering  
Kopi: Irene Lohne Westad, Åsbråttstien 15, 1251 OSLO

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. [nsd@uio.no](mailto:nsd@uio.no)

TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. [kyrre.svarva@svt.ntnu.no](mailto:kyrre.svarva@svt.ntnu.no)

TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. [nsdmaa@sv.uit.no](mailto:nsdmaa@sv.uit.no)

VEDLEGG 3 (a) - Kategoriar for særskriving hjå den enkelte informant

	XA	XB	XC	XD	XE	XF	XG	YA	YB	XH	XJ	XK	XL	XM	XN	XO
	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2
Subst+ subst	1		2	1	1	1	1	4				1			1	
Subst+ binde-s							1									
Samansett forledd			1		1							1				
Bindestrek	7		1 1	1 1	1 1	1 1	4 1 2			1	3 1			1		2
Definerer alder		2	1			1				2		3				
Adj+ subst			1	2					1		1	1 1	2			
Adv+ subst																
Andre forledd			1													
Subst+ adjektiv		3												1		
Adv+ adjektiv			1											1		
Verb																
Preposisjonar					1			1					2			
Adverb	1						1									
Pronomen								1								
Konjunksjon						1										
Morfemgrenser											1					

VEDLEGG 3 (b) - Kategoriar for særskriving hjå den enkelte informant

	XP	XQ	XR	XS	XT	XU	XV	XW	XX	XY	YC	YD	YF	YG	YH
	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2	1 2
Subst + subst					6 1			1							4 1
Subst + binde-s					1 1									1	1 1
Samansett forledd											1				1
Bindestrek	2	1		1 1		2	1		2			2	1		1
Definereralder										3 1	6			1	6
Adj + subst	1		1		2 2		1								1 2
Adv + subst															4
Andre forledd											1				1
Subst + adjektiv															
Adv + adjektiv															
Verb					1										
Preposisjonar					1 1 2						1	5		1	
Adverb										1		1			
Pronomen															
Konjunksjon															
Morfemgrenser															

VEDLEGG 4 (a) - Kategoriar for substantivsavvik hjå den enkelte informant

	1. UBESTEMT EINTAL						2. BESTEMT EINTAL					
	1.1	1.2	1.3	1.4	1.5	1.6	1.1	1.2	1.3	1.4	1.5	1.6
XA2	1		2				2		4			
XB2	1								2			
XC2							1		1			
XD2	2		3		1							
XE2						1	1					
XF2			5									
XG2	1		4				1					
YA2			7									
YB2									2			
XH2					2							
XI2			3									
XJ2	1		2				5			1		
XK2			3									
XL2			4						1			
XM2			1				3					
XN2			2				2		1			
XO2	1		2									
XP2	1		1									
XQ2			9									
XR2			4									
XS2												
XT2			2				3					
XU2		1	4									
XV2	3		2									
XW2	1		1									
XX2			1				1					
XY2			3						3			
XZ2			1						1			
YC2			4				1		1			
YD2	1		4				2					
YE2	1		3				2					
YF2			4						3			
YG2			5						12			
YH2		1	10		1							

VEDLEGG 4 (b) - Kategoriar for substantivsavvik hjå den enkelte informant

	3. UBESTEMT FLEIRTAL							4. BESTEMT FLEIRTAL						
	3.1	3.2	3.3	3.4	3.5	3.6	3.7	4.1	4.2	4.3	4.4	4.5	4.6	4.7
XA2	2	2			1	1	1					3		
XB2							1					1		
XC2														
XD2					1									
XE2	1	1												
XF2	3						1	1						
XG2					1	1						2		
YA2					2							1		
YB2												2		
XH2	1													
XI2			2		2					1				
XJ2	2				1	1						3		
XK2	8				2									
XL2	3					1	4							
XM2						1								
XN2	3								1					
XO2	1	3							4					
XP2					1					1				
XQ2					1						1			
XR2	1		1			3								
XS2	3		1		3	1								
XT2			1			3			1			3		
XU2	1											3		
XV2					2	1						3		
XW2	1					1								
XX2	2					1								
XY2	1		1		1	1				1		1		
XZ2						1								
YC2					3							2		
YD2														
YE2					1	1					1	3		
YF2	1		1				1	2						
YG2	7		1			1		1				1	3	
YH2	4					1								

# VEDLEGG 5 - Arbeidskrav for allmennlærerstudiet

## Norsk i allmennlærerutdanninga

### Munnleg framlegg i morfologi, veke XX, fredag XX. januar kl. XX.XX

1. Gi ei utgreiing om korleis ord er bygd opp i norsk, der de tek i bruk fagtermene frå morfologiundervisninga og illustrerer framstillinga med døme.
2. Vedlagt ligg eit utdrag frå ei norskbok for 6. klasse<sup>1</sup>. Lag ein presentasjon for dei andre studentane i klassen der de viser korleis det fagstoffet vi har arbeidd med i morfologien, her blir tatt i bruk i eit læreverk. Prøv òg å kommentere og vurdere lærebokstoffet. I kva grad er dette vellukka som arbeidsstoff på det aktuelle trinnet? Korleis ville de sjølv ha jobba med dette stoffet i ein klasse på mellomsteget?

158 Å SKRIVE ORDENE RIKTIG

**Vi lager nye ord**

Mange av ordene i ordsamlingen på side 149 er laget ved at endelsen -ig eller -lig er føyd til et annet ord, for eksempel venn - vennlig. Hvilke ord er ordene nedenfor laget av? Skriv dem.

blodig	kraftig	dødelig
listig	eventyrlig	skrekkelig
fredelig	skyldig	giftig
smertelig	hjertelig	vanskelig
hyggelig	eyeblikkelig	

Her er en samling verb:

å bo	å gysse	å kose
å tro	å frykte	å hygge
å trives	å undres	

Hvilke ord får du når du setter til endelsen -ig eller -lig? Hvilken ordklasse tilhører de nye ordene?

157 Å SKRIVE ORDENE RIKTIG

**Tone Birkeland og Kjersti Werner: "SORIA MORIA Fortell i Birkel!" (Spåk- og sjangerlære 6. klasse - bokmål) 1998**

Hva skjer med meningen i ordet når vi setter u foran? Diskuter.

Den vanligste måten å lage sammensatte ord på er å sette sammen to selvstendige ord til et nytt ord:

**Bok + HYLLE = BOKHYLLE**

Av og til må vi binde sammen de to ordene med e eller s:

**SYKEHUS**  
**SKOGSVEI**

Lag flest mulig nye, sammensatte ord. Ordene nedenfor skal være med i de nye ordene.

bolig	tegne
døgn	regn

ORDFORKLARING

stavelse	en del av et ord
forstavelse	en stavelse består oftest av en vokal med én eller flere konsonanter foran eller bak.
forstavelse	en stavelse som føyes til foran et ord

158 Å SKRIVE ORDENE RIKTIG

**35 a.** Noe å gjøre sammen: Dersom vi skriver et sammensatt ord som to ord, kan det oppstå misforståelser. Se på ordparene nedenfor og diskutér hvordan meningen forandrer seg dersom et sammensatt ord blir skrevet som to ord.

sykehús	syke hus
småpenger	små penger
langfinger	lang finger
finbukse	fin bukse
bestemor	beste mor
spisebord	spise bord
blåbær	blå bær

Lag setninger der du bruker ordene.

**36** Noe å gjøre sammen: Hvis vi er usikre på om to ord skal skrives for seg eller som et sammensatt ord, kan denne regelen være til stor hjelp:

Når det første ordet har sterkere trykk enn det andre, skal ordene skrives sammen i et sammensatt ord.

**1** Ta for dere ordlista i oppgave 35 en gang til. Les ordene tydelig sammen. Overdriv forskjellen mellom de sammensatte ordene, der et av ordene har sterkere trykk enn det andre, og de to enkeltordene, der begge har trykk.

157 Å SKRIVE ORDENE RIKTIG

**b** Les setningene nedenfor. Hva er rett skrivemåte? Skriv setningene slik du mener at de skal være.

I kveld er det full måne / fullmåne.  
Vi skal studere stjernerhimmelen / stjernerhimmelen.  
Kari har lint en sjerne kikert / sjernekikert.  
Den er lyssterk / lys sterk.  
Vi ser mange store stjerner / storesjerner.  
Karlsgata / Karls gata er lett å finne.  
Finner du Melkenveien / Melke veien?  
Etterpå spiser vi natt mat / nattnat.  
Vi har ferske boller / ferskeboller og saft.  
Jeg liker skole boller / skoleboller bedre.  
Det er en fin høstkveld / høst kveld.  
Det er en stillekveld / stille kveld.



Fine bukser eller finbukser?

<sup>1</sup> Kjelde: Birkeland, Tone & Kjersti Werner. 1998. *Soria Moria Fortell! Fortell. Spåk og sjangerlære 6. klasse, bokmål*. Elektronisk ressurs.

VEDLEGG 6 - Samansetjingsavvik hjå den enkelte informant

	XA	XB	XC	XE	XF	XG	YA	YB	XI	XJ	XK	XL	XM	XR	XT	XX	YG	YH
	1	2	1	2	1	2	1	2	1	2	1	2	1	2	1	2	1	2
Prep. frasar	4	1	1		2		2	1		1		1	1			1	1	4
Norm. forleidd															1			
Tal som fyrste leidd	1									1			1					
Adj. fyrste leidd					3	1		1									1	
Med bindestrek	1			1														
Interjeksjon														1				